



TO SIDER AV SAME SAK

EIN KVANTITATIV CASESTUDIE AV HALDNINGAR TIL
KOMMUNESAMANSLÅINGAR OG POLITISK LEGITIMITET

av Marius Myklebust

SAMPOL 350

Masteroppgåve ved Institutt for Samanliknande Politikk
Universitetet i Bergen
Vårsemesteret 2013

Samandrag

Oppgåva studerer årsaker til haldningar til kommunesamanslåing og korleis desse heng saman med legitimitetsgrunnlaget for kommunesamanslåingar. To kommunar, Hareid og Ulstein, utgjer casen for analysen. Analyseiningane er individa som bur i kommunane, og datagrunnlaget er ei kvantitativ utvalsundersøking av eit utval av innbyggjarane i casen.

Det teoretiske grunnlaget for oppgåva tek utgangspunkt i og byggjer vidare på den tidlegare forskinga på haldningar til kommunesamanslåing. Eg identifiserer to grunnleggande forskjellige syn på kva kommunen er, det kommunitære og det liberale. Desse to syna dannar utgangspunktet for to forskjellige typar politisk legitimitet: Input-basert og output-basert. Desse omgrepa representerer vidare eit skilje i korleis kommunesamanslåingar bor forståast og legitimerast. Denne studien søker ei meir balansert tilnærming til desse to typane legitimitet enn det tidlegare forskning på området har hatt.

I den analysen blir det lagt vekt på kor vidt respondentane tek mest omsyn til input-baserte argument eller output-baserte argument når dei tek stilling til spørsmålet til samanslåing, og om det er skilnader mellom motstandarar og tilhengjarar av samanslåing når det gjeld kva dei legg vekt på. To input-variablar (omsynet til lokaldemokratiet og omsynet til den lokale identiteten) og to output-variablar (omsynet til det kommunale tenestetilbodet og omsynet til den kommunale økonomien) blir testa i analysen. I tillegg til input- og output-dimensjonane, blir fleire andre moglege forklaringar på haldningar til kommunesamanslåingar testa.

Resultata av analysen viser for det første at input og output er fruktbare dimensjonar i forståinga av haldningar til samanslåing og legitimeringsgrunnlaget for kommunesamanslåingar. Motstandarar meiner omsynet til input er viktigare, medan tilhengjarar meiner omsynet til output-variabelen ”det kommunale tenestetilbodet” er viktigare. Dette gir utgangspunkt for ein diskusjon av legitimeringsgrunnlaget for samanslåing i den analyserte casen. Eg argumenter for at det er eit godt output-basert legitimeringsgrunnlag for ei samanslåing i denne casen når det gjeld det kommunale tenestetilbodet, men at legitimeringsgrunnlaget er svakare når vi ser på den kommunale økonomien. Det input-baserte legitimeringsgrunnlaget er sentralt i forståinga av motstandarane sitt standpunkt til kommunesamanslåing. I denne casen argumenterer eg for at det input-baserte legitimeringsgrunnlaget for ei samanslåing er relativt svakt.

Føreord

Eit av dei vanlegaste spørsmåla ein masterstudent blir konfrontert med, er ”kva skriv du om då?” Eg må innrømme at eg ei stund vegra meg for å svare at eg studerer haldningar til kommunesamanslåing, og at eg nytta min eigen heimkommune og nabokommunen som case. Eg har verken intervjuet statsrådar eller vore på feltarbeid på den andre sida av kloden.

Etter kvart som eg sette meg inn i temaet, oppdaga eg likevel at studiet av haldningar til kommunesamanslåingar omfattar mange moment som går til kjernen av statsvitskapleg forskning. Kommunesamanslåingar omfattar for det første direkte demokrati gjennom folkerøystingar. Dette gjer studiet av folk sine haldningar særleg interessant. For det andre er det sentralt for denne studien å forståing av at det er viktig å forstå variasjonen i haldningar til kommunesamanslåingar før ein kan forstå legitimitetsgrunnlaget for samanslåingar. Studiet av politisk legitimitet er gjort med bakgrunn i eit breitt teoretisk rammeverk, som kan sporast via forskinga på politisk legitimitet i den Europeiske Union, 1960- og 1970-talets systemteori, opplysningstida og dei amerikanske grunnlovsfedrane og heilt tilbake til antikkens tenkjarar.

Eg håpar difor denne studien kan bidra til å vise at studiet av haldningar til kommunesamanslåing verken er tørt eller keisamt, men både teoretisk og empirisk svært interessant og relevant.

Først og fremst vil eg rette ein stor takk til rettleiaren min, professor Kristin Strømsnes. Ho har haldt meg på rett kurs gjennom arbeidet med oppgåva, og gitt verdifull innsikt innanfor teoretiske, empiriske og metodologiske aspekt ved oppgåva.

Å gjennomføre ei kvantitativ datainnsamling som del av ei masteroppgåve er utfordrande på svært mange måtar, ikkje minst økonomisk. Eg var så heldig å kunne samarbeide med lokalavisa Vikebladet Vestposten om datainnsamlinga, og eg vil rette ein stor takk til alle i avisa og særleg Asle Geir Widnes Johansen for all støtte og velvilje til å få dette prosjektet gjennomført. Eg vil takke Roar Teige og Geir Hobberstad ved Norstat for all rådgeving og velvilje i samband med utforming av spørjeskjemaet, gjennomføring av datainnsamlinga og analyse av datamaterialet.

Til slutt vil eg takke mamma og pappa, to brør, to svigerinner, fire (snart fem) nevøar og alle venner innanfor og utanfor Institutt for Samanliknande Politikk for å få meg til å tenke på litt andre ting enn at eg snart må skrive om teori-kapittelet.

Bergen, 1. juni 2013

Marius Myklebust

Innhold

INNHALD	1
OVERSIKT OVER FIGURAR OG TABELLAR	3
FIGURAR.....	3
TABELLAR.....	3
1. INNLEIING.....	4
1.1. VITSKAPLEG OG SUBSTANSIELT BIDRAG.....	5
1.2. STRUKTUR OG OPPBYGGING.....	8
2. BAKGRUNN.....	10
2.1. HAREID OG ULSTEIN – EI KORT OVERSIKT	10
2.2. DEN NASJONALE OG LOKALE UTVIKLINGA I KOMMUNESTRUKTUREN	12
2.2.1. 1930 – 1980: Velferdskommunen, Schei-komiteen og samanslåingsfeber	13
2.2.2. 1990 til i dag: Christiansen-utvalet og frivillig samanslåing.....	15
2.3. SAMARBEID OG SAMANSLÅINGSPROSESS I HAREID OG ULSTEIN	17
2.3.1. Status for samanslåingsprosessen	18
3. TEORETISK RAMMEVERK OG EKSISTERANDE EMPIRI	20
3.1. STATUS FOR FORSKINGA PÅ HALDNINGAR TIL KOMMUNESAMANSLÅING	20
3.2. EIT RAMMEVERK FOR ANALYSE AV HALDNINGAR TIL KOMMUNESAMANSLÅING.....	23
3.2.1. Oppsummering	30
3.3. ANDRE FORKLARINGAR	32
3.3.1. Kontrollforklaringar	32
3.3.2. Demografiske effektar	33
3.3.3. Politiske forklaringar.....	35
3.4. OPPSUMMERING.....	36
4. DATA, METODE OG OPERASJONALISERINGAR.....	37
4.1. OM BRUK AV CASE-STUDIUM, SPESIFISERING AV CASE OG GENERALISERING	37
4.2. DATAGRUNNLAG	41
4.2.1. Vurderingar om reliabilitet.....	43
4.2.1.1. Svarprosent	43
4.2.1.2. Kontroll for demografisk representativitet.....	45
4.2.1.3. Oppsummering, svarprosent og representativitet.....	48
4.3. BRUK AV LOGISTISK REGRESJONSANALYSE	49
4.3.1. Den logistiske regresjonslikninga.....	52

4.3.2.	<i>Vekting</i>	54
4.3.3.	<i>Signifikanstesting og modellvurdering</i>	55
4.4.	OPERASJONALISERING OG KODING AV VARIABLAR.....	56
4.4.1.	<i>Avhengig variabel</i>	57
4.4.2.	<i>Uavhengige variabler</i>	59
4.4.2.1.	Måling av input og output	59
4.4.2.2.	Andre uavhengige variabler.....	61
5.	RESULTAT OG ANALYSE	64
5.1.	FØREBUINGAR TIL ANALYSE – DESKRIPTIV STATISTIKK	64
5.1.1	<i>Avhengig variabel – samanlikning med nasjonale data og andre case</i>	66
5.2.	RESULTAT AV LOGISTISK REGRESJONSANALYSE	69
5.2.1.	<i>Gjennomgang av enkelteffektar</i>	69
5.2.2.	<i>Sannsynsutrekningar</i>	72
5.2.3.	<i>Samla vurdering av modellar</i>	73
5.3.	DISKUSJON	74
5.3.1.	<i>Haldningar til kommunesamanslåingar og politisk legitimitet</i>	75
5.3.1.1.	Demokrati, identitet og legitimitet.....	77
5.3.1.2.	Tenestetilbod, økonomi og legitimitet.....	80
6.	OPPSUMMERING, KONKLUSJONAR OG IMPLIKASJONAR	84
6.1.	GJENNOMGANG AV HOVUDFUNN	84
6.2.	TEORETISKE OG EMPIRISKE IMPLIKASJONAR OG VIDARE FORSKING	86
8.	LITTERATUR	88
9.	APPENDIKS	97
9.1.	SPØRJESKJEMA FOR TELEFONISK SURVEYUNDERSØKING I HAREID OG ULSTEIN	97
9.2.	STATISTISK DIAGNOSE	102
9.2.1.	<i>Multikolinearitet</i>	102
9.2.2.	<i>Diskriminering</i>	103
9.2.3.	<i>Linearitet i parametera</i>	103
9.2.4.	<i>Innverknadsrike/Avvikande einingar</i>	105
9.3.	OM RAPPORTERING AV SVARPROSENT	108

Oversikt over figurar og tabellar

Figurar

Figur 1: Kart og kommunevåpen for Hareid og Ulstein.....	11
Figur 2: Forenkla utgåve av Easton sin modell for det politiske system.....	24
Figur 3: Samanlikning av fordeling av inntektsnivå i utvalet versus populasjonen.....	46
Figur 4: Samanlikning av kjønnsfordeling i utvalet versus populasjonen.....	47
Figur 5: Samanlikning av fordeling av utdanningsnivå i utvalet versus populasjonen.....	47
Figur 6: Samanlikning av aldersfordeling i utvalet versus populasjonen.....	48
Figur 7: Grafisk framstilling av haldning til kommunesamanslåing som grov inndeling av underliggende, kontinuerleg variabel. Lik avstand mellom kategoriar.....	50
Figur 8: Grafisk framstilling av haldning til kommunesamanslåing som grov inndeling av underliggende, kontinuerleg variabel. Ulik avstand mellom kategoriar.....	50
Figur 9: Linearitetstest, alder.....	104
Figur 10: Linearitetstest, omsynet til lokaldemokratiet.....	104
Figur 11: Linearitetstest, omsynet til lokal identitet.....	104
Figur 12: Linearitetstest, omsynet til det kommunale tenestetilbodet.....	105
Figur 13: Linearitetstest, omsynet til den kommunale økonomien.....	105
Figur 14: Leverage-test.....	107
Figur 15: DF Betas-test.....	107
Figur 16: Cook's D-test.....	108

Tabellar

Tabell 1: Oversyn over operasjonalisering og koding av uavhengige variablar.....	63
Tabell 2: Deskriptiv statistikk, uavhengige variablar.....	65
Tabell 3: Samanlikning av haldningar til kommunesamanslåing mellom Hareid og Ulstein og nasjonale data.....	67
Tabell 4: Folkerøystingar om kommunesamanslåing i Norge, 1999-2012.....	68
Tabell 5: Resultat frå logistisk regresjonsanalyse.....	70
Tabell 6: Eliten sine vurderingar om forstudien av økonomiske konsekvensar ved samanslåing av Hareid og Ulstein.....	82
Tabell 7: Kolinearitetsstest, Oversyn over VIF-verdiar for uavhengige variablar.....	102
Tabell 8: Oversyn over utrekningar av svarprosent.....	110

1. Innleiing

Den norske kommunen eksisterer i eit vakuum mellom det nasjonale og det lokale, mellom lokalsamfunn og storsamfunn og mellom demokrati, identitet, økonomi og tenester. Kommunen er ifølgje nynorskordboka ei ”eiga politisk og administrativ eining” med ”eit visst sjølvstyre”, men den ”høyrer inn under staten” (Universitetet i Oslo, 2013). Desse spenningane har gitt grobottn for ein langvarig debatt om kva oppgåver kommunane skal ha, kor mange kommunar landet bør ha og kor store kommunane bør vere. I kjernen av denne debatten ligg ein diskusjon om kommunesamanslåingar og den politiske legitimiteten til desse.

Denne studien har som mål å auke forståinga av haldningar til endringar i den norske kommunestrukturen, og årsakene til desse. Utgangspunktet for analysen er at det er årsakene til haldningar til kommunesamanslåingar har sterk innverknad på legitimitetsgrunnlag for samanslåingar. Det blir tatt utgangspunkt i to tilsynelatande motstridande syn på den norske kommunen, som kan knytast til motsetninga i ordboksdefinisjonen av ordet ’kommune’. *Det kommunitære synet* vektlegg kommunalt sjølvstyre og kommunen som ein integrert del av lokalsamfunnet, medan *det liberale synet* vektlegg kommunen si rolle som ein institusjon som på best mogleg måte skal løyse oppgåver på eigen hand og hand i hand med staten. Desse to omgrepa dannar grunnlaget for to forskjellige forståingar av legitimeringsgrunnlaget for kommunen som institusjon og legitimeringsgrunnlaget for endringar i kommunestrukturen.

Analysen av haldningar til kommunesamanslåingar undersøker om det er kriteriet om best mogleg *borgareffektivitet* (styre etter demokratiske ideal og i tråd med folket sine ønskje) eller kriteriet om *systemkapasitet* (eit styre som sørgjer for mest mogleg effektiv og rasjonell tenesteproduksjon og økonomistyring) som blir vektlagt av innbyggjarane i casen.¹ Oppgåva vil sjå nærare på korleis dei nemnde omgrepa kan nyttast til å forklare variasjonar i haldningar til kommunesamanslåing. Tidlegare forskning har gjerne vektlagt borgareffektivitet meir enn systemkapasitet, eller vice versa. Denne studien vil sjå dei to

¹ Omgrepa borgareffektivitet og systemkapasitet vart først introdusert av Dahl og Tufte (1973). Omgreppa kommunitarisme/liberalisme og input/output er tett knytt opp til desse. Omgrepa blir diskutert i detalj i teorikapittelet.

dimensjonane i eit mest mogleg likeverdig lys. I tillegg til desse dimensjonane, blir andre politiske og demografiske faktorar som kan forklare variasjon i haldningar til kommunesamanslåing inkluderte i analysen. Analysen av variasjonen i haldningar til kommunesamanslåing vil danne grunnlaget for ein diskusjon om det politiske legitimeringsgrunnlaget for kommunesamanslåingar. Problemstillinga er som følgjer:

Korleis skiljer motstandarar og tilhengjarar av kommunesamanslåingar seg frå kvarandre, og korleis verkar desse eventuelle skilja inn på legitimitetsgrunnlaget for kommunesamanslåingar?

Denne problemstillinga dannar i første omgang utgangspunktet for ein analyse av nettopp årsaker til haldningar til kommunesamanslåingar. I neste omgang blir analysen av haldningar til kommunesamanslåing diskutert opp mot politisk legitimitet og legitimeringsgrunnlaget for kommunesamanslåingar.

Studien har som mål å gi verdifulle bidrag til både den vitenskaplege litteraturen om haldningar til kommunesamanslåing og til den svært aktuelle debatten om framtida til den norske kommunestrukturen, på lokalt og nasjonalt nivå. Ein vitenskapleg studie bør bidra til å svare på spørsmål som er viktige i den vitenskaplege litteraturen og spørsmål som er viktige i den verkelege verda (jf. Skocpol, 2003; King, Keohane og Verba, 1994). Under blir det argumentert for at denne studien tilfredsstiller dette kravet.

1.1. Vitenskapleg og substansielt bidrag

Debatten om den norske kommunestrukturen har vore prega av sterke motsetningar heilt sidan den regjeringsoppnemnde Schei-komiteen leverte det første forslaget sitt til reform i dei første etterkrigsåra. Den gongen svarte Høgre at dei "(...) vil styrkja det kommunale sjølvstyret og setja seg imot den sosialistiske stemna som vil føra meir og meir makt og mynde over frå lokale til sentrale instansar" (Kommunal- og Regionaldepartementet, 2005, s. 207). På 1990-talet vart den nasjonale politikken endra ved at Stortinget gjekk bort frå å slå saman kommunar ved tvang, som hadde vore praksis i heile etterkrigstida. Sidan den gongen har debatten vore dominert av spørsmålet om ein bør gå tilbake til tvangssamanslåing av kommunar eller ikkje. Trass i at konstellasjonane for og mot samanslåing har endra seg, blir retorikken halden ved like. Leiar Sandra Borch i

Senterungdommen har kalla tvangssamanslåing eit ”slag mot lokaldemokratiet” , medan kommunalminister Liv Signe Navarsete har lova at Senterpartiet vil trekke seg ut av regjeringa Stoltenberg II om tvangssamanslåing av kommunar blir atterinnført (Nationen, 2010).

Debatten om kommunestrukturen er annleis enn dei fleste andre politiske saker i dagens Norge. Den dreier seg om territorium, motsetningar mellom lokalt sjølvstyre og sentralisering på nasjonalt eller overnasjonalt nivå og motsetningar mellom idealet mellom eit mest mogleg folkestyrt system og eit system som er til det beste for innbyggjarane. I den teoretiske diskusjonen blir denne motsetnaden diskutert gjennom omgrepspara kommunitarisme/liberalisme, borgareffektivitet/systemkapasitet og input/output. I tillegg er debatten annleis fordi det i større grad enn dei fleste andre politiske endringar krev aktiv involvering på innbyggjarnivå. Dagens praksis er at ingen kommunesamanslåingar blir gjennomført utan fleirtal i ei rådgjevande folkerøysting. Ein av få politiske debattar i Norge som har parallellar til debatten om kommunestrukturen, er den om norsk medlemskap i den Europeiske Union.

I eit demokrati er ei kvar politisk avgjerd avhengig av legitimitet i befolkninga. Dette er særleg tilfelle når det gjeld kommunestrukturen. Kravet om folkerøystingar gjer at innbyggjarane har meir direkte innverknad på utfallet av prosessen enn i dei fleste andre saker. Dette gjer at det er svært viktig å forstå korleis haldningar til kommunesamanslåing varierer, og korleis forståinga av haldningar til kommunesamanslåingar verkar inn på legitimeringsgrunnlaget for samanslåingar. Om denne studien bidrar til å auke forståinga av dette, bidrar den også til å auke forståinga av kva faktorar som gjer kommunesamanslåingar legitime.

Mykje av forskinga på kommunesamanslåing har vore basert i nasjonale data. Slik forskning har heilt klart gitt positive bidrag til forståinga av haldningar til kommunesamanslåing, men den har òg klare svakheiter. Det er enorme ulikskapar mellom norske kommunar. Innbyggjartalet varierer frå 209 personar til 615.000, medan arealet varierer frå 6 kvadratkilometer til 9700. Den kanskje viktigaste ulikskapen for oss er at sjølv om samanslåing er eit aktuelt tema for mange av landets kommunar, er det slett ikkje slik for alle. Det er til dømes svært få som snakkar om å slå saman Oslo med ein av nabokommunane. I nasjonale studiar er det mogleg å ta høgde for ein del av skilnadene

mellom kommunane gjennom bruk av kontrollvariablar, men dette er ikkje ei fullgod løysing. Ein fleirnivåstudie som kombinerer eit nasjonalt datagrunnlag med å ta omsyn til lokal kontekst ville vore godt eigna. Ein slik studie på befolkningsnivå er det ikkje datagrunnlag for per i dag, og innsamling av slike data er svært ressurskrevjande.

Vidare er det viktig å peike på at kommunesamanslåingane som blir gjennomførte eller forsøkt gjennomførte i dag, alle har utgangspunkt i lokale initiativ. Det er også eit *de facto* krav om fleirtal i ei rådgjevande folkerøysting før ei samanslåing kan gjennomførast. Høgre og Arbeidarpartiet har begge signalisert at dei ønskje å endre denne politikken og gå tilbake til eit meir sentralstyrt system. Om dette skulle skje, vil legitimitet i lokalsamfunna likevel vere sentralt for ein vellykka prosess. Det er difor svært viktig å forstå haldningar til kommunesamanslåing på lokalt nivå.

Dette gjorde at eg vurderte ein case-studie på lokalt nivå til å ville gi det klaraste bidraget til forskinga på området innanfor dei rammene som er sett for ei masteroppgåve. Kommunane Hareid og Ulstein vart valde som case for analysen. Desse kommunane er komne lenger i samanslåingsprosessen enn mange av dei andre samanslåingskandidatane i Norge, og casen har som eg vil vise fleire interessante eigenskapar. På den praktiske sida opna Hareid og Ulstein for andre moglegheiter for datainnsamling enn andre case, og var difor eit naturleg val.

Det vart samla inn data spesielt for denne analysen gjennom ei surveyundersøking med feltperiode i juni og juli 2012. Innsamling av eigne data har fleire fordelar. For det første gav det høve til å stille spørsmål og få informasjon som var spesielt tilpassa problemstillinga. For det andre har det, etter det eg kjenner til, ikkje blitt samla inn kvantitative surveydata om kommunesamanslåing på lokalt nivå tidlegare. For det tredje er det sannsynleg at Hareid og Ulstein skal gjennom fleire viktige stadium i samanslåingsprosessen i løpet av dei komande åra. Desse inkluderer ein omfattande forstudie av samanslåingsprosessen og ei folkerøysting om samanslåing (Myklebust, 2012). I desse stadia vil ei forståing av innbyggjarane sine haldningar og årsakene til desse truleg vere av nytte for politikarar, rådmenn og andre aktørar.

Eg har allereie nemnt at den teoretiske diskusjonen vil sjå nærare på motsetnaden mellom to motstridande syn på kommunen, kommunesamanslåingar og politisk legitimitet. Ein

gjennomgang av forskinga på haldningar til kommunesamanslåing som har blitt gjennomført tidlegare, gir eit tydeleg inntrykk av at fleire av dei tidlegare analysane har hatt ei ubalansert tilnærming til desse dimensjonane. Ein dimensjon blir gjerne grundig analysert, medan den andre dimensjonen får mindre merksemd. Dette gjorde at eg identifiserte eit behov for å behandle begge sider av systemet på ein likeverdig måte, og å tydeleggjere sambandet mellom dei to dimensjonane. Denne studien søker å gjere nettopp dette, og eg håper difor at den gir eit nemneverdig bidrag til den teoretiske diskusjonen om haldningar til og legitimering av kommunesamanslåingar.

1.2. Struktur og oppbygging

Etter denne innleiinga følger eit relativt kort bakgrunnskapittel. Dette er ein caseanalyse, og det vil vere av nytte for lesaren å få ei innføring i nokre sentrale aspekt ved kommunane som blir studert, og samanslåingsprosessen i desse. I tillegg blir utviklinga i den norske kommunestrukturen fram til i dag diskutert kort.

Teorikapittelet startar med ein gjennomgang av status for forskinga på haldningar til kommunesamanslåing per i dag. Deretter går diskusjonen over til hovudtemaet for teorikapittelet. Ei kommunesamanslåing er eit skifte som omfattar territoriale, politiske, økonomiske og kanskje også sosiale dimensjonar. Eit slikt skifte er avhengig av politisk legitimitet, og målet for teorikapittelet er å teikne eit klart rammeverk for sambandet mellom haldningar til kommunesamanslåingar og politisk legitimitet. Her vil eg dra særleg nytte av den eksisterande litteraturen om politisk legitimitet i andre politiske system, særleg den Europeiske Union. Det blir identifisert to hovudkjelder til legitimitet, input og output, og skissert klare forventningar om korleis desse påverkar haldningar til kommunesamanslåingar.

Teorikapittelet diskuterer også andre moglege forklaringar av haldningar til kommunesamanslåingar. Desse blir delt inn i bakgrunnsforklaringar, demografiske forklaringar og politiske forklaringar. Dei moglege årsakene blir diskutert både innanfor ein større kontekst og kvar for seg, og det blir formulert forventningar basert på den teoretiske litteraturen og tidlegare empiriske undersøkingar. Kapittelet blir avslutta med ei oppsummering av dei viktigaste teoretiske forventningane.

Deretter blir datagrunnlaget og det metodologiske og metodiske rammeverket for studien diskutert. Grunngevingar for bruk av caseanalyse og valet av case er diskutert i den første delen av metodekapittelet. Sidan det er gjennomført ei datainnsamling som del av dette prosjektet, er diskusjon av datagrunnlaget særleg viktig. Kvaliteten til dei empiriske data blir difor utfyllande diskutert i metodekapittelet. Svarprosenten i datagrunnlaget blir diskutert i detalj og knytt opp mot kor representativt datamaterialet er. Binær, logistisk regresjon vart vurdert som den beste metoden for gjennomføring av regresjonsanalysen. Dette valet blir diskutert og grunngitt i metodekapittelet. Innsamling av egne surveydata gir høve til å konstruere spørsmål og dermed variablar slik at dei passar til analysen. Dette er ein fordel, men også ei utfordring. Operasjonalisering av variablane blir difor diskutert i detalj i dette kapittelet, særleg med omsyn til validitet.

Den første delen av analysekapittelet diskuterer deskriptiv statistikk, og då særleg den avhengige variabelen. Resultata frå denne analysen blir knytt opp mot resultat frå analysen av nasjonale data og resultata frå folkerøystingar om kommunesamanslåingar i andre delar av landet. Deretter blir resultata av regresjonsanalysen presenterte, før dei blir diskuterte og knytt opp mot dei teoretiske forventningane. I denne siste delen blir forståinga av haldningar til kommunesamanslåing som legitimeringsgrunnlag for samanslåingar sentralt. Deretter blir studien oppsummert og konkludert, og implikasjonar og moglegheiter for vidare forskning blir diskutert. Den statistiske diagnosen kjem til slutt i oppgåva. Appendikset inneheld spørjeskjemaet frå datainnsamlinga, den statistiske diagnosen og ei presisering av utrekningsmetodane for svarprosent.

Det bør nemnast at problemstillinga i utgangspunktet fokuserte på å undersøke skilnadene mellom haldningar til samanslåing i befolkninga i casen med haldningane til kommunestyrerepresentantar og den administrative leiinga. Det vart samla inn data den sistnemnde gruppa gjennom ein websurvey. Låg svarprosent gjorde likevel datakvaliteten for låg til å nyttast i ein vitenskapleg analyse. Problemstillinga og analysen tek difor utelukkande for seg haldningar i befolkninga. Eg viser likevel til delar av denne surveyen i diskusjonen. Dette blir gjort fordi eg meiner desse resultata gir eit bidrag til diskusjonen om politisk legitimitet og haldningar til kommunesamanslåing (sjå tabell 6).



2. Bakgrunn

Eg ønskjer å gi ei kort innføring i to tema i dette kapittelet. For det første vil eg gi ei kort skildring av kommunane Hareid og Ulstein, som utgjer casen for denne studien. Her blir det særleg sett på eksisterande samarbeid mellom kommunane og den pågåande samanslåingsprosessen. For det andre er det på sin plass å gi ei innføring i historia til den norske kommunestrukturen, i tillegg til dagens situasjon. Denne diskusjonen blir sett i samanheng med den historiske utviklinga i kommunestrukturen i Hareid og Ulstein.

2.1. Hareid og Ulstein – ei kort oversikt

Kommunane Hareid og Ulstein ligg på Sunnmøre, og utgjer saman med Herøy, Sande, Vanylven, Volda og Ørsta det som blir kalla Søre Sunnmøre. Folketalet i Hareid var 4.988 personar i andre kvartal 2012, medan folketalet i Ulstein var 7.821 personar på same tid (Statistisk Sentralbyrå (SSB) 2012a; 2012b). Saman dekkjer dei to kommunane Hareidlandet, den største øya på Sunnmøre. Ulstein omfattar i tillegg fleire mindre øyar, både med og utan fast busetnad. Ulsteinvik er ein av dei største tettstadane på Sunnmøre og kommunesenter i Ulstein. Innbyggjartalet her var 5.621 1. Januar 2011 (SSB 2011). Hareid sentrum er kommunesenter i Hareid og hadde 3.900 innbyggjarar på same tid.

Eiksundsambandet opna 23. februar 2008. Sambandet knytte Hareid og Ulstein til fastlandet gjennom ein undersjøisk tunnel austover til Volda kommune. Elles er Hareid og Ulstein knytt nordover med ferje frå Hareid til Sula og snøggbåt til Ålesund, og med brusamband vestover frå Ulstein til øykommunen Herøy og vidare til Sande kommune. Dei geografiske avstandane i Hareid og Ulstein er små i høve til kringliggjande fastlandskommunar som Ørsta og Volda. Det er 12 kilometer mellom Hareid sentrum og Ulsteinvik med god vegstandard. I tillegg er det få av bygdene i kommunane som har meir enn 10 minutt å køyre til kommunesenteret. Om kommunane blir slått saman og tenestetilbodet blir sentralisert vil avstandane til kommunale tenestetilbydarar auke for ein del av befolkninga, men ikkje dramatisk. Eksempelvis vil dei fleste som bur i bygdene i Hareid kommune vere i stand til å kome seg til Ulsteinvik på 20-25 minutt med bil, og vice versa frå bygdene i Ulstein kommune til Hareid sentrum.



FIGUR 1: Kart med plassering av Hareidlandet i Norge og på Sør-Sunnmøre. Kommunevåpna til Hareid (nedst) og Ulstein. Kart henta frå Sunnmorskart.no og mapbox.com.

Hareid og Ulstein er utprega industrikommunar, og ein stor del av verksemdene i kommunane er knytt til den maritime industrien. Skipsverfta Ulstein Verft og Kleven Verft er dei største verksemdene på Hareidlandet, og leverer for det meste offshorefartøy til bruk i oljeindustrien. Det globale hovudkontoret til offshore-avdelinga i Rolls-Royce ligg i Ulsteinvik, og Rolls-Royce er også ein viktig sysselsetjar med arbeidsplassar både i Ulsteinvik og i Hjörungavåg i Hareid kommune. I Hareid er elektrokonsernet Hareid Group og vakuumpolettprodusenten Jets viktige verksemdar. I tillegg har møbelprodusenten Ekornes og betongleverandøren Spenncon avdelingar i Hareid. Ulsteinvik er også eit viktig handelssentrum på Søre Sunnmøre. Arbeidsløysa i Ulstein er per andre kvartal 2012 2,0 prosent, som er det same som fylkesgjennomsnittet. Hareid har på same tid den høgste arbeidsløysa i Møre og Romsdal med 4,0 prosent (SSB, 2012c).

Både Hareid og Ulstein er styrte av Høgre-ordførarar i kommunestyreperioden 2011-2015. Høgre er det største partiet i Ulstein. Ved kommunestyrevalet 2011 fekk partiet 32,1 prosent av stemmene i Ulstein (8 mandat). Dei resterande 17 mandata i Ulstein er fordelte som følgjer: Arbeidarpartiet (6), Framstegspartiet (4), Venstre (3), Kristeleg Folkeparti (3) og Senterpartiet (1) (jf. Kommunal- og Regionaldepartementet, 2011a).

I Hareid fekk Høgre 22,8 prosent av stemmene (5 mandat) ved valet i 2011. Folkelista for Hareid kommune fekk større oppslutnad (24,8 prosent), men like mange mandat (5). Dei resterande 11 mandata i Hareid er fordelte som følgjer: Framstegspartiet (4), Venstre (3), Kristeleg Folkeparti (2) og Arbeidarpartiet (2) (jf. Kommunal- og Regionaldepartementet, 2011b).

I den inneverande kommunestyreperioden har kommunestyra og formannskapa i Hareid og Ulstein tatt fleire konkrete steg mot ei eventuell samanslåing. Desse blir diskuterte i kapittel 2.3. Først vil eg kort sjå nærare den historiske utviklinga i kommunestrukturen i både nasjonalt og lokalt perspektiv.

2.2. Den nasjonale og lokale utviklinga i kommunestrukturen

Det kommunale sjølvstyret i Norge vart innført med Formannskapslovene i 1837. Då vart landet delt inn i 392 kommunar, basert på dei eksisterande prestegjelda (Store norske leksikon, 2012). 355 av desse var heradskommunar, medan 37 var bykommunar. Hareid og

Ulstein Sokn hørte til Ulstein Prestegjeld, og vart dermed samla under Ulstein heradskommune.

Perioden fram til andre verdskrigen var prega av *deling* av heradskommunane som vart etablerte i 1837. Bakgrunnen for delingane var den gjengse oppfatninga om at store geografiske avstandar og dårleg infrastruktur gjorde mange kommunar for store. Løysinga vart ofte å gå vidare nedover i kyrkjestrukturen, og gjere sokna til kommunar (Kommunaldepartementet, 1992). Delingane kom mest hyppig i 1860-åra og i perioden 1890-1920. Talet på kommunar nådde ein topp på 747 i 1930.

I Ulstein følgde ein den nasjonale trenden, og 1. Januar 1917 vart Hareid Sokn skilt ut som eigen kommune. Tjueto år tidlegare, i 1895, hadde Vartdalsstrand (seinare Vartdal) blitt skilt ut som eigen kommune frå Ulstein. Vartdalsstranda ligg på fastlandet, og har sidan 1964 høyrte til Ørsta kommune.

2.2.1. 1930 – 1980: Velferdskommunen, Schei-komiteen og samanslåingsfeber

I perioden 1930 – 1958 var den norske kommunestrukturen stabil. Dei første etterkrigsåra er likevel viktige. I 1948 la Schei-komiteen fram si første innstilling. Schei-komiteen vart oppnemnd av Gerhardsen-regjeringa, og skulle kome med konkrete forslag til ei ny kommuneinndeling som i større grad tok omsyn til betra kommunikasjonar og som gjorde kommunane betre i stand til å løyse fleire og meir krevjande oppgåver (Flo, 2003, s. 51). Perioden frå krigens slutt til seint på 1960-talet er vidare omtalt som ”velferdskommunens glanstid”, og var prega av at kommunane tok på seg stadig fleire sosiale oppgåver (Grønlie, 2007, s. 3-4).

Schei-komiteen leverte tre innstillingar. Den første kom i 1948, og handla om oppheving av sokne kommunane. Innstilling nummer to kom tre år seinare, og omhandla prinsipielle retningslinjer for ein ny kommunestruktur. Den siste innstillinga kom i perioden 1959-62 og omfatta konkrete forslag til ein ny kommunestruktur rundt om i Norge. Dei prinsipielle retningslinjene omfatta mellom anna ein minste storleik for kommunane. Schei-komiteen meinte at kommunar med minst 2500-3000 innbyggjarar var naudsynt for å sikre mellom anna at kommunane hadde økonomisk grunnlag til å handtere oppgåvene dei vart pålagde. Der topografi og busetnad tillèt det, meinte Schei-komiteen kommunane burde ha minst

5.000-10.000 innbyggjarar (Kommunaldepartementet, 1992, s. 73). Forslaga til Schei-komiteen vart sett ut i livet utover 1960-talet og særleg i åra 1964-65. I 1967 stod landet att med 454 kommunar, ein reduksjon på nesten 300 sidan 1930.

Hareid og Ulstein overlevde Schei-komiteen og den påfølgjande ”samanslåingsfeber”. Ulstein hadde 3.378 innbyggjarar i 1960 (SSB, 2012a), medan Hareid hadde 3.589 (SSB, 2012b). Avstandane var korte på Hareidlandet også den gongen, og det var få topografiske eller demografiske faktorar som hindra ei samanslåing av Hareid og Ulstein. Det hadde difor ikkje vore uventa om Schei-komiteen foreslo ei samanslåing av Hareid og Ulstein. Dette skjedde ikkje. Komiteen uttalte følgjande om dei to kommunane:

”(...) For Ulstein og Hareid (...) kunne det likevel vere ein tanke med samanslutning til ein kommune av heile [Hareidlandet]. Geografisk og kommunikasjonsmessig skulle dette høve bra. Ein ville då og få ei eining (...) med solid grunnlag for løysing av større oppgåver. (...) Men desse sentra er (...) ikkje langt frå like sterke og trekkjer i alle fall i nokon mun i kvar si lei, Hareid mot nord (Ålesund) og Ulstein mot sør, noko som kan verke til skade for samkjensler og rasjonell gjensidig utbygging innan ein samkommune. Då komiteen ikkje torer rekne med at serlege føremunar ved samanslutning vil oppvege ulemper, finn den å burde rå til at sovel Hareid og Ulstein som Herøy held fram som egne kommunale einingar” (Kommuneinndelingskomiteen, 1962, s. 33).

Komiteen tilrødde nokre mindre grenseendringar², som kommunestyra i Hareid og Ulstein var einige i³. Likevel heldt Hareid og Ulstein altså fram som egne kommunar. Argumentasjonen til komiteen er interessant. Sjølv om den såg klare kommunikasjonsmessige, geografiske og økonomiske argument *for* ei samanslåing, meinte komiteen at ulik tilhøyrse og identitet var så viktig at den ikkje tilrødde ei samanslåing.

² Komiteen tilrødde at øya Eika utanfor Hareidlandet vart overført frå Herøy til Ulstein kommune. Tilrådinga vart tatt til følgje. Ei fylkesvald nemnd ønskte også at Yksnøy like ved Eika skulle overførast til Ulstein (jf. Kommuneinndelingskomiteen, 1960, s. 26). Dette ønskje vart ikkje tatt til følgje av komiteen. Fylkesnemnda tilrødde vidare at ein del av Hareid kommune som låg på øya Sula skulle overførast til Borgund kommune. Dette vart gjennomført ved kongeleg resolusjon 13. Juni 1958, altså to år før den endelege tilrådinga frå Scheikomiteen.

³ Hareid kommunestyre og Ulstein kommunestyre gav 17. desember og 27. november 1958 fråsegn til ei førebels innstilling frå Scheikomiteen. Innhaldet i innstillinga var det same som i den endelege tilrådinga.

Som eg vil vise, er denne motsetnaden mellom til dømes økonomi og identitet viktig også i denne analysen.

Det vart likevel gjennomført omfattande endringar i kommunestrukturen på Søre Sunnmøre som følgje av tilrådingar frå Scheikomiteen. Volda og Dalsfjord vart slått saman til ein kommune. Vanylven, Syvde og delar av Rovde (Rovdestranda) vart slått saman til nye Vanylven kommune. Ein annan del av Rovde (Skredestranda) og ein del av Herøy kommune vart innlemma i Sande kommune. Ørsta, Vartdal og Hjørundfjord kommunar vart slutta saman til nye Ørsta kommune. Alle endringane vart gjennomførte i 1964 (Juvkam, 1999, s. 60).

I perioden frå 1970 til 1990 var det liten utvikling i den norske kommunestrukturen. Nokre kommunar som var slått saman som følgje av Schei-komiteen, søkte Stortinget om å bli oppløyst att. Ti av desse fekk medhald, slik at talet på kommunar auka noko utover 1970-talet. I 1984 oppnemnde Brundtland-regjeringa Buviksutvalet. Dette utvalet utgreia samanslåing for fem bykommunar og omegnskommunane deira. Samanslåingane vart vedtekne, og dermed vart talet på kommunar atter redusert. Etter Fredrikstad-samanslåinga, den siste av Buvik-samanslåingane, vart gjennomført i 1994, hadde Norge 435 kommunar (Kommunaldepartementet, 1992, s. 76).

2.2.2. 1990 til i dag: Christiansen-utvalet og frivillig samanslåing

På 1980-talet gjorde nye endringar i kommunesektoren at Stortinget atter ein gong såg eit behov for å sjå nærare på kommunestrukturen. Kommune- og fylkesinndelings-utvalet, eller Christiansen-utvalet som det gjerne vart kalla, fekk i oppdrag å arbeide fram forslag til konkrete inndelingskriterier. Dei la seg på same linje som Schei-komiteen, og ønskte eit minstekrav på 5.000 innbyggjarar i kvar kommune. Dette var eitt av dei tre hovudprinsippa Christiansen-utvalet la til grunn for ei eventuell ny kommuneinndeling ⁴ (Kommunaldepartementet, 1992, s. 333).

⁴ Dei to andre hovudprinsippa var som følgjer: "Kommunene bør avgrensas slik at de utgjør geografisk funksjonelle enheter tilpasset et felles bolig- og arbeidsmarked og lokaliseringen av private og offentlige tjenestetilbud" og "Kommunenes utstrekning bør ikke være større enn at kommunenes innbyggere får en akseptabel tilgjengelighet til kommunesenteret og de viktigste offentlige tjenestetilbud" (jf. Kommunaldepartementet, 1992, s. 331-335).

Konsekvensane av rapporten til Christiansen-utvalet vart likevel heilt andre enn det som var tilfellet med rapportane til Schei-komiteen. Stortinget sa nei til samanslåing ved statleg tvang. Kommunar skulle berre slå seg saman om dei ønskte det sjølve og på eige initiativ (Heløe, 2003, s. 80-81). Sidan 1995 har det vore sju kommunesamanslåingar i Norge. Ingen av samanslåingane har omfatta meir enn to kommunar.

Heilt fram til starten av 1990-talet vedtok Stortinget samanslåingsspørsmål ved tvang, sjølv om enkelte av kommunane hadde fatta vedtak mot samanslåing. Samanslåingane i Fredrikstad-regionen var eitt av dei siste tilfella der Stortinget fatta eit slikt vedtak. Kommunestyra i samtlege av omegnskommunane til Fredrikstad var mot samanslåing. Samanslåinga vart likevel gjennomført etter vedtak i Stortinget (Klausen, 2004, s. 11). Etter Fredrikstadsamanslåinga har prosessen fram mot samanslåing av norske kommunar blitt vesentleg endra.

I 1995 vedtok Stortinget at ”fremtidige endringer i kommunestrukturen ikke skal omfatte kommune hvor kommunestyret eller innbyggerne i en folkeavstemning, har gått i mot kommunesammenslåing” (Kommunal- og Regionaldepartementet (KRD), 2001, s. 14). I 2001 vart Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) vedteken. I lova heiter det at kommunestyret ”bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring” (paragraf 10). Kommunane er altså ikkje tvungne til å halde folkerøysting før ei samanslåing, men alle vedtak om samanslåing på 1990-talet og 2000-talet kom etter folkerøystingar. Etter fredrikstadsamanslåinga har ingen samanslåingar blitt vedtatt av Stortinget mot dei aktuelle kommunane sin vilje.

Samhandlingsreforma kan få konsekvensar for den framtidige kommunestrukturen i Norge. Reforma vart sett i kraft 1. Januar 2012, og pålegg kommunane vesentleg fleire helse- og omsorgsoppgåver enn kva tilfellet har vore tidlegare. Dette har reist spørsmål ved kor vidt små kommunar er i stand til å handtere dei nye oppgåvene, og sett kommunesamanslåing på dagsorden att. Stortinget har under den raudgrøne fleirtalsregjeringa vedgått at dei nye oppgåvene krev ein viss storleik i befolkningsgrunnlaget. Stortinget meiner kommunane bør vurdere å slå seg saman for å løyse oppgåvene knytt til Samhandlingsreforma (Helse- og omsorgsdepartementet 2001, s. 313). Dette blir diskutert i større detalj i neste kapittel.

Etter at frivillig-linja vart innført på 1990-talet, har det blitt gjennomført svært få kommunesamanslåingar i Norge. Talet på kommunar vart redusert frå 435 til 428 mellom 1995 og 2013. I forkant av Stortingsvalet 2013, er det tendensar til at frivillig-linja kan bli endra i neste stortingsperiode. KrF, Venstre, Frp og Høgre har alle tatt til orde for ei meir aktiv statleg rolle i kommunesamanslåingar (NTB/Nationen, 2013; Larsen, 2013). Fleire av partia har også tatt til orde for bruk av tvang i enkelte tilfelle (Garvik, 2012).

2.3. Samarbeid og samanslåingsprosess i Hareid og Ulstein

Formalisert samarbeid mellom norske kommunar kan skje på fleire måtar. Rose, Saglie og Aars (2013, s. 230-233) gir eit godt oversyn over desse. Dei tre vanlegaste er samarbeid etter Kommunelovas paragraf 27, samarbeid etter vertskommunemodellen (Kommunelovas paragraf 28) og samarbeid etter Lov om interkommunale selskap. Førstnemnde omfattar først og fremst driftsmessig arbeid som ikkje krev utøving av offentleg mynde. Vertskommunesamarbeid omfattar gjerne forvaltningsmessige oppgåver, medan interkommunale selskap gjerne tek seg av næringsliknande oppgåver som er meint å skape eigne inntekter. 95 prosent av norske kommunar deltek i minst ein av desse samarbeidstypane (Rose et al., 2013). Hareid og Ulstein deltek begge i utstrekt grad i samarbeidsordningar gjennom IKS og vertskommunemodellen.

Hareid, Ulstein, Herøy og Sande samarbeider om Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS. Dette selskapet er nok det interkommunale samarbeidet i Hareid og Ulstein som er mest kjent i den allmenne befolkninga. Kommunane deltek likevel i fleire IKS-samarbeid. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS omfattar alle dei nemnde kommunane i tillegg til Vanylven. Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS er eit samarbeid for alle kommunane i fylket, medan alle kommunane på Sunnmøre deltek i Sunnmøre Regionråd IKS. I tillegg vart Dragsundbygg IKS oppretta av kommunane på Søre Sunnmøre for å ta hand om bygningsmassen som stod att etter at det interkommunale Næringsmiddeltilsynet for Søre Sunnmøre vart innlemma i det nye, statlege Mattilsynet i 2004⁵ (jf. SSB 2013) .

⁵ Rådmann Bent Arild Grytten opplyser på e-post om at Hareid kommune har vedteke å melde seg ut av Dragsundbygg IKS med verknad frå 2015.

Case-kommunane deltek i ei rekkje samarbeid i tillegg til dei interkommunal selskapa. Mange av desse samarbeida er organisert gjennom den såkalla vertskommunemodellen, og omfattar mellom anna innkjøpssamarbeid, landbrukskontor, pedagogisk-psykologisk teneste, interkommunal arbeidsgjevarkontroll og fleire barnevernstiltak.

Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta er også i gang med planlegginga av eit nytt, interkommunalt barnevern som skal erstatte dagens kommunale ordning. Herøy, Sande og Vanylven var også med på prosjektet, men valde å trekke seg ut av dette i 2011 (Steinnes, 2012; Arnesen og Langen, 2012). Barnevernsordninga er tenkt organisert etter vertskommunemodellen, og Volda er den sterkaste kandidaten til å bli vertskommune. Alle kommunane på Søre Sunnmøre er i tillegg i gang med planlegginga av eit interkommunalt IKT-samarbeid (Grimstad, 2013). Dette er tenkt organisert etter paragraf 27 i kommunelova.

Som dette korte oversynet har vist, er Hareid og Ulstein allereie delaktig i fleire former for samarbeid, med kvarandre og med andre kommunar på Søre Sunnmøre. Det er verdt å merke seg at det er relativt stor variasjon i kva kommunar som er med i dei ulike samarbeida. Eit samarbeid er for heile Møre og Romsdal, eitt for heile Sunnmøre, nokre for heile Søre Sunnmøre og nokre for enkelte kommunar på Søre Sunnmøre. I tillegg er det interessant å sjå at Hareid og Ulstein samarbeider med nabokommunane i vest (Herøy og Sande) når det gjeld til dømes renovasjon, men med nabokommunane i aust (Volda og Ørsta) når det gjeld til dømes legevaktordninga.

2.3.1. Status for samanslåingsprosessen

Kommunestyra i Hareid og Ulstein har ikkje tatt konkrete steg mot samanslåing før dei siste 3-4 åra. I 2011 bad kommunane om tilskot frå Kommunal- og regionaldepartementet til å vurdere dei økonomiske konsekvensane av ei samanslåing. Departementet la 350.000 kroner på bordet, og konsulentselskapet Agenda Kaupang fekk i oppdrag å utarbeide ein økonomisk konsekvensanalyse av ei eventuell samanslåing. Rapporten vart presentert for kommunane i starten av 2012, og konkluderte med at kommunane på kort sikt kan spare 43 millionar kroner årleg om dei slår seg saman (Eilertsen, 2012). Rapporten tilrådde samanslåing med basis i prognosar for betring av kommunal økonomi og tenestetilbod. Rapporten konkluderer med at ei samanslåing vil ha liten effekt på lokaldemokrati og styring (Agenda Kaupang,

2012, s. 10-11). I etterkant av studien gjennomførte kommunane eit felles kommunestyremøte der temaet vart ytterlegare drøfta.

Kommunane ønskte ein grundigare analyse av utforminga av den nye kommunen, og søkte på ny departementet om pengar. Søknaden vart avslått, og Hareid kommunestyre vedtok på seinsommaren 2012 å legge prosjektet på is inntil departementet gir meir støtte. Ulstein kommunestyre ønskte å gå vidare med prosessen, men respekterte avgjerda i Hareid. I mai 2013 kom eit nytt vedtak, denne gongen frå Hareid formannskap. Dei vedtok å legge samanslåinga på vent fram til kommunen har betra den økonomiske situasjonen sin. Hareid kommune er for tida i ROBEK-registeret over kommunar og fylkeskommunar i økonomisk ubalanse, og er avhengige av godkjenning frå Kommunal- og Regionaldepartementet for mellom anna låneopptak (Kommunal- og Regionaldepartementet, 2013). I vedtaket heiter det likevel at ”Hareid kommunestyre ser positivt på Ulstein kommune sitt initiativ i høve mogleg kommunesamanslåing”. Folkelista for Hareid kommune, som har fem representantar i Hareid kommunestyre, ønskte å fjerne denne setninga frå vedtaket, men fekk ikkje medhald.

Sjølv om samanslåingsprosessen har møtt motgang det siste året, er det framleis kontakt mellom dei to kommunane. Som gjennomgangen har vist, blir truleg samarbeidet mellom dei to kommunane utvida i åra som kjem, og kommunane har hatt fleire felles formannskapsmøte der samarbeid og samanslåing har blitt diskutert (Vikebladet Vestposten, 2013; Myren, 2012).

3. Teoretisk rammeverk og eksisterande empiri

3.1. Status for forskinga på haldningar til kommunesamanslåing

Rose og Pettersen (2003; 2005; Pettersen og Rose, 1997) står bak noko av den mest sentrale forskinga på haldningar til kommunesamanslåingar i Norge. Ein av analysane deira (Rose og Pettersen, 2005) er i stor grad fokusert på uavhengige variablar som kjønn, alder, inntekt og utdanning. Studien analyserer fleire avhengige variablar. Dei ser på folk si haldning til samanslåing av eigen bustadkommune med ein eller fleire av nabokommunane, i tillegg til folk si prinsipielle haldning til reduksjon av talet på kommunar i Norge og haldning til å betale meir i skatt for å oppretthalde dagens kommunestruktur. Dei finn at høg inntekt og høg utdanning har positive effektar på haldning til samanslåing. Vidare er det meir sannsynleg at menn er positive til samanslåing enn at kvinner er det, og eldre personar er meir positive til samanslåing enn yngre. Det bør merkast at dette funnet er mest tydeleg i samband med haldningar til kommunesamanslåing *prinsipielt*.

Vidare ser dei ein samanheng mellom interesse for lokalpolitikk og haldning til kommunesamanslåing, der personar som oppgir at dei er interesserte i politikk er meir tilbøyelege for å vere motstandarar av samanslåing enn andre. Eit av dei viktigaste funna til Rose og Pettersen (2005) er det såkalla "Not in My Backyard"-syndromet: Folk er meir positive til kommunesamanslåing når dei blir stilt eit prinsipielt spørsmål om temaet enn når dei blir spurde om dei kunne tenke seg at deira eigen bustadkommune vart slått saman med ein eller fleire andre kommunar.

Jacobsen (2004) analyserer eliten, definert som lokalpolitikarar og kommunale leiarar, sine haldningar til kommunesamanslåing. Sjølv om studien hans er ein kritikk av Rose og Pettersen (2005), tek han utgangspunkt i liknande forklaringsvariablar. Partitilhøyring og storleiken på kommunane er sentrale faktorar i analysen hans. Han ser i tillegg på økonomien i kommunane, og finn at eliten i kommunar med god økonomi er meir skeptisk til samanslåing enn eliten i kommunar der den økonomiske situasjonen er svakare.

Forskningsopplegga som er diskuterte over baserer seg på nasjonale data. Det er også gjort fleire casestudiar av kommunesamanslåingar. Baldersheim et al. (Baldersheim, Ishtiaq og Rose 1995; Baldersheim, Offerdal og Rose, 1997) sine analyser av samanslåinga av Fredrikstad og kringliggjande kommunar på 1990-talet er av dei mest sentrale av desse. Dei

analyser ikkje *haldningar* til kommunesamanslåing direkte, men ser på haldningar til kommunepolitikk og kommunale tenester før og etter samanslåinga. Dette er likevel problemstillingar som openbart er knytt til kommunesamanslåing, og studien er heilt klart eit supplement til forskingslitteraturen på haldningar til kommunesamanslåing.

Ein viktig del av Baldersheim-studiane, er skilnadene mellom Fredrikstad og dei kringliggjande kommunane, særleg skilnadene i storleik og urbanitet. I (1995) ser dei på om vurderingar av tenestetilbod, politikk, økonomi og så bortover varierer etter bustadkommune. Dette er eit interessant og viktig aspekt ved forskinga på haldningar til kommunesamanslåing, men vil ikkje vere sentralt i denne studien. I motsetnad til Baldersheim et al., er dei to kommunane som er gjenstand for denne analysen relativt like både med omsyn til storleik, befolkning, urbanitet og andre faktorar. Det er difor ikkje det same grunnlaget for å vente at haldningane varierer etter kommunegrensene i same grad i denne casen. Det er likevel inkludert ein variabel for bustadkommune i analysen. Denne blir diskutert seinare i kapitlet.

Fleire forskingsprosjekt har tatt opp spørsmål om motiv for haldningar til samanslåingar. Rose og Pettersen (2003) ser meir eksplisitt på argumenta for og mot samanslåing, og knyt desse opp mot rasjonalitetsomgrepet. Dei tek utgangspunkt i at både tilhengjarar og motstandarar av endringar i kommunestrukturen ofte baserer argumentasjonen sin på rasjonelle vurderingar om tenesteyting og lokaldemokrati. Analysen deira, som nyttar eit datasett på nasjonalt nivå, viser at tilhengjarar og motstandarar av samanslåing ofte nyttar ”samme type argumenter for å begrunne stikk motsatte argumenter” (s. 267). Motstandarar meiner ei samanslåing vil gjere lokaldemokratiet dårlegare, medan tilhengjarar meiner samanslåing vil gjere lokaldemokratiet betre. Dei gjer liknande konklusjonar i analysen av kommunal tenesteyting.

Monkerud (2004) analyserer haldningane til kommunesamanslåing hos norske lokalpolitikarar. Han tek utgangspunkt i at det er dei politiske og særleg dei økonomiske *konsekvensane* av ei samanslåing som er drivkrafta for haldningane til politikarane. Han koplur surveydata frå lokalpolitikarar saman med økonomiske variablar på kommunenivå (til dømes skatte- og avgiftsnivå i nabokommunen samanlikna med eigen kommune og deling av inntekter ved ei samanslåing). Fleirnivåanalysen hans tek også omsyn til kor aktuelt samanslåing er i kommunane, og han finn at kommunestyrerepresentantar er meir skeptiske

til samanslåing når det er sannsynleg at det vil føre til høgare skatte- og avgiftsnivå og meir deling av inntekter. Desse funna ser han som ei stadfesting av at dei økonomiske konsekvensane av ei samanslåing i større grad forklarar haldningar enn faktorar som oppfatningar av lokaldemokrati og at tilliten til dei lokale styresmaktene er større i små kommunar enn i store.

I ein omfattande samanliknande casestudie av tre samanslåingsprosjekt, tek Frisvoll og Almås (2004) opp kva rolle identitet og tilhøyrse spelar i samanslåingsprosessar. Resultata deira er tvitydige. I eit av analyseobjekta (Våle og Ramnes) finn dei at ein felles identitet var eit viktig bidrag til ønskje om å slå seg saman, medan i eit anna (Ørsta og Volda) var identitetsmessige motsetningar eit hinder for samanslåing (s. 50). Dei meiner vidare at bygging av ein interkommunal identitet vil gjere det meir sannsynleg at samanslåingsprosjekt blir vellykka. I alle tilfelle konkluderer Frisvoll og Almås med at identitet er ein viktig faktor når ein skal vurdere kvifor folk har ulike oppfatningar om kommunesamanslåing.

Den sistnemnde studien fører diskusjonen inn på eit interessant spor. Identitet er heilt klart ein viktig faktor i drøftinga av motiv for haldningar til samanslåing. Likevel er dei klare på at ”kommunesammenslåinger som skal gi robuste kommuner, må (...) hvile på faglige utredningar som vektleggjer tre faktorer: Effektivitet, legitimitet og identitet” (s. 1-2). Dei kritiserer den tidlegare forskinga på området for å i for stor grad vektlegge dei to førstnemnde faktorane, og presenterer ei problemstilling (s. 3) som utelukkande tek opp den tredje faktoren (identitet).

Frisvoll og Almås er etter mitt syn inne på noko heilt sentralt både i identifikasjonen av dei tre faktorane og i kritikken av tidlegare forskning. Likevel er eg usamd med dei på to punkt. For det første meiner eg ein bør rette opp ubalansen i forskinga ved å analysere dei tre dimensjonane i eit likeverdig lys, framfor å fokusere meir på identitet enn på dei to andre. For det andre ser eg tilhøvet mellom dei tre faktorane litt annleis enn det Frisvoll og Almås gjer: Identitet og effektivitet er faktorar som saman dannar grunnlaget for ei demokratisk legitim samanslåing. I den vidare teoretiske diskusjonen vil eg ta omgrepa identitet og effektivitet eit steg vidare og vise korleis dei skapar grunnlaget for politisk legitimitet, i tillegg til at eg vil tydeleggjere koplinga mellom politisk legitimitet og haldningar til kommunesamanslåing.

3.2. *Eit rammeverk for analyse av haldningar til kommunesamanslåing*


Sambandet mellom haldningar til kommunesamanslåing og politisk legitimitet er ein svært viktig del av utgangspunktet for denne studien. Ei kvar endring av eit politisk system er avhengig av politisk legitimitet, og kravet om politisk legitimitet er følgeleg heilt sentralt å innfri om ein ønskjer å gjennomføre ei kommunesamanslåing. Når samanslåingsprosessar feilar, er det gjerne på grunn av at folkerøysting eller i nokre tilfelle voteringar i kommunestyra viser mangel på legitimitet. Denne delen av teorikapittelet har som mål å gi ein systematisk gjennomgang av sambandet mellom haldningar til kommunesamanslåingar og politisk legitimitet.

Hansen (2003a) legg stor vekt på relasjonen mellom politisk legitimitet og haldningar til kommunesamanslåing. Han tek utgangspunkt i eit skilje mellom to ulike syn på den norske kommunen og kva funksjon den bør ha: Det *kommunitære* og den *liberale* (s. 35-36). Det *kommunitære* synet vektlegg eigenverdien i det kommunale sjølvstyret og ser kommunen som ei forlenging eller institusjonalisering av lokalsamfunnet. Det *liberale* synet vurderer derimot kommunane utifrå evna til å levere tenester til innbyggjarane og oppretthalde økonomisk balanse. Denne skilnaden dannar ”to hovedsyn på hva som legitimerer kommuneinstitusjonen som en del av vårt nasjonale styringssystem” (Hansen, 2003a, s. 35-36). Det *liberale* synet ser kommunane først og fremst som ein reiskap for å setje statleg politikk i verk, og har oftast vore representert ved Arbeidarpartiet i den historiske debatten om kommunestruktur. Det *kommunitære* synet ser kommunane som ei kollektiv ramme rundt lokalsamfunna dei eksisterer i. Senterpartiet har vore den fremste eksponenten for dette synet i den ideologiske debatten om samanslåing, ifølgje Hansen (2003b, s. 76-77).

Utgangspunktet til denne studien er at skiljet mellom det *kommunitære* og det *liberale* synet ikkje berre er viktig i forståinga av kommunen *per se*, men også i forståinga av endringar i kommunestrukturen. I det følgjande vil eg skape eit rammeverk for den seinare analysen med utgangspunkt i dette hovudskiljet.

Det *kommunitære* og det *liberale* synet kan sjåast i samanheng med Easton sin modell for det politiske systemet. Easton ser på det politiske systemet som ei ”svart boks”. Den svarte boksa har som oppgåve å produsere politiske avgjerder og handlingar, heretter kalla *output*.

Dette er *produktet* av det politiske systemet (jf. Miller, 1971, s. 199). For å produsere output, er systemet avhengig at det blir tilført preferansar, krav og støtte, heretter kalla *input*. I eit demokratisk system bør grunnlaget for input vere hos veljarane, sjølv om dei kan uttrykke krav og støtte både direkte (gjennom folkerøystingar) og indirekte (gjennom representative val). Input er med andre ord *råmaterialet* til det politiske systemet.⁶ Figur 2 viser ei grafisk framstilling av modellen til Easton.



FIGUR 2: Forenkla utgåve av Easton sin modell for det politiske system. Henta frå Easton (1979a [1965], s. 30, 32).

Modellen til Easton er utgangspunktet for legitimitetsteoriane til Scharpf (1999; 2006; 2012). I studiane hans av legitimitetsgrunnlaget for den Europeiske Union, deler Scharpf politisk legitimitet inn i *input-orientert legitimitet* og *output-orientert legitimitet*.⁷

6 Ein del av Easton sin modell som ikkje blir diskutert utfyllande her, er feedback-mekanismen. Feedback-mekanismen er nemnt i hovudverket *A Systems Analysis of Political Life*, men ikkje diskutert særleg utfyllande (jf. Miller, 1971, s. 196). I *A Framework for Political Analysis* (Easton, 1979a [1965]) er mekanismen meir sentral, og her blir den også forklart nærare. Feedback er for det første informasjon frå output-sida av systemet som blir sendt tilbake. For det andre blir informasjonen brukt av styresmaktene og andre til å danne ny input, altså nye krav til systemet og ny støtte til systemet. Easton reknar både informasjonen og handlingane som feedback (Easton, 1979b [1965], s. 127-130; 1979a [1965], s. 31-33, s. 366-371). Merk at trass i Feedback-mekanismen, kan modellen til Easton ikkje reknast som ein funksjonell forklaringsmodell, jf. krava til Elster (1977; 1994; jf. Berge, 1977). Easton kritiserte også funksjonelle forklaringar i sitt eige og meinte funksjonell analyse i for stor grad handlar om korleis politiske system overlever gjennom sjølvforsterkande mekanismar og stabilitet, medan hans eigen systemanalyse tek høgde for at system kan overleve og forandre seg på same tid (Easton, 1968; jf. Miller, 1971, s. 206).

7 Skiljet mellom det input- og output-orientert legitimitet kan sporast både til opplysningsfilosofien og til antikkens Hellas. Input-orientert legitimitet kan sporast tilbake til Jean Jacques Rousseau. Rousseau meiner at ein kan setje likskapsteikn mellom eit styre til folkets beste og eit styre etter folkets vilje (Scharpf, 2006, s. 2). Den sentrale faktoren i å sikre legitimitet, er dermed å sikre eit styre der avgjerder er tekne direkte av folket (plebisitært/direkte demokrati). Parlamentarisk styre er eit alternativ til direkte styre. Denne er ikkje ideell, men akseptabel (Grofman og Feld, 1988, s. 569; Scharpf, 2006, s. 2). Habermas har ført tankane til Rousseau eit steg vidare med det han kallar deliberativt demokrati, eller demokrati gjennom diskurs (Habermas 1962; 1973; Cohen, 1999). Teorien til Habermas er likevel samanfallande med

Input-basert legitimitet er henta direkte frå innbyggjarane sine haldningar til det politiske systemet. Desse blir uttrykte gjennom fleire kanalar, til dømes val, og legitime politiske handlingar har mandatet sitt frå folket sin input. Input-legitimitet er avhengig av ein kollektiv identitet hos innbyggjarane (Hansen og Winsvold, 2003). Når denne identiteten eksisterer, er det mogleg å søke politiske ”vinn vinn”-løysingar som tilfredstillar heile befolkninga, som igjen underbygger legitimiteten til systemet. Endring av eit slikt system, til dømes gjennom kommunesamanslåingar, vil skade den kollektive identiteten og gjere det vanskelegare å styre systemet.

Det er klare parallellar mellom det kommunitære synet i terminologien til Hansen og det Scharpf kallar input-basert legitimitet.⁸ Likevel ser Scharpf input-basert legitimitet som noko med eit nær sagt utelukkande politisk innhald. Både Easton og Scharpf definerer input innanfor ei ramme der borgarane sitt høve til å uttrykke seg og fremje krav gjennom demokratiske kanalar er det sentrale (Scharpf, 2006; 1979a [1965]; jf. Miller 1971). I definisjonen av det kommunitære synet fokuserer derimot Hansen også på at kommunane skal vere ”naturlige sosiale enheter bygget på lokale tradisjonelle felleskap i form av tette relasjonar menneskene imellom” (Hansen, 2003a, s. 36).

Det kommunitære synet hos Hansen har altså både ein politisk dimensjon som handlar om innbyggjarane sitt høve til å delta i og påverke det lokale folkestyret, og ein sosial dimensjon som handlar om innbyggjarane si kjensle av å høyre til eit lokalsamfunn med kommunen som ei kollektiv ramme. Begge desse dimensjonane blir reflekterte i den følgjande analysen.

På den andre sida identifiserer Scharpf *output-orientert legitimitet*. Denne har grunnlag i styresmaktene sin kapasitet til å løyse problem som individ, marknaden eller frivillige

Rousseau på det sentrale punktet: Folkeviljen er den einaste kjelda til politisk legitimitet. Output-orientert legitimitet kan sporast til dei amerikanske grunnlovsfedrane. For dei var viktigare å skape eit godt fungerande system for god styring og hindring av majoritetens tyranni, enn at folkeviljen nødvendigvis skulle råde (Thomassen og Schmitt, 2004, s. 11-12). Legitimitet er avhengig av styrande institusjonar som kan beskytte offentleg politikk mot trugslar frå majoritetstyraniet og andre farar. Dette skjer gjennom fordeling av makt (checks and balances) til fleire politiske aktørar som alle må gjennom valprosessar der dei blir stilt ansvarlege for avgjerder og handlingar ex post (Scharpf, 2006, s. 3; Hamilton (1999 [1788], s. 258-259). Her går linene tilbake til Aristoteles, som meinte at eit legitimt styre er eit som gir grunnlag for institusjonar som kan styre til det beste for folket (Aristoteles, 2007 [ca. 300 f. kr], bok 3; Scharpf, 2012, s. 3). For han var det direkte demokratiet i Athen eit døme på eit styre som mislykkast i dette. Demokratiet var eit styre etter folkets vilje, men ikkje til folkets beste. Det var dermed ikkje legitimt.

⁸ Hansen diskuterer input og output utfyllande (Hansen, 2003a), og han påpeiker sjølv parallellen mellom input/output og lokalsamfunn/jurisdiksjon.

organisasjonar ikkje kan løyse (Scharpf, 2006, s. 11). Legitimiteten kjem altså frå styresmaktene sin produksjon av god offentleg politikk, det Scharpf og Easton kallar output. Denne typen legitimitet stiller ikkje dei same krava til verken ein kollektiv identitet eller styre etter folkeviljen som input-orientert legitimitet gjer. Det er styresmaktene sin evne til å generere output som er grunnlaget for politisk legitimitet. Dette synet er i nært slektskap med det liberale synet på kommunen. Kommunen er her ein institusjon som har som oppgåve å skape gode tenester for innbyggjarane, gjerne på vegner av staten. Om kommunen meistrar denne oppgåva, er den også legitim.

Scharpf ser input- og outputbasert legitimitet i relasjon til storleiken på det politiske systemet. Analyseobjektet hans er den Europeiske Union (EU). Han meiner EU som politisk system ikkje har den same kollektive identiteten som nasjonalstatar og lokale, politiske system har. Han meiner følgjeleg det er vanskeleg å forsvare EU utifrå eit input-perspektiv (Scharpf, 2006, s. 9). Frå eit output-perspektiv er det langt enklare å legitimere EU som institusjon.

Robert A. Dahl og Edward Tufte (1973) er blant dei mest sentrale forskarane på relasjonen mellom demokratiske system og befolkningsstorleik. Omgrepa dei nyttar er nært i slekt med omgrepa til Scharpf. Eit demokratisk system må ifølgje Dahl og Tufte oppfylle to kriterier. For det første må kriteriet om *borgareffektivitet* oppfyllest: Borgarane har kontroll med politiske slutningar. Dette er i stor grad samanfallande med input-basert legitimitet i distinksjonen til Scharpf. For det andre må kriteriet om *systemkapasitet* oppfyllest: Dei politiske styresmaktene må vere i stand til å tilfredstille preferansane til borgarane. Dette er samanfallande med det Scharpf kallar output-basert legitimitet (Dahl og Tufte, 1973, s. 20; jf. Hansen, 2003a, s. 37-38).

Basert på eigne data argumenterer Dahl og Tufte for at små einingar er best i stand til å sikre *borgareffektivitet*. Hansen og Winsvold (2003) har analysert dei faktiske effektane kommunesamanslåingar har lokaldemokratiet. Dei ser på kva effektar kommunestorleik og kommunesamanslåingar har på valdeltaking og oppslutning om bygdelister ved kommunevalet gjennom ei samanlikning av kommunevala i 1959 (før kommunereforma som følgde innstillinga til Schei-komiteen) og 1967 (etter den same reforma). Dei tek utgangspunkt i ein hypotese som i stor grad baserer seg på funna til Dahl og Tufte, og meiner valdeltakinga vil vere lågare i store kommunar enn i små, og at

kommunesamanslåingar vil føre til lågare deltaking i lokaldemokratiet. Dei finn, overraskande nok, at kommunesamanslåingar ikkje har nokon effekt, verken positiv eller negativ, på valdeltaking. Kommunestorleik har heller ikkje nokon effekt på valdeltaking, ifølgje Hansen og Winsvold.

Ein eventuell effekt av kommunesamanslåingar på oppslutnad om bygdelistene vil vere interessant fordi det fortel oss noko om effekten på den lokale identiteten. Hansen og Winsvold (2003, s. 100) forventar at kommunesamanslåinga kan føre til at oppslutninga om bygdelistene aukar ”som uttrykk for å sikre at distriktets egne kandidater sikres plass i kommunestyret i den sammenslåtte kommunen.” Ein slik effekt kan sjåast som at lokal identitet blir oppretthaldt også etter ei kommunesamanslåing. Hansen og Winsvold finn at kommunesamanslåingar ikkje har nokon effekt på oppslutninga om bygdelister, og hypotesen deira blir dermed avvist.

Hansen (2003a) analyserer sambandet mellom kommunestorleik og kvaliteten på lokaldemokratiet i lys av Robert Putnam (1993) sin teori om sosial kapital og demokratisk styring. Putnam hevdar at samfunn med høg sosial kapital⁹ er knytt til legitimiteten i dei demokratiske institusjonane. Høg sosial kapital fører ifølgje han til meir demokratiske og meir effektive styringsinstitusjonar. Hansen ser på fleire dimensjonar ved sosial kapital (tillit til kommunestyre, medlemskap i frivillige organisasjonar, oppfatning om egne påverknadsmoglegheiter og så vidare) og analyserer samanhengen mellom sosial kapital og kommunestorleik. Av variablane Hansen analyserer, er det først og fremst tillit til kommunestyret og oppfatning av egne påverknadsmoglegheiter som er større i mindre kommunar enn i små. Det er ikkje like sterke samanhengar mellom kommunestorleik og dei andre variablane Hansen nyttar. Likevel underbygger analysen han iallfall delvis argumentet til Dahl og Tufte.

⁹ Sosial kapital er eit komplisert omgrep som er vanskeleg å operasjonalisere. Eg vil ikkje diskutere dette i detalj her. Det er likevel viktig at Putnam opererer med eit skilje mellom ein kulturell dimensjon og ein strukturell dimensjon av sosial kapital. Den kulturelle dimensjonen blir oftast operasjonalisert gjennom ulike mål på tillit i eit samfunn (tillit til politiske institusjonar, tillit til medmenneske etc.), medan den strukturelle dimensjonen oftast blir operasjonalisert gjennom spørsmål om deltaking i frivillige organisasjonar og andre former for engasjement i det sivile samfunn (Hansen, 2003a, s. 43).

Argument om faren for forvitra borgareffektivitet ved ein kommunereform er i høgste grad til stades i debatten om endringar i kommunestrukturen. Senterpartiet dreg parallellar til kommunereformene i Danmark og hevdar at denne har ført til ”ein mangel på folkestyre, borgarane føler seg oversett, og ein når korkje fram eller inn når ein får store regionkommunar” (Mehl, 2012). Dagsavisen nyttar slike *input-baserte* argument mot samanslåing på leiarplass, og står for eit syn på kommunen som i stor grad er samsvarande med det kommunitære synet i terminologien til Hansen (2003a), og som er kritisk til ein kommunereform på grunn av faren for forvitra borgareffektivitet:

”Kommunepolitikk er mer enn økonomi. Kommunene er grunnmuren i det norske samfunnet. Den norske samfunnsmodellen består i hovedsak av en stor og moderne stat og 429 store og små kommuner. Vår styreform bygger på at folk engasjerer seg. I mer enn 150 år har det lokale selvstyret vært en bærebjelke i demokratiet. Hvis det svekkes, forvitrer folkestyret” (Dagsavisen, 2012).

Det er likevel viktig å påpeike at input-baserte argument også har blitt brukt av tilhengjarar av samanslåing. Argumentasjonen er ofte baserte på ein påstand om at interkommunale samarbeid er udemokratiske. Det følgjande sitatet, som tek opp demokratiske problem ved interkommunale samarbeid, er frå stortingsrepresentant Håkon Haugli (Ap):

”Et av problemene med interkommunalt samarbeid er at makt flyttes fra folkevalgte (som innbyggerne kan kaste ved neste valg) til administrativt ansatte (som er usynlige for velgerne), fra kommunestyre til ulike samarbeidskommuner. (...) om det skulle vise seg at det ikke er én eneste krone i stordriftsfordeler, trenger vi færre og større kommuner” (Haugli, 2010).

Systemkapasitet er ifølgje Dahl og Tufte eit kriterium større einingar er best eigna til å ta hand om. Ein del av dette er det som blir kalla *stordriftsfordelar* av pådrivarane for samanslåingar i den offentlege debatten. Følgjeleg blir det vanskeleg å sjå for seg ein struktur som er ideell for begge kriteria, og det oppstår ein konflikt mellom dei to. Denne konflikten kan ifølgje Dahl og Tufte løysast gjennom eit kompromiss. Ein rasjonell tilhengjar av demokratisk styre vil godta redusert borgareffektivitet for å sikre systemkapasiteten (Dahl og Tufte, 1973, s. 23; jf. Hansen, 2003a, s. 38).

Denne innstillinga har stått svært sterkt hos pådrivarane for kommunesamanslåingar i Norge historisk, og framleis gjer det i dag. Christiansen-utvalet og Schei-komiteen konkluderte begge i favør av kommunesamanslåing, og baserte i stor grad argumenta sine på output-sida av systemet (Hansen, 2003b, s. 75). Då Stortingets kommunalkomit  i oktober 1967 oppsummerte kommunereforma som f lge i kj lvatnet av Schei-komiteen, var det ogs  output-sida av systemet som stod sentralt. Komiteen konkluderte samr ystes med at kommunereforma hadde ”etablert et nytt grunnlag for   sette kommunene bedre i stand til   fyller sine oppgaver i ein tid med voksende arbeidsoppgaver for offentlige forvaltningsorganer” (Stortingets kommunalkomit , 1967, s. 372; jf. Hansen og Winsvold, 2003, s. 100).

Dei seinare  ra har Samhandlingsreforma har gitt ein ny giv for output-baserte argument hos tilhengjarar av samansl ing. Reforma flyttar forvaltninga av rundt 5 milliardar kroner fr  staten til kommunane og 4,2 milliardar fr  sjukehusa til kommunane, samstundes som kommunane overtek ansvar for fleire pasientar (Helse- og Omsorgsdepartementet, 2012). Kommunane f r med andre ord r derett over vesentleg st rre ressursar, samstundes som ansvarsomr det til kommunane blir vesentleg st rre.

For   s rgje for tilfredstillande drift, tilr r Helse- og omsorgsdepartementet kommunale einingar med befolkningsgrunnlag p  minst 10-15000 innbyggjarar for   l yse enkelte av oppg vene i reforma (Sosial- og Helsedepartementet, 2009, s. 62). I dag har rundt halvparten av kommunane i Norge under 5.000 innbyggjarar (Hagen, 2009, s. 110). Sm  einingar medf rer ogs   konomisk risiko. Sosial- og Helsedepartementet (2006, s. 104) skriv i eit avsnitt om kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta: ”Den norske organiseringen med mange sm  kommuner og to forvaltningsniv er  ker [den  konomiske] risikoen. Kommunestrukturen med mange sm  kommuner med liten  konomisk b reevne for h ndtering av utgiftsvariasjoner er en utfordring”. Arbeidsgjevarorganisasjonar som N ringslivets Hovedorganisasjon og Spekter (Spekter, 2012; Nilsen, 2011), og sentrale r yster i H gre (Kvanvik, 2009) og Arbeidarpartiet (H verstad 2010, s. 46; Sand, 2010; Gedde-Dahl, 2012) har alle argumentert for endring i kommunestrukturen og st rre kommunar med basis i Samhandlingsreforma. Desse argumenta kan gjerne kallast *output-baserte* argument for kommunesamansl ing.

Fleire studiar er ueinige i at større kommunar er betre i stand til å sikre systemkapasitet. Den økonomiske analysen til Rattsø og Sørensen (1997, s. 134) konkluderer med at små einingar kan gi konkurranse mellom kommunane og gjere dei meir kostnadseffektive. Andre empiriske analyser hevdar det er mindre sjanse for ukontrollert og uønskt vekst i byråkratiet i mindre einingar, som også er bra for den økonomiske effektiviteten (Niskanen, 2007; Tullock, 1965; jf. Rose og Pettersen, 2003).

Når det gjeld tenestetilbodet, kan det argumenterast for at preferansane til innbyggjarar i små politiske einingar er meir homogene enn i store politiske einingar. Dette gjer at styresmaktene i små einingar kan levere tenester som tilfredsstillar preferansane til ein større del av befolkninga enn i større einingar. I den politiske debatten har gjerne dei output-baserte argumenta mot samanslåingar gjerne vore baserte i at *sentralisering* vil svekke tenestetilbodet. Det følgjande sitatet frå Yrkesorganisasjonenes Landsforbund (YS) er eit godt døme på dette:

”Like viktig som debatten om antall kommuner er at kvaliteten på tenestetilbudet skal sikres. For innbyggerne er det viktig å ha nærhet til tenestetilbudet - dette gjer at skoler, barnehager, sykehjem og hjemmetjenester må ha stor grad av spredning også i geografisk store kommuner. Det er derfor liten innsparingsgevinst på kommunesammenslåing mellom arealrike kommuner som i stor grad også er sammenfallende med liten befolkningstetthet” (YS, 2012; sjå også Navarsete, 2010).

Det har også vore døme på at forskinga på haldningar til kommunesamanslåing har vist at standpunktet til både motstandarar og tilhengjarar av samanslåing har rot i output-sida av systemet. Rose og Pettersen (2003, s. 267) konkluderer som nemnt med at motstandarar og tilhengjarar av samanslåing ”samme type argumenterer for å begrunne stikk motsatte standpunkt”, og at desse argumenta handlar om tenestetilbod og økonomi.

3.2.1. Oppsummering

Sjølv om dei tre omgrepsspara kommunitarisme/liberalisme, input/output og borgareffektivitet/systemkapasitet er nært knytte til kvarandre, er det viktig å påpeike skilnadene mellom dei. Kommunitarisme og liberalisme er grunnleggande, politiske syn på

kva kommunen er og bør vere. Input og output er omgrep som dannar grunnlaget for analyse av politiske system, og som dannar grunnlaget for input-basert og output-basert legitimitet i terminologien til Scharpf. Borgareffektivitet og systemkapasitet er omgrep som først og fremst er nytta i analysen av korleis storleiken til dei politiske systemet påverkar input-sida og output-sida til systemet. I den følgjande analysen vil det vere sentralt å forstå korleis haldningar til kommunesamanslåingar varierer, korleis denne variasjonen kan forklarast, og korleis årsakene til haldningar til kommunesamanslåingar eventuelt dannar grunnlag for ein debatt om den politiske legitimiteten til kommunesamanslåingar.

I denne diskusjonen blir det viktig å halde ein viss avstand mellom desse omgrepspara. Sjølv om analysen til dømes skulle vise at output-argument er viktigare for tilhengjarar av samanslåing enn for motstandarar, vil ikkje det seie at ein samanslått kommune nødvendigvis vil vere betre i stand til å sikre betre systemkapasitet gjennom eit betra tenestetilbod og/eller betre økonomistyring. Tilsvarande vil ikkje ein motsett samanheng, altså at motstandarar tek meir omsyn til output, nødvendigvis seie at den eksisterande kommuneinndelinga er best eigna til å ta hand om systemkapasitet. Likevel meiner eg det er viktig for lesaren å ha ei forståing for korleis desse omgrepa heng saman, og korleis dei gjer oss betre i stand til å forstå handlingar til kommunesamanslåingar. Eg håpar diskusjonen over kan gi ei slik forståing.

Den teoretiske og empiriske diskusjonen over inneheld fleire motstridande syn både på kva faktiske effektar ein samanslåing har på systemkapasitet og borgareffektivitet og på kva som skiljer motstandarar og tilhengjarar av samanslåing. Likevel meiner eg denne teoretiske gjennomgangen gir grunnlag for fleire klare teoretiske forventningar. Eg forventar at respondentar som legg vekt på input-baserte faktorar fryktar at lokalsamfunnet og den lokale identiteten deira skal forvitte ved ein kommunesamanslåing, og at høvet deira til å delta i det lokale folkestyret skal bli svekka. Eit kommunitært, eller input-orientert, syn på kommunen kan difor forventast å vere knytt til ei negativ haldning til kommunesamanslåing. I operasjonaliseringa av variablane (kapittel 4.4) er det sentrale kva respondentane tek omsyn til når dei tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing. *Eg forventar difor at motstandarar tek større omsyn til lokaldemokratiet og lokal identitet enn tilhengjarar, medan tilhengjarar av samanslåing tek større omsyn til det kommunale tenestetilbodet og den kommunale økonomien.* Undersøkinga av desse forventningane vil danne grunnlaget for ein diskusjon om korleis vi bør forstå legitimitetsgrunnlaget for kommunesamanslåingar.

3.3. Andre forklaringar

Forklaringane under blir diskuterte i same rekkefølge som dei blir introduserte i analysen: *Kontrollforklaringar, demografiske forklaringar* og til slutt *politiske forklaringar*.

3.3.1. Kontrollforklaringar

I analysen blir det undersøkt om *kjønn, utdanning, inntekt* eller *alder* har ein effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Lesaren bør merke seg at alle dei fire kontrollvariablane har vist seg å på ein eller annan måte ha ein effekt på haldninga til kommunesamanslåing i tidlegare forskning.

Rose og Pettersen (2005, s. 297) finn ei langt meir negativ haldning til kommunesamanslåing hos kvinner enn hos menn, både på prinsipielt nivå og når det gjeld samanslåing av eigen kommune. Dei diskuterer kva bakgrunnen for denne samanhengen kan vere, og skriv at ”det virker som om menn og kvinner opplever kommunen ganske ulikt, noe som antakelig har med ulike erfaringer i yrkeslivet og som omsorgspersoner å gjøre” (Rose og Pettersen, 2005, s. 297). Frisvoll og Almås (2004, s. 78) finn den same tendensen gjennom ein krysstabellanalyse av sine nasjonale data. Forklaringa deira på dette liknar på den hos Rose og Pettersen, men er noko meir konkret: ”En forklaring på dette kan være at kvinner i større grad arbeider innen tjenesteproduksjon i kommunene (helse, omsorg, skole), og i så henseende vil de være mer utsatt for omorganisering og nedskjæringer” (Frisvoll og Almås, 2004, s. 35). *Sett i lys av dette er det naturleg å forvente at kvinner er meir negative til kommunesamanslåing enn menn, og at denne eigenskapen påverkar haldninga negativt i regresjonsanalysen.*

Rose og Pettersen (2005, s. 299) finn at eldre aldersgrupper er meir villige til å akseptere ein reduksjon i talet på kommunar generelt. Når det gjeld samanslåing i eigen bustadkommune, finn dei ein liknande samanheng, men den er svak og ikkje statistisk signifikant. Frisvoll og Almås (2004) tek utgangspunkt i ein hypotese om at eldre personar er meir *negative* til samanslåing. Analysen deira viser ingen signifikant samanheng mellom alder og haldning til samanslåing. Monkerud (2004) finn ingen effekt av alder i sin studie av politikarar. Den einaste signifikante samanhengen i dei tidlegare studiane som er gjennomgått her, er på den

førstnemnde avhengige variabelen til Rose og Pettersen. *Eg finn det difor naturleg å ta utgangspunkt i at høgare alder fører til ei meir positiv haldning til kommunesamanslåing.*

Rose og Pettersen finn at personar med vidaregåande eller høgare utdanning er meir tilbøyelege til å godta både ein reduksjon i talet på kommunar og ein samanslåing av eigen kommune enn dei som har grunnskuleutdanning. Respondentar med vidaregåande eller høgare utdanning har ei meir positiv prinsipiell haldning til reduksjon i talet på kommunar enn respondentar med grunnskuleutdanning. Det er berre vidaregåande utdanning som har ein signifikant effekt på spørsmålet om samanslåing av eigen kommune. Krysstabellanalysen til Frisvoll og Almås (2004, s. 79) finn ingen signifikant samanheng mellom haldning til samanslåing og utdanningsnivå. *Eg forventar at støtta til kommunesamanslåing aukar med aukande utdanningsnivå.*

Hushaldsinntekt har ein positiv effekt på haldninga til kommunesamanslåing hos Rose og Pettersen (2005, s. 299). Effekten er særleg sterk for dei som bur i hushald med meir enn 540 000 kroner i årleg inntekt (med inntekt inntil 320 000 som referansegruppe). Frisvoll og Almås (2004) undersøker ikkje effekten av inntekt. *Eg forventar at haldninga til kommunesamanslåing blir meir positiv når inntekta til respondenten aukar.*

3.3.2. Demografiske effektar

Dei demografiske effektane som blir undersøkte i analysen, er *bustadkommune* og *innflyttar* (om respondenten er innflyttar til kommunen eller ikkje). Medan heile studien tek for seg haldningar til kommunesamanslåing i ein lokal kontekst, nyanserer bustadkommunevariabelen konteksten ytterlegare. I denne casen vil det vere interessante om det er skilnader mellom dei to kommunane i denne casen som gjer at dei skil seg frå kvarandre når det gjeld haldningar til kommunesamanslåing.

Som vist over, set Dahl og Tufte storleik i samanheng med politiske einingar si evne til å produsere input (borgareffektivitet) og output (systemkapasitet). Ulstein er med sine rundt 8.000 innbyggjarar (per 2013) ein større kommune enn Hareid, som har rundt 5.000 innbyggjarar. Denne variabelen kan med andre ord sjåast i samanheng med input og output. Retninga av effekten er likevel vanskeleg å forutsjå basert på Dahl og Tufte. Det er særleg når det gjeld motstandarane av samanslåing det er rimeleg å ha ei teoretisk forventning. Gitt

at motstandarane vektlegg input og at mindre kommunar er betre til å produsere input (jf. Dahl og Tufte, 1973; kapittel 3.2 her), er det rimeleg å forvente at motstanden mot samanslåing er større i Hareid.

Andre samanslåingsprosjekt har vist effektar av kommunestorleik. Rose og Pettersen (2005, s. 302) finn ingen effekt av kommunestorleik åleine, men dei kontrollerer for effekten av ein kombinasjon av at kommunen står på SSB si liste over kommunar som er samanslåingskandidatar¹⁰ (jf. Langørgen, Aaberge og Åserud, 2002) og at kommunen har under 5.000 innbyggjarar. Her finn dei ein effekt, innbyggjarane i desse kommunane er mindre villige til samanslåing enn andre. Baldersheim et al. (1995) finn at innbyggjarane i småkommunane rundt Fredrikstad var langt mindre villige til samanslåing enn innbyggjarane i gamle Fredrikstad kommune. Forventninga over er difor rimeleg.

Rose og Pettersen (2005, s. 304-305) finn ingen samanheng mellom talet på år respondentane har budd i kommunen og haldninga til samanslåing. Den kvantitative delen av studien til Frisvoll og Almås (2004, s. 72-73) finn at ein marginalt større del av innflyttarar enn ikkje-innflyttarar er positive til samanslåing. Skilnaden er ikkje statistisk signifikant. Gjennom kvalitative intervju avdekkar dei likevel klare oppfatningar i Ørsta om at ein er meir positiv til samanslåing og samarbeid i Volda fordi *”det er så mange innflyttere der.”* I tillegg finn Rose og Pettersen (s. 304-305) at respondentane si *subjektive* oppfatning om tilknytning til kommunen har ein effekt på haldninga til samanslåing.

Som diskutert i kapittel 2, er Hareid og Ulstein utprega industrikommunar. Arbeidsinnvandring gjer at dei er tilflyttingskommunar med aukande folketal. Det er difor særleg interessant å sjå om det er ei skiljelinje mellom denne innflytta delen av folkesetnaden og dei som er fødde og oppvaksne i kommunen. *Det er naturleg å forvente at innflyttarar i mindre grad er knytte til lokal identitet, og eg forventar difor at dei er meir positive til samanslåing enn ikkje-innflyttarar.*

¹⁰ Lesaren kan merke seg at både Hareid og Ulstein står på denne lista. Hareid hadde i tillegg under 5000 innbyggjarar på tidspunktet for datainnsamlinga til SSB.

3.3.3. Politiske forklaringar

Det er to dimensjonar som blir undersøkte som moglege politiske forklaringar på haldningar til kommunesamanslåing. For det første undersøker eg om subjektiv, politisk interesse har ein effekt på haldningar til samanslåing. For det andre er ein mogleg samanheng mellom partipolitisk preferanse og haldning til kommunesamanslåing undersøkt.

Tidlegare i diskusjonen er det vist korleis partiskiljelinjene har hatt vesentleg betydning i både den historiske og den noverande debatten om kommunestruktur og kommunesamanslåing. Arbeidarpartiet var regjeringsparti då dei store reformene i kommunestrukturen vart gjennomført på 1950- og 1960-talet. Den gongen var det særleg Høgre som argumenterte mot reformene (Hansen, 2003b). I dagens landskap har skiljelinjene flytta seg. No er Høgre den klaraste *forkjemparen* for reduksjon i talet på kommunar. Arbeidarpartiet har framleis eit temmeleg klart standpunkt for færre kommunar, medan sentrumpartia (særleg Sp) og SV i større grad forsvarar dagens struktur (Rose og Pettersen, 2005, s. 301).

På lokalt nivå i Hareid og Ulstein er det også Høgre og Arbeidarpartiet som er dei klaraste forkjemparane for samanslåing. Det bør likevel merkast at i Ulstein har formannskap og kommunestyre voteringar om å gå vidare med samanslåingsprosessen stort sett vore samrøystes. I Hareid er det ein sterkare partipolitisk opposisjon, og det er særleg Folkelista for Hareid kommune som har ein uttalt skepsis til samanslåing (Grimstad, 2012; Myren, 2012). Rose og Pettersen (2005) finn effektar av partipreferanse på haldningar til samanslåing. Med Arbeidarpartiet som referansekategori, finn dei at Senterparti-veljarar er vesentleg meir skeptiske både til reduksjon i talet på kommunar og samanslåing av eige parti enn Ap-veljarar. I tillegg finn dei at Høgre-politikarane er vesentleg meir positive enn Ap-veljarar til begge desse forslaga. For dei andre partia er det berre mindre og/eller ikkje-signifikante avvik frå Ap-veljarane.

Eg forventar difor at ein preferanse for Høgre har ein positiv effekt på haldninga til kommunesamanslåing, medan ein preferanse for Senterpartiet har ein tilsvarande negativ effekt. I tillegg er det naturleg å vente seg at veljarane til Folkelista for Hareid er skeptiske til kommunesamanslåing.

Rose og Pettersen (2005, s. 308) finn at personar som meiner dei er interesserte i lokalpolitikk har ei meir negativ haldning både til samanslåing generelt og samanslåing av eigen kommune enn personar som ikkje er interesserte i lokalpolitikk. Når det gjeld personar som meiner dei har *kompetanse* innan lokalpolitikk, er desse meir *positive* enn dei som meiner dei ikkje har slik kompetanse. Dette gjeld både for spørsmålet om samanslåing av eigen kommune og spørsmålet om reduksjon av talet på kommunar i Norge. *Eg forventar likevel at personar med slik erklært interesse er meir negative til samanslåing enn andre.*

3.4. Oppsummering

På befolkningsnivå har ulike forskingsprosjekt kome til ulike konklusjonar om kva som skiljer motstandarane av kommunesamanslåing frå tilhengjarane av kommunesamanslåing. Gjennomgangen over gir eit innblikk i desse skilnadene. I analysen blir det sentralt svare på om tilhengjarane og motstandarane av kommunesamanslåing tek omsyn til dei same dimensjonane når dei tek stilling til kommunesamanslåing, eller er det eit brot mellom dei to gruppene. Den klare forventninga for analysen er at tilhengjarane av kommunesamanslåing legg større vekt på output-dimensjonane enn motstandarane, og at motstandarane legg meir vekt på input-dimensjonane enn tilhengjarane. Likevel er funna til Rose og Pettersen, som seier at også motstandarar i stor grad legg vekt på output-sida av systemet, viktig å ta med seg. I tillegg blir det undersøkt om andre forklaringar enn output og input (bakgrunnsforklaringar, demografiske forklaringar og politiske forklaringar) har ein effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Det er vist at desse forklaringane har hatt forklaringskraft på haldninga i tidlegare forskning, og forventningane om dei er både teoretisk og empirisk fornuftige.

4. Data, metode og operasjoniseringar

Studien nyttar seg av kvantitative analyseteknikkar av statistiske data. Datamaterialet er samla inn spesielt for dette prosjektet, og består av ei spørjegransking gjennomført av Norstat AS på oppdrag frå underteikna og lokalavisa Vikebladet Vestposten. I dette kapittelet blir vurderingar om val av case, reliabilitet, val av metode og operasjonisering av variablar diskutert.

4.1. *Om bruk av case-studium, spesifisering av case og generalisering*

Mykje av den fremste forskinga på haldningar til kommunesamanslåingar i Norge har basert seg på lokalvalsundersøkingane og lokaldemokratiundersøkingane, og andre nasjonale datagrunnlag (sjå Pettersen og Rose, 1997; Rose og Pettersen, 2003; 2005; Jacobsen, 2004). Den klaraste styrken til desse studiane er ekstern validitet – dei gir godt grunnlag for å generalisere funna til heile landets befolkning (jf. Skog, 2004, s. 113-115). Slik forskning er viktig, og gir eit vesentleg bidrag til å forstå det demokratiske grunnlaget for den norske kommunestrukturen, og grunnlaget for eventuelle endringar i denne.

All den tid Stortinget har vedtatt at kommunesamanslåing ikkje skal gjerast under tvang, og dei fleste slike samanslåingar blir gjort med grunnlag i lokale, rådgjevande folkerøystingar, er det ikkje urimeleg å hevde at kommunesamanslåingar både blir initierte og gjennomførte lokalt. I desse prosessane er haldningane til samanslåing lokalt meir interessante enn haldningane nasjonalt. Det er også slik at mange nordmenn bur i kommunar der samanslåing med nabokommunar ikkje er eit aktuelt tema. Dette gjeld særleg Oslo, dei folkerike kommunane som ligg rundt hovudstaden og andre storbykommunar. Det er difor rimeleg å gå utifrå at den lokale konteksten er viktig å ta omsyn til i samband med innsamling av data om og analyser av haldningar til kommunesamanslåingar.

Det er problematisk å samle inn data som tek omsyn til denne konteksten samstundes med at ein opprettheld den eksterne validiteten og høvet til generalisering. Om datamaterialet var tilpassa ein fleirnivåstudie med kommunar på eit nivå og individ på eit anna nivå, kunne

studien tatt omsyn til lokal kontekst samstundes med at høvet til statistisk generalisering kunne blitt oppretthaldt. Per i dag er det likevel ikkje noko norsk datasett som mogleggjer ein fleirnivåstudie av haldningar til kommunesamanslåing på befolkningsnivå.¹¹ Innsamling av slike data kan berre gjennomførast som del av ei stor, nasjonal befolkningsundersøking. Dette er både kostnads- og tidkrevjande, og var ikkje mogleg å få til innanfor rammene for dette prosjektet.

Samanlikning av to samanslåingsprosessar kunne også vore fruktbart, men det økonomiske rammeverket gjorde også dette uaktuelt. Eit tredje alternativ hadde vore å ta omsyn til lokal kontekst i ein analyse av nasjonale data. Ein slik analyse ville hatt metodologiske utfordringar. Analyse av både individuelle eigenskapar og eigenskapar ved kommunane i ein eitnivåanalyse medfører risiko for nivåfeilslutningar (Skog, 2004, s. 109-111). I tillegg ville det vore vanskeleg å undersøke dei teoretiske forventningane som ligg til grunn for denne studien med eit slikt design. Difor konkluderte eg med at ein casestudie av eitt pågåande samanslåingsprosjekt var det beste alternativet. Teorikapittelet viste at det er fleire dimensjonar som er verdt å sjå nærare på innanfor slike prosessar.

Studien er altså ein casestudie av haldningar til kommunesamanslåing. Det er likevel ikkje heilt openbart *kva* som er casen for studien. Ein kan seie at kommunane utgjer kvar sine case, og at studien har som mål å samanlikne desse. Sjølv om bustadkommunen til respondenten er ein av effektane som blir undersøkte, er ikkje ei slik samanlikning ein vesentleg del av problemstillinga. I staden er det sjølve samanslåingsprosessen, som omfattar både Hareid og Ulstein, som blir vurdert som casen i denne studien. Grunngevinga for valet av case kjem eg tilbake til under. Analyseiningane er respondentane i spørjeundersøkinga. Studien er integrert, ikkje holistisk (Yin, 2009; Gerring, 2007, loc. 224). Det vil seie at case og analyseiningar er skilte frå kvarandre, og studien har fleire analyseiningar enn den har case. Kommunane utgjer casen i studien, medan befolkninga i kommunane utgjer analyseiningane. Einingane blir analysert gjennom kvantitative teknikkar. Bruken av kvantitative analyseteknikkar er ikkje veldig vanleg i case-studiar, men det er ingen metodologiske grunnar til at desse to ikkje skal la seg kombinere. Som Gerring

¹¹ På lokalpolitikarnivå eksisterer det data som mogleggjer fleirnivåanalyse, og ein slik analyse har også blitt gjennomført av Monkerud (2004).

(2007, loc. 385)¹², skriv: ”The introduction of statistical analysis does not – should not - disqualify a study as a ”case study”.

Yin (2009) meiner ein case bør veljast med basis i ein eller fleire av fem grunngevingar: Den kritiske casen, den ekstreme eller unike casen, den representative eller typiske casen, den avslørande case og den longitudinelle casen. Når samanslåingsprosessen i Hareid og Ulstein her er valt som case, kan dette forsvarast utifrå iallfall to av desse grunngevingane:

For det første er det rimeleg å hevde at casen er *kritisk*. Yin meiner kritiske case er viktige innanfor teoritesting, og bør nyttast som rasjonal for casevalet når

”The theory has specified a clear set of propositions as well as the circumstances within which the propositions are believed to be true. A single case, meeting all of the conditions for testing the theory, can confirm, challenge, or extend the theory. The single theory can then be used to determine whether the theory’s propositions are correct or whether some alternative set of explanations might be more relevant” (Yin, 2009, loc. 1179)¹³

Kapittel 3 skisserte eit klart sett av forventningar som vil bli testa i den seinare analysen. Nokre av desse forventningane er testa tidlegare, men då i nasjonale datasett. Eg vil undersøke dei teoretiske forventningar innanfor konteksten av ein konkret samanslåingsprosess. Dette vil etter mi vurdering gi eit bidrag til teoribygginga- og testinga innanfor forskingsområdet.

For det andre meiner eg mitt caseval er *avslørande*. Yin (2009, loc. 1209) meiner eit case kan veljast med denne grunngevinga når ”investigator has an opportunity to observe and analyze a phenomenon previously inaccessible to social science inquiry. (...) The case study is (...) revelatory because the descriptive information alone will be revelatory.” Casen Hareid og Ulstein har ikkje vore utilgjengeleg for forskning tidlegare, men det har ikkje blitt samla data innanfor dette forskingsfeltet i denne casen. Som vist i kapittel 3, har mykje av

12 Det er brukt ei digital Amazon Kindle-utgåve av Gerring (2007). Denne nyttar ikkje sidetal, men ’locations’.

13 Det er brukt ei digital Amazon Kindle-utgåve av Yin (2009). Denne nyttar ikkje sidetal, men ’locations’.

forskinga på haldningar til samanslåing i stor grad vore basert på nasjonale data. Sidan kommunesamanslåingar er lokale spørsmål, er det behov for å ta omsyn til den lokale kontekst både i datainnsamlinga og i analysen. Det er eit underskot på slike lokale data innanfor dette forskingsområdet, og mi datainnsamling bør bidra til å avsløre ny empiri.

Det er også ein tredje rasjonal for å velje Hareid og Ulstein som case, men denne er ikkje å finne i terminologien til Yin. Dersom ein vel eit case der prosessen mot samanslåing ikkje er kome skikkeleg i gang, er faren stor for at ein ville støytt på dei same problema som ved ein nasjonal studie eller ein studie av ein tilfeldig valt kommune. I slike case er ikkje kommunesamanslåing særleg relevant verken for respondentar, teorien på området eller den empiriske røyndomen, og ein studie av slike case vil ikkje tilføre særleg mykje til forskingsfeltet. Mitt argument er difor at ein studie av samanslåing for det første bør gjerast i eit case der samanslåing er aktuelt og for det andre bør gjerast i ein case der det er tatt konkrete, substansielle steg mot ei samanslåing. Per 2012 er Hareid og Ulstein ein av få samanslåingskandidatar som oppfyller begge desse krava.

Eg skal ikkje legge skjul på at valet også er gjort av praktiske årsaker. Dette prosjektet kunne ikkje vore gjennomført utan eksterne midlar til datainnsamling. Valet av case er difor påverka av kvar det var høve til å skaffe slike midlar. Eg er sjølv frå Ulstein kommune, og hadde eit kontaktnett her som vart nytta til å skaffe finansiering. Lokalavisa Vikebladet Vestposten stod for over 90 prosent av finansieringa av datainnsamlinga. Den resterande delen av støtta kom frå Universitetet i Bergen si ordning for støtte til datainnsamling på masternivå. Analyse av eit case eg kjenner frå før, gjer at eg har god kunnskap om lokale forhold. Dette er ein fordel i datainnsamling og analyse. Likevel kan det vere ein ulempe at eg som forskar har vore ein del av lokalsamfunna eg analyserer. Bruken av kvantitative analyseteknikkar gjer likevel at forskaren får større avstand til forskingsobjekta, som reduserer risikoen for at mine haldningar og handlingar påverkar datainnsamling og tolking av analyseresultata.

Ein klar ulempe ved bruk av casestudie framfor ein nasjonalt representativ studie er at høvet til statistisk generalisering i stor grad fell bort. Det er ikkje rimeleg å nytte data frå to kommunar til å seie noko om haldningar til kommunesamanslåing i alle landets kommunar., Studiet av kommunesamanslåingar og haldningar til desse er komplekst. Debatten om kommunestrukturen er i stor grad nasjonal, medan det her er argumentert for at

samanslåingsprosessar i stor grad blir initierte, debatterte og gjennomførte lokalt, iallfall så lenge samanslåingar er frivillige. Dette gjer at ein nasjonal studie kan vere like lite eigna til å seie noko om haldningar til samanslåingar i ein case som ein lokal studie i ein annan case vil vere. I staden for statistisk generalisering, blir denne studien nytta til å teste ut tidlegare generaliseringar og teoriar frå andre case og nasjonale utval i denne casen, i tillegg til å vidareutvikle og teste nye sider ved teori på dette forskingsområdet (jf. Andersen, 1997, s. 132-136). Ein lokal casestudie gjer også at eg er betre i stand til å forstå mekanismane bak dei kausale samanhengane eg identifiserer i analysen, enn det som er tilfelle med nasjonale data (jf. Gerring, 2007, loc. 435, 510).

4.2. Datagrunnlag

Datagrunnlaget er ei spørjeundersøking av eit representativt utval av folkesetnaden i Hareid og Ulstein. 850 respondentar deltok i undersøkinga, fordelt tilnærma likt mellom dei to kommunane. Undersøkinga vart gjennomført av Norstat AS i juni og juli 2012, og er eit samarbeidsprosjekt mellom underteikna og lokalavisa Vikebladet Vestposten. Delar av resultatata frå undersøkinga vart presenterte i Vikebladet Vestposten 16. august 2012. Under vil innsamlingsprosessen bli gjennomgått. I denne delen blir hovudsakleg reliabiliteten (kvaliteten) på det endelege datamaterialet diskutert. Operasjonaliseringa av variablane (spørsmåla) og potensielle validitetsutfordringar ved desse blir diskuterte seinare i kapittelet (del 4.4).

Norstat trekte utvalet tilfeldig frå personar registrerte i Hareid og Ulstein i Eniro sin database over mobiltelefon- og fasttelefonabonnement, og oppringingane vart kvotert på fasttelefonar og mobiltelefonar. Ved oppringingar til fasttelefon, spør Norstat etter den yngste personen i hushaldet. Desse to grepa blir tatt fordi Norstat har erfart at den yngre delen av befolkninga blir stadig vanskelegare å fange opp i opinionsundersøkingar. Ungdom og unge vaksne har gjerne ikkje fasttelefon, og blir difor underrepresenterte dersom det ikkje blir ringt opp til mobiltelefon.¹⁴ I det endelege datasettet var 70 prosent av svara frå mobil-oppringingar, og 30 prosent frå fasttelefon-oppringingar.

¹⁴ Informasjonen over er henta direkte frå min kommunikasjon med Norstat AS ved Roar Teige og Geir Hobberstad.

Norske telefonabonntar kan reservere seg mot telefonsal, men ikkje mot marknads- og opinionsundersøkingar (Brønnøysundregistrene, 2013). Den einaste gruppa som ikkje kan bli trekt ut er difor personar med hemmeleg nummer. Ifølgje Norstat utgjer desse om lag 0,25 prosent av telefonabonntane på landsbasis.

Norstat gjennomførte datainnsamlinga ved gjennom såkalla "Computer Assisted Telephone Interviewing" (CATI). Svara frå respondentane blir då simultant registrerte på datamaskin av intervjuaren. Opplæringane av intervjuarar i Norstat skal sikre at intervjuarane gir respondenten tilstrekkelege instruksjonar til spørsmåla, særleg ved skalaspørsmål, og at dialogen mellom respondent og intervjuar er mest mogleg effektiv. Dette skal sikre best mogleg datakvalitet. Intervjuarane blir også rettleia av ein erfaren intervjuar (jf. Norstat, 2012).

Ved innsamling av eigne data er det ekstra viktig å ta omsyn til etiske problemstillingar rundt anonymisering og handsaming av data. I denne datainnsamlinga har det utelukkande blitt registrert anonyme opplysningar, og datamaterialet består ikkje av informasjon som kan nyttast til å identifisere enkeltpersonar verken direkte eller indirekte. Det er ikkje krav om meldeskjema til Personvernombudet for Forskning ved telefonbaserte spørjeundersøkingar som ikkje innhentar personopplysningar (Personvernombudet for Forskning, 2013). Det blir samla inn sensitive opplysningar i form av informasjon om politiske haldningar, men desse kan ikkje sporast til enkeltpersonar. Norstat registrerer data om intervjuar som er gjennomførte, men desse kan ikkje nyttast til å identifisere respondentar (Norstat, 2012, s. 5).

Ei avveging som måtte gjerast med omsyn til populasjonen var om respondentane måtte vere både folkeregistrerte og busette i kommunen, eller om alle folkeregistrerte personar skulle vere kvalifiserte for deltaking. Med bakgrunn i at studien er ein case-studie av Hareid og Ulstein, vart populasjonen avgrensa til personar som er *busette* i kommunane. Folkeregistrerte personar vil rett nok ha stemmerett i ei folkerøysting om kommunesamanslåing. Kapittel 3 viste at målet med denne studien å auke forståinga av årsakene til haldningar til og legitimitetsgrunnlaget for kommunesamanslåingar, ikkje å gi ein prognose for ei folkerøysting om samanslåing. I tillegg omhandla ein del av spørsmåla i undersøkinga ting so tenestetilbodet i kommunane og lokal identitet. Dette er tema som i dei fleste tilfelle ikkje angår folk som er busette i andre kommunar. Det vart difor vurdert som

meir gunstig å utelukkande spørje personar som faktisk er busette i kommunane. Under intervjuet vart respondentane spurt om bustadkommune. Om svaret ikkje var Hareid eller Ulstein, vart intervjuet avslutta.

Telefonintervju (CATI) vart valt som metode for å gjennomføre spørjegranskinga. Intervjumetoden vart vurdert som det klart beste alternativet for spørjegranskinga på befolkningsnivå i dette prosjektet. Andre alternativ kunne vore webundersøking eller postalundersøking. Eg vurderer websurveyar til å vere lite eigna i vitskaplege undersøkingar der ein ønskjer eit sannsynsutval av ein populasjon. Websurveyar diskriminerer dei delane av populasjonen som ikkje har internetttilgang eller ikkje nyttar internett (til dømes eldre). Det finst heller ikkje noko offentleg register over e-postadresser, som gjer distribusjonen av undersøkinga vanskeleg. Vidare er svarprosenten i websurveyar generelt sett vesentleg lågare enn i telefonundersøkingar (sjå Vehovar og Lozar Manfreda, 2008). Telefonpanelundersøkingar blir hovudsakleg gjennomført for nasjonale sannsynsutval og var ikkje eit alternativ for denne studien. Postalundersøkingar er mest eigna for store og omfattande surveyprosjekt, og vart ikkje vurdert som eigna for eit så lite spørjeskjema som dette.

Som nemnt i innleiinga, vart det også samla inn data om kommunestyrerepresentantar og administrative leiding i Hareid og Ulstein med tanke på bruk i ein samanlikning av haldningar i befolkninga og eliten. Trass i at ordførarar og rådmenn var informerte og konsulterte før datainnsamling, og fleire purringar vart sendt ut, var svarprosenten i dette datamaterialet for låg til at det var forsvarleg å nytte det i ei vitskapleg samanlikning. Dette datamaterialet blir difor ikkje diskutert her.

4.2.1. Vurderingar om reliabilitet

4.2.1.1. Svarprosent

Låg svarprosent i ei spørjeundersøking kan føre til systematisk utelating av delar av populasjonen og med det dårleg reliabilitet. Svarprosent er vanleg å bruke i evalueringar av kvaliteten på data frå spørjeundersøkingar (Biemer og Lyberg, 2003), og den det er i liten grad diskusjon om at låg svarprosent kan svekke reliabiliteten i spørjeundersøkingar (Babbie, 1990; Holbrook, Krosnick og Pfent, 2007, s. 500). Den generelle trenden er at det blir vanskelegare og vanskelegare å få folk til å delta i politiske spørjeundersøkingar, og at den gjennomsnittlege svarprosenten er på veg ned (Holbrook et al., 2007, s. 527). Det må

likevel påpeikast at metaanalysen til Holbrook et al. (2007) berre finn ein svak samanheng mellom svarprosenten til undersøkingar og kor demografisk representative utvala er.

Gjennomføring av tiltak for å auke svarprosenten er vist å vere effektivt (Curtin, Presser og Singer, 2000; 2005). Slike tiltak inkluderer mellom anna lengre tid til gjennomføring av undersøkinga, auke av talet på tilbakeringingar dersom respondenten ikkje svarar, sending av brev i forkant, tilbod om insentiv for gjennomføring og trening av intervjuarar i å få dei som først nektar til å ombestemme seg. I ein metaanalyse av svarprosent i politiske spørjeundersøkingar, undersøkte Holbrook et al. (2007, s. 526-527) slike tiltak nærare. Dei fann at lengre feltarbeidsperiodar, kortare intervju, fleire tilbakeringingar og tilbod om insentiv til respondentar førte til høgare svarprosent. Brev på førehand, telefonsvarmeldingar, forsøk på å omvende dei som først nektar og avtalar på førehand hadde ingen effekt på svarprosenten.

I planlegginga og gjennomføringa av datainnsamlinga i denne studien, har eit av dei viktigaste poenga vore å sikre ein så høg svarprosent som mogleg. Fleire av tiltaka som er vist som effektive over, er gjennomført i denne studien. Det viktigaste gjennomførte tiltaket var tilbakeringingar. Norstat, som gjennomførte datainnsamlinga, ringer vanlegvis tilbake tre gonger om ein respondent ikkje svarar. I denne datainnsamlinga er det ringt tilbake opptil 10 gongar om respondentar ikkje svarar. I tillegg er spørjeskjemaet til undersøkinga kort (15 spørsmål). Feltarbeidsperioden strekte seg over nesten ein måned (14. juni til 10 juli), som må reknast som relativt lenge for ei så avgrensa undersøking som denne (jf. Holbrook, 2007). Eg hadde ikkje økonomiske rammer for å tilby insentiv, så dette tiltaket er ikkje gjennomført.

I tillegg kan det vere ein ulempe at feltperioden vart lagt til sommarmånadene (juni og starten av juli). Dette vart gjort fordi Norstat gav prisrabatt i denne perioden, og datainnsamlinga ville ikkje vore økonomisk forsvarleg om den vart gjennomført i ”høgsesongen”. Det kan vere mange som er bortreist i feltarbeidsperioden, som kan påverke svarprosenten negativt. Eg unngjekk likevel det meste av fellesferien (den starta mandag 9. juli i 2012), så effekten bør ikkje vere dramatisk.

Trass i dei gjennomførte tiltaka, kan ein ikkje avskrive låg svarprosent som eit problem i datamaterialet. Oversikta Norstat leverte etter fullført datainnsamling viser at 2.584 personar

har avslått å svare på undersøkinga av ulike grunnar. Den vanlegaste grunnen respondentane opp gir, er at dei ikkje vil delta/ikkje er interesserte i temaet for undersøkinga (1092 personar). Vidare er det 734 respondentar som ikkje har tid/meiner intervjuet tek for lang tid.

I tillegg til dei 2.584 personene der eg veit årsaka til kvifor dei ikkje har deltatt, viser oversikta 1.524 personar som har ukjent status. Norstat opplyser at dette er personar dei har mislykkast i å oppnå kontakt med, sjølv etter opptil ti oppringingar. Eg har ikkje informasjon om kor mange av desse som faktisk ville vore i nedslagsfeltet for undersøkinga. 222 oppringingar fall ut av årsaker som ikkje påverkar svarprosenten (personar som ikkje er del av populasjonen, oppringingar til feil nummer, nummer ikkje i bruk og dobbeloppringingar).


Utrekning av svarprosent er faktisk ein ganske kompleks prosess. I appendikset (del 9.3.) blir denne prosessen skildra i detalj. Her nøyer eg meg med å påpeike at svarprosenten for dette datamaterialet varierer mellom 17,8 og 26,1 prosent, avhengig av kva utrekningsmetode ein nyttar. Med den mest konvensjonelle utrekningsmetoden ligg svarprosenten rundt 20 prosent. Dette er ikkje eit spesielt høgt tal, og det er fare for at svarprosenten går utover datakvaliteten. Under vil eg forsøke å undersøke om dette er tilfelle ved å undersøke korleis den demografiske fordelinga i utvalet samsvarer med populasjonen.

4.2.1.2. Kontroll for demografisk representativitet

Surveydata av høg kvalitet bør sjølvstgått bestå av eit representativt utval av populasjonen som skal undersøkast. Holbrook et al., (2007, s. 524) nyttar kjønn, inntekt, rase, utdanning og alder som mål på kor demografisk representativt datamaterialet er. Eg har høve til å kontrollere for alle desse bortsett frå rase, som eg ikkje har nokon variabel for i datamaterialet. Dei fire andre måla bør likevel gi eit godt innblikk i kor demografisk representativt datamaterialet er. Under blir demografiske data frå utvalet samanlikna med data frå populasjonen i Hareid og Ulstein.


Inntekt: Den generelle tendensen i figur 3 er at personar med høg inntekt er overrepresentert i utvalet, medan personar med låg inntekt er underrepresentert. For intervalla rundt midten er skilnadene mindre, men det er likevel skilnader mellom populasjon og utval. Eg ser eit skilje i overgangen frå intervallet 200.000 – 299.999 til

300.000 – 399.999. Førstnemnde og alle lågare intervall er underrepresentert, sistnemnde og alle høgare intervall er overrepresentert. Differansen mellom populasjon og utval er størst for dei største og dei minste kategoriane. Det må påpeikast at populasjonstala teller personar 17 år og eldre, medan utvalstala berre inkluderer personar 18 år og eldre. I og med at ungdom gjerne har låge inntekter, er det grunn til å tru at figur 3 gir eit noko skeivt inntrykk av særleg dei lågaste inntektsintervalla. Det bør takast omsyn til underrepresentasjonen til dei lågare inntektsgruppene og overrepresentasjonen i dei høgare inntektsgruppene i tolkinga av analysen.




FIGUR 3: Samanlikning av inntektsnivå i utval versus populasjon. Kjelde, populasjonsdata: ”Skattestatistikk for personer, inntektsintervall, talet på busette personar 17 år og eldre (2010) (kommune) (SSB, 2010). Eining: Prosent. NB: Populasjonsdata inkluderer personar 17 år og eldre, utvalsdata berre personar 18 år og eldre. NB: Populasjonsdata har intervall 0 - 99.999, 100 – 199.999 osv., utvalsdata har intervalla 0 – 100.000, 100.001 – 200.000 osv. Eining: Prosent.

Kjønn: Prosentfordelinga i utvalet er noko lunde den same som kjønnsfordelinga i den norske befolkninga. I Hareid og Ulstein består befolkninga av ein større del menn og ein lågare del kvinner enn det som er tilfelle nasjonalt. Figur 4 viser difor at kvinner er noko overrepresentert i utvalet, medan menn er marginalt underrepresentert. Skeivheitene blir ikkje vurdert som eit stort problem i analysen.




FIGUR 4: Samanlikning av kjønnsfordeling i utvalet versus populasjonen. Kjelde, populasjonsdata: ”Folkemengde ved folketellingen 2011, etter kjønn og ettårig alder (kommune)” (SSB, 2011) Eining: Prosent.

Utdanningsnivå: Samanlikninga i figur 5 er ikkje heilt reell. Spørjeundersøkinga mi inkluderer berre myndige personar, medan populasjonen inkluderer alle frå 16 år. Med bakgrunn i at personar yngre enn 18 år gjerne ikkje har fullført mykje utdanning, er det grunn til å tru at verdiane ”grunnskule” og ”ingen utdanning” er noko underrepresentert i utvalet i høve til i populasjonen, og dei høgare verdiane noko overrepresentert. Uansett er dei med høgare utdanning dei mest overrepresenterte i utvalet (13,8 prosentpoeng), medan dei som har fullført berre grunnskule er dei mest underrepresenterte (10,8 prosentpoeng). I analysen bør ein ta omsyn til at respondentar med høg utdanning er overrepresenterte. Dette kan gir desse einingane stor innverknad på resultatata.



FIGUR 5: Samanlikning av utdanningsnivå i utval versus populasjon. Kjelde, populasjonsdata: ”Personer 16 år og over, etter kjønn og utdanningsnivå. Absolutte tall og prosent (2001, kommune)” (SSB, 2011b). ”Ingen utdanning” inkluderer også personar der utdanning ikkje er registrert (for både utval og populasjon). Eining: Prosent.

Alder: Figur 6 viser at aldersgruppene 18-29 år og 30-49 år er noko underrepresenterte, medan gruppene 50-66 år og 67 år og eldre er noko overrepresenterte. Den yngste aldersgruppa er mest underrepresentert, med ein differanse på 6,8 prosentpoeng mellom utval og populasjon, medan gruppa 50-66 år er mest overrepresentert med ein differanse på 7,7 prosentpoeng. Samanhengen mellom alder og svarprosent er hyppig diskutert i den metodologiske litteraturen. Medan enkelte viser at yngre delar av befolkninga er underrepresentert, viser andre at eldre delar av befolkninga er det same. Det er ikkje overraskande at den yngre delen av befolkninga er underrepresentert, sjølv om oppringingar til mobiltelefon burde redusere risikoen. Skilnadene mellom populasjon og utval bør takast omsyn til, men dei er ikkje urovekkjande store.



FIGUR 6: Samanlikning av aldersfordeling i utvalet versus populasjonen. Kjelde, populasjonsdata: ”Folkemengde ved folketelling 2011, etter kjønn og ettårig alder (kommune)” Eining: Prosent.

4.2.1.3. Oppsummering, svarprosent og representativitet

Trass i at det er gjennomført tiltak for å heve svarprosenten i datainnsamlinga, var det altså under kvar fjerde kvalifiserte person som vart ringt opp svarte på undersøkinga. Svarprosenten er lågare enn den gjennomsnittlege svarprosenten i metastudien til Holbrook et al. (2007). Vi ser vidare at det er avvik mellom den demografiske fordelinga i populasjonen i høve til i utvalet. Respondentar med høge inntekter og/eller høg utdanning er særleg overrepresenterte, medan respondentar med låge inntekter og/eller låg utdanning er særleg underrepresenterte. For både alder og kjønn er det relativt små avvik.

Opinionsundersøkingar er ikkje ein eksakt vitskap, og skeivfordelingar liknande dei vi har sett over vil ein nok sjå i dei aller fleste slike undersøkingar. Følgja av dette er at vi aldri kan garantere perfekt reliabilitet i datamaterialet. I dette tilfellet er det gjennomført fleire tiltak for å auke svarprosenten og reliabiliteten. Norstat rapporterer at desse tiltaka iallfall delvis har vore vellykka, og at svarprosenten er relativt høg samanlikna med mange andre surveyar i små populasjonar. Det er viktig å påpeike at skeivheiter i utvalet ikkje er eit substansielt problem før dei systematisk påverkar resultata av analysen. Dette er det ikkje mogleg å undersøke. Eg vil difor ta særleg omsyn til skeivheitene som er skildra over i den seinare tolkinga av analyseresultata. Det er mellom 70 og 80 prosent som ikkje har svart på undersøkinga, og det er openbart at dette kan ha innverknad på reliabiliteten til datamaterialet. Ei generalisering frå dette utvalet til heile populasjonen bør difor gjerast med varsemd.


4.3. *Bruk av logistisk regresjonsanalyse*

I valet av analyseteknikk, er det mest sentrale kriteriet å velje den metoden som høver best til datamaterialet og problemstillinga. Denne analysen nyttar seg av binær, logistisk regresjonsanalyse, som vart valt framfor alternative framgangsmåtar av både statistiske og substansielle årsaker. Analysen blir i tillegg sekvensiell, ikkje simultan. Ein sekvensiell regresjon skil seg frå vanleg, simultan regresjon ved at analysen er delt inn i fleire modellar, og dei uavhengige variablane blir introduserte i blokker. Metoden er eigna til å analysere korleis nye variablar endrar effektane av variablane som allereie inngår i analysen, og korleis nye variablar endrar forklaringskrafta til modellen (Christophersen, 2009, s. 149).

Den avhengige variabelen, spørsmålet om kommunesamanslåing i spørjeskjemaet, har fire svaralternativ, og variabelen har difor fire rangerte verdiar i utgangspunktet. Den er med andre ord på ordinalnivå. Dette opnar i utgangspunktet for fleire typar analyser. For det første kan det tenkjast at det er mogleg å gjennomføre ein lineær regresjon med ein slik variabel. Eikemo og Clausen (2007, s. 164) meiner dette kan vurderast når den avhengige variabelen har fire-fem verdiar eller fleire. Andre har også tatt til orde for dette (Pasta, 2009, s. 2; Moses, Emerson og Hosseini, 1984). Slik eg ser det, bør dette likevel berre gjerast i nokre få, særskilte tilfelle. Ein kan vurdere lineær regresjon om verdiane på den kategoriske avhengige variabelen kan sjåast som ei grov inndeling av ein underliggende, kontinuerlig

variabel. Det vil i dette tilfellet seie at den avhengige variabelen blir sett som ei grov inndeling av ein underliggende variabel med langt fleire verdier.

I dette tilfellet *kan* den avhengige variabelen sjåast som ei slik inndeling av ein kontinuerleg variabel. Likevel er det fleire føresetnader som må tilfredsstillast før lineær regresjon kan akseptrast som framgangsmåte. Skilnaden i *intensiteten* mellom verdiane på den avhengige variabelen må vere konstant. Det vil i dette tilfellet seie at avstanden/skilnaden mellom verdiane ”svært godt forslag” og ”godt forslag” må vere nokolunde den same som til dømes mellom ”godt forslag” og ”dårlig forslag”. Dette kan illustrerast på denne måten:



FIGUR 7: Grafisk framstilling av haldning til kommunesamanslåing som grov inndeling av underliggende, kontinuerleg variabel. Lik avstand mellom kategoriar. Figur etter modell frå Tufte (2000, s. 65).

Mi vurdering er at dette er urimeleg å hevde at denne føresetnaden er oppfylt. Avstanden mellom ”dårlig forslag” og ”godt forslag” må sjåast som større enn avstanden frå ytterpunkta av variabelen til ”dårlig forslag” og ”godt forslag”. Følgjande grafiske framstilling av variabelen er etter mi meining meir rimeleg:



FIGUR 8: Grafisk framstilling av haldning til kommunesamanslåing som grov inndeling av underliggende, kontinuerleg variabel. Ulik avstand mellom kategoriar. Figur etter modell frå Tufte (2000, s. 65).

Ulik avstand mellom kategoriane er eit brot med føresetnadene for lineær regresjon. Dette kan gi upresise estimat og problem med normalitet, linearitet og homoskedastisitet (Tufte, 2000, s. 13-16; Menard, 2002). I tillegg ville kravet om normalfordelte residualar i OLS-

regresjon vore problematisk for denne analysen (jf. Eikemo og Clausen, 2007, s. 113). Logistisk regresjon, som stort sett ikkje treng å oppfylle krava over, vart difor vurdert å høve betre til datamaterialet som ligg til grunn for denne analysen.

Det finst fleire typar logistisk regresjon. Binær, logistisk regresjon, som føreset at den avhengige variabelen er koda med to verdiar, er den mest vanlege. All den tid den avhengige variabelen i utgangspunktet har meir enn to verdiar i dette tilfellet, vurderte eg om multinomisk eller ordinal logistisk regresjon var meir eigna. Multinomisk regresjon er eigna når verdiane på den avhengige variabelen ikkje er i noko spesiell rekkefølge, altså at variabelen er på nominalnivå (Eikemo og Clausen, 2007, s. 168). I dette tilfellet er verdiane i ordna rekkefølge, og denne typen analyse er difor ikkje eigna.

Ordinal regresjon er meint å nyttast når den avhengige variabelen har verdiar i ordna rekkefølge. Fordelen med denne typen analyse i høve til binær regresjon, er at det ikkje er naudsynt å redusere talet på verdiar på den avhengige variabelen til to. Dette gjer det mulig å få eit meir nyansert bilde av fordelinga på den avhengige variabelen. Ordinal, logistisk regresjon har likevel problematiske sider. Tolkinga av koeffisientar er mellom anna meir komplisert og moglegheitene for goodness of fit-testar er meir avgrensa (Tufta, 2000, s. 68). Årsaka til at metoden ikkje vart valt for denne analysen, var likevel eit brot med føresetnadene for ordinal regresjon. I ordinal regresjon at effekten til ein uavhengig variabel er lik uavhengig av kva verdiar på den avhengige variabelen ein beveger seg mellom.

Det er med andre ord ein føresetnad at effekten av ein uavhengig variabel er den same om vi beveger oss frå til dømes ”svært dårlig forslag” til ”dårlig forslag”, som effekten når vi beveger frå til dømes ”godt forslag” til ”svært godt forslag”. Denne føresetnaden blir undersøkt gjennom ein såkalla *test of parallel lines* i SPSS (Eikemo og Clausen, 2007, s. 167-168). Om denne er statistisk signifikant, kan eg ikkje gå utifrå at effekten av uavhengige variablar er lik for alle verdiar på den avhengige variabelen. I dette tilfellet var testen statistisk signifikant for alle modellar som vart prøvde ut. Den ordinale regresjonsmodellen vart difor forkasta.

Binær, logistisk regresjon vart difor vurdert som mest eigna for analysen. Ulempa med denne typen modell er at det ikkje er mogleg å ta omsyn til nyansar, altså fleire enn to

verdiar, på den avhengige variabelen. Den avhengige variabelen må difor kodast om til to verdiar (jf. kapittel 4.4.). Det er likevel openbart at det er skilnaden mellom dei som er positive eller svært positive til samanslåing og dei som er negative eller svært negative til samanslåing som er mest interessant i denne analysen. I tillegg vil nyansane på den avhengige variabelen bli analysert i den deskriptive delen av analysekapittelet. Denne ulempa vart difor vurdert som liten.

4.3.1. Den logistiske regresjonslikninga

Logistisk regresjonsanalyse nyttar såkalla *maximum likelihood*-teknikkar. Det vil seie at modellen forsøker å rekne ut kor sannsynleg ein verdi på den avhengige variabelen Y er (som oftast sannsynet for $Y = 1$), gitt verdiane på dei uavhengige variablane. Eg reknar med andre ord ut koeffisientane ved ein funksjon som maksimerer sannsynet for at observerte X - og Y -verdiar opptrer saman (Eikemo and Clausen, 2007, s. 83). Denne funksjonen blir kalla *log-likelihood*. I logistisk regresjon er det *logiten* som gir oss den første peikepinnen på forholdet mellom den avhengige og dei uavhengige variablane. Denne er gitt ved regresjonslikninga

$$I. \quad \text{logit}(Y) = \alpha + \beta_1 X_1 + \beta_2 X_2 + \dots + \beta_k X_k$$

der α er konstantleddet, β er koeffisientane (logit-verdiane) til dei uavhengige variablane (X)¹⁵. Likninga over viser ein modell med fleire uavhengige variablar (jf. Menard, 2002, s. 13).

Sidan logiten i prinsippet kan ha ein uendeleg verdi i både positiv og negativ retning, er ikkje tolking av denne utover retninga til effekten ei særleg intuitiv øving. Transformerings av denne til andre mål er difor å føretrekke. Første steg i denne transformeringa er omrekning til *oddsratio*. For å forstå oddsratioen må ein naturlegvis forstå *oddsen*. Om oddsen er høg, fortel det oss at sannsynet for *suksess* er høgt. Om oddsen er låg, er sannsynet for *suksess* lågt. Suksess er her definert som verdien 1 (positiv til kommunesamanslåing) på

¹⁵ Regresjonslikninga inneheld eigentleg også eit restledd, som representerer den variasjonen på den avhengige variabelen regresjonsmodellen ikkje er i stand til å forklare. Sidan denne likninga er meint å nyttast til matematiske utrekningar av logiten, er dette utelatt.

den avhengige variabelen, medan verdien *fiasko* er definert som verdien 0 (negativ til kommunesamanslåing).

Oddsratioen er definert som forskjellen mellom to odds, og det er denne som blir rapportert i regresjonsanalysen i kapittel 5. I tolkinga av denne ser vi altså på kor mykje oddsen utviklar seg, positivt eller negativt, når vi går frå ein verdi på den uavhengige variabelen til ein annan. Ved dummykoding vil referansekategorien alltid ha oddsratio 1 (ingen utvikling i odds). Dummy-variablane kan ha ei negativ utvikling i oddsen for suksess (oddsratio under 1) eller ei positiv utvikling i oddsen for suksess (oddsratio over 1) *i høve til referansekategorien*. Ved kontinuerlege avhengige variablar ser vi på endringa i odds ved ei endring på ei eining på den uavhengige variabelen. Positiv oddsratio (over 1) indikerer at oddsen for suksess blir høgare når vi aukar verdien til den uavhengige variabelen med éin verdi, medan negativ oddsratio (under 1) indikerer at oddsen for suksess blir dårlegare når vi aukar verdien på den uavhengige variabelen med éin verdi (Eikemo og Clausen, 2007, s. 91; Menard, 2002, s. 56). Oddsratioen er matematisk definert som antilogaritmen til logiten, og er gitt ved

$$\text{II.} \quad \varphi(Y) = e^{\text{logit}(Y)}$$

der φ er oddsratioen, e er den matematiske konstanten e og Y er den avhengige variabelen. Ein oddsratio på 1,5 vil seie at oddsen for suksess for å vere positiv er 1,5 gongar høgare for den aktuelle eigenskapen enn for referansekategorien. Tilsvarande vil ein oddsratio på 0,5 seie at oddsen for suksess er 0,5 gongar lågare for respondentar med den aktuelle eigenskapen i høve til respondentar i referansekategorien (Eikemo og Clausen, 2007, s. 91). Ved kontinuerlege variablar vil ein oddsratio på 1,5 seie at oddsen for suksess i gjennomsnitt blir 1,5 gongar høgare ved ein auke på éin verdi på den uavhengige variabelen, og vice versa for ein oddsratio på 0,5 (Menard, 2002, s. 56).

Det neste steget i transformasjonen er omrekning til sannsyn. Sannsyn er den typen koeffisient i logistisk regresjon som har den mest intuitive tolkinga. Den gir oss ein prosentvis sjanse for suksess eller fiasko for gitte verdier på dei uavhengige variablane. Sannsynet kan reknast ut med basis i logiten eller oddsratioen. Med utgangspunkt oddsratioen, er sannsynet gitt ved

$$\text{III.} \quad P(Y = 1) = \frac{1}{1 + e^{-\ln(\varphi)}}$$

der P er sannsynet, ($Y=1$) er suksess, e er den matematiske konstanten e , og $\ln(\varphi)$ er den naturlege logaritmen til oddsratioen¹⁶. Denne metoden er særleg nyttig ved undersøking av korleis sannsynet for suksess endrar seg med ulike kombinasjonar av verdiar på dei uavhengige variablane. I den seinare analysen blir oddsratio rapportert i regresjonsmodellane, medan sannsyn blir rekna ut for enkeltscenario.

4.3.2. Vekting

Sjølv om dei to kommunane har ulikt tal på innbyggjarar, er det intervjuar like mange respondentar frå kvar kommune. Dette vart hovudsakleg gjort for å unngå at utvalet i Hareid vart for lite for statistisk analyse. Dette avviket mellom populasjon og utval bør likevel takast omsyn til i analysen. I analysen er effektane av kommunane tatt omsyn til gjennom ein eigen uavhengig variabel. Det vart i tillegg gjennomført ein kontrollregresjon der ei populasjonsvekt var nytta, og kontrollert for i regresjonsanalysen. Denne populasjonsvekta gav likevel ikkje vesentlege utslag i resultatane av analysen. Regresjonsmodellane i kapittel 5.2 er difor utan populasjonsvekting.¹⁷

I tillegg vart det vurdert om vekting burde nyttast for å vege opp for dei demografiske skeivheitene i datamaterialet. Vekting som tok omsyn til så mange parameter er svært komplisert, og ville medført ein fare for oppblåste standardfeil og upresise estimat (Johnson, 2008). Det vart difor vurdert som ei betre løysing å vere open om problema med demografisk representativitet i datamaterialet, og ta omsyn til desse i tolkinga av resultatane.

¹⁶ Formelen er ein modifisert versjon av Eikemo og Clausen (2007, s. 94) sin formel for utrekning av sannsyn med basis i logiten. Den er gitt ved $P(Y = 1) = \frac{1}{1 + e^{-\text{logit}(Y)}}$. Sidan oddsratioen er definert som antilogaritmen til logiten, er logiten definert som den naturlege logaritmen til oddsratioet - $\text{logit}(Y) = \ln(\varphi)$ (jf. Eikemo and Clausen, 2007, s. 91). Formelen over er difor ein korrekt metode for utrekning av sannsyn med basis i oddsratio.

¹⁷ Vektinga vart rekna ut ved $Vekt = \frac{\text{prosentdel av populasjon}}{\text{prosentdel av utval}}$. Vektinga vart gjort ved bruk av populasjonsdata frå januar 2012 (SSB, 2012a; 2012b).

4.3.3. Signifikanstesting og modellvurdering

I vurderinga av kravet til signifikansnivå i analysen, er det to ting eg forsøker å unngå: For det første bør ikkje signifikansnivået vere så liberalt at eg risikerer å forkaste nullhypotesen på feilaktig grunnlag (feil av type I). For det andre bør ikkje signifikansnivået vere så strengt at eg risikerer å forkaste ei korrekt nullhypotese (feil av type II). Når det gjeld feil av type I, er sjansen for at dette skal skje bestemt av signifikansnivået eg vel – sjansen for denne typen feil kan eg difor måle gjennom P-verdiar. Risikoen for feil av type II er avhengig av fleire ting, ikkje minst storleiken på utvalet (Menard, 2002). Estimeringsfeilen blir mindre når utvalet blir større, og eg blir betre i stand til å avdekke reelle samanhengar.

Utvalet i datamaterialet er på 850 personar, som må reknast som relativt lågt. Dette gjer at risikoen for feil av type II (dvs. at eg avviser reelle samanhengar) kan bli stor om eg vel eit for strengt signifikansnivå. Skog (2004, s. 208) gir følgjande råd: ”Dersom det er viktig å unngå feil av type II, bør en ikke velge et svært strengt signifikansnivå.” Eg konkluderer difor med at det er rimeleg å legge seg på eit moderat krav til signifikans. Signifikans på 5 prosent-nivået blir kravet i analysen.

-2LL-testen (i nokre tilfelle kalla devians) blir brukt til den samla vurderinga av modellane i analysen. Denne er basert på den allereie nemnde log likelihood-funksjonen og kjikvadratet. Kvar modell har sin -2LL-verdi, og endringa i -2LL-verdi frå ein modell til ein annan fortel oss om den nye modellen bidreg signifikant i forklaringa av variasjonen på den avhengige variabelen (Eikemo og Clausen, 2007, s. 104, s. 156). Om -2LL verdien blir redusert frå modell A til modell B, og reduksjonen er statistisk signifikant, forklarar modell B meir av variasjonen på den avhengige variabelen og modell B har difor betre ”goodness-of-fit”.

Ein god modell har eit lågt avvik mellom predikerte og observerte frekvensar i datasettet. Kor vidt dette er tilfelle, blir her undersøkt gjennom Hosmer og Lemeshow-testen (Hosmer, 1989; jf Christophersen, 2009, s. 181). Den avhengige variabelen i den typen logistisk regresjon som er brukt her, må som nemnt vere dikotom med verdiane 0 og 1, og modellen gir ein prediksjon på kva verdi eininga har på den avhengige variabelen basert på maximum likelihood-modellen. Om desse prediksjonane stemmer bra med dei som er observerte i datasettet, tilseier det bra ’goodness of fit’. Hosmer og Lemeshow-testen deler inn utvalet i subgrupper basert på sannsynet for verdien 1 på avhengig, undersøker kor godt prediksjonane til modellen stemmer med observasjonane i desse gruppene. Hosmer og

Lemeshow har vist at testen er kjikvadratfordelt, og ein ikkje-signifikant test ($p > 0,05$) tilseier at avviket mellom predikerte og observerte verdiar er lite.¹⁸

Ingen av måla på forklart varians i logistisk regresjon (ofte kalla pseudo R^2) er rapportert. Sjølv om desse skal seie noko om forklart varians i modellen, er både grunnlaget for og tolkinga av pseudo R^2 kontroversielle (Heck, Thomas og Tabata, 2010, s. 86; Eikemo og Clausen, 2007, s. 156; Pampel, 2000, s.51; Greene, 1997, s. 652). Mi vurdering er at $-2LL$ gir adekvat vurderingsgrunnlag for endring av goodness-of-fit mellom modellane i analysen. Kontroversane rundt Pseudo R^2 kombinert med det avgrensa behovet for eit slikt mål gjer at det ikkje blir rapportert.

4.4. Operasjonalisering og koding av variablar

Det første utkastet til spørjeskjema for befolkningsundersøkinga vart utarbeidd hausten 2011. Dette utkastet tente i stor grad som verktøy i dialog med aktuelle meiningsmålingsintitutt og aktuelle samarbeidspartnarar på finansieringssida. Den mest intensive perioden i arbeidet med spørjeskjemaet vart perioden april – mai 2012, før den endelege versjonen vart levert til Norstat i starten av juni 2012. Spørjeskjemaet vart kvalitetssikra av rettleiar og prosjektleiar i Norstat før gjennomføring av undersøkinga. Arbeidet med spørjeskjemaet og operasjonaliseringa var krevjande, særleg fordi det stilte store krav til teoretisk kunnskap om temaet på eit tidleg tidspunkt i forskingsprosessen. Både økonomiske og metodiske (jf. kapittel 4.2.) avveingar gjer at spørjeskjemaet er kort, noko som stilte enda større krav til å stille dei rette spørsmåla på den rette måten.

Under følgjer ein diskusjon om operasjonaliseringa av variablane. Denne diskusjonen har som mål å gi lesaren eit godt overblikk over dei vurderingane som er gjort i operasjonaliseringa av variablane. Operasjonaliseringa av variablane har sjølvsagt som mål å

18 Hosmer og Lemeshow-testen skrivast slik: $X^2_{HL} = \sum_{i=1}^g \frac{(O_i - N_i \pi_i)^2}{N_i \pi_i (1 - \pi_i)}$ der i er subgruppene, N_i er frekvensen (talet på einingar) i dei forskjellige gruppene, O_i er frekvensen til observerte verdiar i gruppene og π_i er gjennomsnittleg predikert verdi i gruppene. Statistikken er vist å vere kjikvadratfordelt med $[i - 2]$ fridomsgrader. (jf. Bububhai og Barnwell, 2003; Sjø University of Massachusetts Amherst (2013) for ei intuitiv innføring i Hosmer Lemeshow-testen).

måle og registrere det eg ønskjer på ein adekvat og påliteleg måte. Dette er i den metodologiske litteraturen kjent som omgrepsvaliditet. (Skog, 2004, s 89-90).

4.4.1. Avhengig variabel

Det mest sentrale spørsmålet i spørjeskjemaet er det om haldning til kommunesamanslåing – den avhengige variabelen. Formuleringa i mitt skjemaet er basert på den i lokaldemokratiundersøkinga 2007, og er som følgjer: ”Sammenslåing av Hareid og Ulstein er et aktuelt tema. Synes du sammenslåing av disse kommunene er et svært godt forslag, et godt forslag, et dårlig forslag eller et svært dårlig forslag?” Fleire alternative formuleringar vart vurdert, der følgjande formulering var mest aktuell: “Om det var folkeavstemming om sammenslåing av Hareid og Ulstein kommuner i morgen, ville du da stemt for eller mot en sammenslåing?”

Som med alle kvantitative operasjoniseringar, er det sentralt at eg lykkast i å måle det teoretiske konseptet eg ønskjer å måle, og at eg fangar opp den delen av populasjonen som har den aktuelle eigenskapen. Med andre ord må målet ha ein høg grad av omgrepsvaliditet (engelsk: construct validity) (Pennings, Keman og Kleinnijenhuis, 2005, s. 67; Skog, 2004, s. 89-91). I tillegg må konseptet sjølvsagt målast på ein slik måte at resultatata eg får er tolkbare og generaliserbare innanfor den populasjonen eg undersøker. I det følgjande argumenterer eg for at det valde målet handterer denne balansegangen på ein tilfredsstillande måte.

I drøftinga av dette, er det interessant å sjå den valde operasjoniseringa i høve til den alternative operasjoniseringa. Målet i denne analysen var ikkje å gi ein prognose for ei eventuell folkerøysting om kommunesamanslåing mellom Hareid og Ulstein. Eg ønskte heller å gi ein inngåande analyse og forståing av kva årsaker som ligg bak innbyggjarane sine haldningar til samanslåing. Med dette målet var det meir naturleg å velje ei operasjonisering som ser på haldninga til kommunesamanslåing på eit overordna nivå og ikkje i høve til ei folkerøysting.

Det vart vurdert som viktig å formulere spørsmålet slik at resultatet vart samanliknbart med det nasjonale datamaterialet i lokalvalsundersøkinga. Vesentlege delar av den tidlegare forskinga på temaet baserer seg på lokalvalsundersøkinga (sjå t.d. Rose og Pettersen, 2005;

Rose og Pettersen, 2003). Eg såg det som ein fordel å ha ein avhengig variabel som gav høve til å samanlikne denne analysen med tidlegare forskning. Den valde avhengige variabelen har i tillegg graderte verdiar (på ordinalnivå), som gjer det mogleg å sjå nyansar i folk sine haldningar til samanslåing. Fordelinga på den avhengige variabelen blir samanlikna med fordelinga i dei nasjonale undersøkingane i den deskriptive delen av analysen.

Ved å velje å nytte eit etablert mål på haldninga til kommunesamanslåing som har blitt brukt i lokaldemokratiundersøkinga, bør målet vere sikra eit høgt nivå av "face validity". Det vil seie at operasjonaliseringa i eigenskap av å ha blitt brukt gjentekne gongar i lokaldemokratiundersøkingane blir sett på som eit tilfredstillande vitenskapleg mål på haldninga til kommunesamanslåing i forskarmiljøet (jf. Pennings et al., 2005, s. 67). Ein direkte statistisk analyse av omgrepsvaliditeten til den avhengige variabelen samanlikna med tidlegare målingar innanfor den same populasjonen ("correlation validity") (Pennings et al., 2005, s. 67), er vanskeleg ettersom det ikkje har blitt samla inn data om dette temaet i Hareid og Ulstein tidlegare. I den deskriptive delen av analysen blir likevel data frå denne analysen samanlikna med målingane i nasjonale utval, og moglege årsaker til eventuelle avvik blir diskutert.

Det vart vurdert om den avhengige variabelen burde konstruerast som ein Likert-skala, altså med ein nøytral midt-kategori. Dette vart likevel vurdert som ei dårleg løysing fordi det er vist at svært mange nyttar seg av dette alternativet om dei får det. Det kan gi denne verdien ein kunstig høg frekvens (Converse og Presser, 1986, s. 36-37). Bruk av likert-skala var difor ikkje aktuelt.

Respondentane kunne velje å ikkje svare på spørsmålet, men alternativet "ønskjer ikkje svare" vart ikkje lest opp av intervjuaren. Denne avgjerda vart gjort i samråd med rettleiar og Norstat, særleg med bakgrunn i at oppløsing av dette svaralternativet gjerne fører til at svært mange vel dette svaret (Schuman og Presser, 1996, s. 116-122). Dette kan føre til at reelle haldningar ikkje kjem fram i datamaterialet (Schaeffer og Presser, 2003, s. 80). Converse (2006 [1964]) har hevda at om ein ikkje les opp dette alternativet, fører det til at enkelte respondentar vel tilfeldig mellom kategoriane som blir lesne opp. Seinare forskning har ikkje funne støtte for denne påstanden, men heller vist at å utelate oppløsing av "veit ikkje"-kategorien ikkje svekker reliabiliteten i datamaterialet (jf. Schaeffer og Presser, 2003,

s. 79-80; Alwin og Krosnick, 1991; Krosnick, Holbrook, Berent, Carson, Hanemann, Kopp, Mitchell, Presser, Ruud, Smith, Moody, Green og Conaway, 2002).

Med bakgrunn i at binær, logistisk regresjon vart valt som analysemetode, blir den avhengige variabelen dummykoda. Respondentar som i utgangspunktet har svart at kommunesamanslåing er eit "dårleg" eller "svært dårleg" forslag blir koda med verdien 0, medan respondentar som svarer at samanslåing er ein "godt" eller "svært godt" forslag blir koda med verdien 1. Respondentar som har svart "veit ikkje" er ekskludert frå analysen.

4.4.2. Uavhengige variablar

Spørjeskjemaet vart av praktiske årsaker utarbeidd før teorikapittelet i dette prosjektet var skriva. Dette var utfordrande, og gjorde at dei viktigaste teoretiske momenta i prosjektet måtte kartleggast på eit tidleg stadium. Spørjeskjemaet måtte på ein adekvat måte måle input og output i samband med spørsmålet om kommunesamanslåing, i tillegg til at eit mest mogleg dekkjande sett av kontroll-variablar skulle inkludera.

4.4.2.1. Måling av input og output

Dei eksisterande datasetta som vart studerte i førebuingane til denne datainnsamlinga, inneheld etter mitt syn ikkje ei operasjonisering eller måling av input- og output-dimensjonane som var tilfredstillande for denne studien. Eg valde difor å konstruere eigne operasjoniseringar av desse dimensjonane. Ein klar ulempe med dette, er at det er vanskeleg å måle omgrepsvaliditeten til variablane statistisk gjennom studiar av korrelasjonsvaliditet (jf. Pennings et al., 2005, s. 67). Dette gjer det desto viktigare å sikre best mogleg omgrepsvaliditet gjennom ein teoretisk og metodologisk diskusjon av operasjoniseringa og alternative operasjoniseringar.

I målinga av input og output er det nytta skalaer som går frå 0 til 10, der 10 utgjer den mest positive responsen. Respondentane vart bedt om å ta stilling til eit spørsmål og plassere oppfatninga si på skalaen. Bruken av 11-punkt-skalaen er utbreidd i det internasjonale survey-prosjektet European Social Survey (ESS), og eg valde å bruke slike skalaer med bakgrunn i dei positive erfaringane som er gjort i ESS (Saris og Gallhofer, 2007).

To alternative variabelsett var aktuelle for måling av input og output. Den eine bad respondentane vurdere kva omsyn dei legg vekt på når dei tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing. Her vart respondentane bedne om å vurdere omsynet til lokal identitet, lokaldemokratiet, det kommunale tenestetilbodet og den kommunale økonomien på ein skala frå 0 til 10 der 10 representerer størst mogleg omsyn. Den andre bad respondentane kva konsekvensar ein kommunesamanslåing av Hareid og Ulstein vil få for tenestetilbod, lokaldemokrati og kommunal økonomi. Respondentane vurderte også dette på ein skala frå 0 til 10.

I likskap med den avhengige variabelen, var det også her sentralt å sikre at operasjonaliseringa målte det teoretiske konseptet eg ønskjer å måle (omgrepsvaliditet). Teorikapittelet viste at input-basert legitimitet er basert i innbyggjarane sine haldningar til det politiske systemet. Borgareffektivitet, som er det korresponderande omgrepet i terminologien til Dahl og Tufte, blir definert som noko utelukkande politisk – som borgarleg kontroll med politiske slutningar. Dette er tydelegast operasjonalisert i variablane ”hensynet til det lokale demokratiet” i alternativ 1 og ”muligheten til å delta i det lokale demokratiet” i alternativ 2. Likevel vart det i teoridelen også vist at input har ein dimensjon som omhandlar det meir grunnleggande synet på kommunen. Dette handlar om kor vidt ein ser kommunen som ein politisk jurisdiksjon eller som ei forlenging av lokalsamfunnet. Om respondenten ser kommunen som ei forlenging av lokalsamfunnet, er det ikkje unaturleg at lokal identitet spelar ei rolle når han eller ho tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing. Difor er det naturleg å også inkludere ”hensynet til lokal identitet” i analysen.

Output, eller systemkapasitet, handlar om at styresmaktene må vere i stand til å tilfredsstillere preferansane til borgarane. Dette er naturlegvis svært vanskeleg å dekkje på ein uttømmende måte gjennom få variablar. Det er likevel vanleg å sjå innbyggjarane sine vurderingar av tenestetilbodet i kommunen som ein vesentleg del av systemkapasiteten (Hansen, 2003a; 2003b; Rose og Pettersen, 2005). Om kommunen genererer eit adekvat tenestetilbod, er output-nivået høgt. Samstundes er både kommunesamanslåingar og tenestetilbodet i kommunane uløysleg knytte til økonomien i kommunane. I Hareid og Ulstein har dei økonomiske gevinstane ved ei samanslåing vore ein heilt sentral del av prosessen. Dette er mest av alt synleg i forstudien frå Agenda Kaupang (2012).

Den endelege vurderinga var at omsynsskalaene eigna seg best for denne analysen, og denne vart difor brukt til å teste dei teoretiske forventningane. For det første spør omsynsspørsmåla respondentane direkte om kva faktorar dei legg mest vekt på, medan framtidsspørsmåla ber dei gi ei vurdering av konsekvensane av ei samanslåing, tilsynelatande uavhengig av deira eige standpunkt til kommunesamanslåing. Det er ikkje nødvendigvis slik at du legg vekt på til dømes tenestetilbodet sjølv om du trur det vil betre seg ved ei kommunesamanslåing. For det andre dekkjer omsynsskalaen input-dimensjonen i teorien på ein betre måte. Operasjonaliseringa av output er meir nyansert i den alternative skalaen. Analysen til Baldersheim et al. (1995) samanlikna innbyggjarane i Fredrikstad-regionen sine prioriteringar av dei ulike delane av tenestetilbodet, og fann at det er skilnader mellom dei ulike tenesteområda, men at dei er relativt små. Den valde operasjonaliseringa (alternativ 1) vart difor vurdert til å vere tilfredsstillande.

4.4.2.2. Andre uavhengige variablar

I tillegg til output og input, blir effekten av to demografiske variablar, to politiske variablar og fire kontrollvariablar undersøkt gjennom sekvensiell regresjon. Det er presentert ei oversikt over korleis desse er operasjonaliserte og koda i tabell 1.

Dei fire kontrollforklaringane er *inntekt*, *kjønn*, *utdanning* og *alder*. Inntekt blir koda om til tre kategoriar. Låg inntekt utgjer dei som tener opp til 300.000 kroner i året brutto, middels inntekt utgjer dei som tener frå 300.000 til 600.000 og høg inntekt blir koda som ei brutto årsløn på 600.000 kroner eller meir. Låg inntekt blir nytta som referansekategori i analysen. Variabelen *kjønn* treng ikkje omkodning. *Utdanning* er dummykoda med tre variablar: Grunnskuleutdanning, vidaregåande utdanning (inkludert påbygging til vidaregåande utdanning, fagskuleutdanning og liknande) og høgskule- eller universitetsutdanning. Grunnskuleutdanning blir nytta som referansekategori. Alder er ein kontinuerlig variabel, og blir ikkje koda om.

Bustadkommune og *innflyttar* er dei demografiske forklaringane i modellen. Begge desse variablane er dummykoda. Dei politiske forklaringane er *politisk interesse* og *parti*. Politisk interesse blir koda om til ein dummyvariabel der uinteressert og lite interessert blir slått saman og ganske interessert og svært interessert blir slått saman. Når det gjeld politisk parti, blir arbeidarparti-veljarane nytta som referansekategori, og alle dei andre partia blir

dummykoda. Merk at dei som svarer at dei stemmer på andre parti, ikkje vil seie kven dei vil stemme på eller ikkje veit kven dei vil stemme på, er koda som ein eigen dummyvariabel. Dette er først og fremst gjort for å hindre eit stort tap i talet på einingar (N) i analysen, og kodinga er gjort i tråd med tilrådingar i Eikemo og Clausen (2007, s. 30-31).

Alle dei uavhengige variablane bortsett frå *alder* og input- og output-variablane er dummykoda. Det er naudsynt med ein utfyllande diskusjon om kodinga og tolkinga av desse variablane. *Alder* er ein kontinuerleg variabel, medan input- og output-variablane er kategoriske variablar på ordinalnivå. For å sleppe dummykoding av ein ordinal uavhengig variabel i logistisk regresjon, må det vere rimeleg å hevde at dei substansielle intervalla mellom verdiane til variabelen er konstante (altså at avstanden er mellom 1 og 2, 4 og 5, 6 og 7 osv.). Dette er ei vanskeleg, skjønsmessig avveging (Tufte, 2000). Her meiner eg likevel at det er få argument for at intervalla ikkje er konstante, og det er difor rimeleg å nytte kodinga frå 0 til 10 i analysen. Variablane blir difor handsama etter modell frå Skog (2004, s. 369-370).

	Verdiar, spørjeskjema	Verdiar etter omkoding
Kontrollforklaringar		
<i>Inntekt:</i> "Hva var din samlede brutto inntekt i 2011? Med brutto inntekt menes inntekt før skatter og fradrag er trukket fra."	Inntekt delt inn med en kategori for kvar 100.000 kr.	Dummykoding med Lav inntekt - 0-300.000 Middels Inntekt -300.001 til 600.000. Høg inntekt - 600.001 eller meir
<i>Kjønn:</i> Hva er ditt kjønn?	1 Mann 2 Kvinne	0 Kvinne 1 Mann
<i>Utdanning:</i> "Hva er din høyeste fullførte utdanning?"		Dummykoding med Grunnskule, Vidaregåande skule og Høgskule-/ Universitetsutd. Som variablar. Grunnskule er referansekategori.
<i>Alder:</i> "Hva er din alder?"	Oppgi alder	Alder, metrisk variabel
Demografiske forklaringar		
<i>Kommune:</i> "Hvilken kommune bor du i?"	0 Hareid 1 Ulstein	0 (Hareid) 1 (Ulstein)
<i>Innflyttar:</i> "Er du opprinnelig fra Hareid eller Ulstein, eller er du innflytter til området? Om du er innflytter, har du bodd i Hareid eller Ulstein i mer enn 5 år?"	1 Opprinnelig fra kommunen 2 Innflytter, Bodd mer enn fem år 3 Innflytter, Flyttet til kommunen i løpet av siste fem år.	0 Opprinnelig frå kommunen 1 Innflyttar
Politiske forklaringar		
<i>Politisk interesse:</i> "Hvor interessert er du i kommunepolitikk? Er du svært interessert, ganske interessert, lite interessert eller helt uinteressert?"	1 Svært interessert 2 Ganske intr. 3 Lite intr. 4 Helt uninteressert	0 Uinteressert/lite interessert 1 Ganske/svært interessert
<i>Parti:</i> "Hvilket politisk parti ville du stemt på om det var kommunestyrevalg i morgen?"	1 Ap 2 Frp 3 Folkelista for Hareid 4 Høyre 5 KrF 6 Senterpartiet 7 SV 8 Venstre 9: Andre 77/88: Ønsker ikke svare/Vet ikke	Dummykoda, ein variabel for kvart parti. Arbeidarpartiet er referansekategori. "Andre, "ønsker ikke svare" og "vet ikke" koda som eigen variabel.
Input og Output		
<i>Omsyn:</i> "Folk sine holdninger til kommunesammenslåing kan ha mange årsaker. Hvor viktige er disse tingene for deg når du tar stilling til spørsmålet om kommunesammenslåing? Vennligst svar på en skala fra 0 til 10 der 0 betyr helt uviktig og 10 betyr svært viktig."		
Hensynet til lokal identitet (input)	Skalaverdiar frå 0 til 10 (0 = uviktig, 10 = svært viktig) + "vet ikke" og "ønsker ikke svare"	"Vet ikke" og "ønsker ikke svare koda som "missing", elles uendra.
Hensynet til det lokale demokratiet (input)		Identisk med identitet
Hensynet til den kommunale økonomien (output)		Identisk med identitet
Hensynet til det kommunale tjenestetilbudet (output)		Identisk med identitet

TABELL 1: Oversyn over operasjonalisering og koding av uavhengige variablar. Alle variablar gav høve til å svare "vet ikke" og/eller "ønsker ikke svare". Sjå analysedel (kapittel 5.1) for deskriptiv statistikk.

5. Resultat og analyse

5.1. Førebuingar til analyse – deskriptiv statistikk

Tabell 2 viser deskriptiv statistikk for alle variablar som blir brukt i analysen. *Alder* og input- og outputvariablane er koda som kontinuerlege og ordinale variablar, medan alle dei andre variablane er dummykoda med verdiane 0 og 1. For dummyvariablane gir gjennomsnittsverdien i tabell 2 innsikt i fordelinga mellom verdiane 0 og 1 på variablane, medan verdien må lesast som eit konvensjonelt gjennomsnitt for dei andre variablane. Standardavviket viser spreinga av einingar rundt gjennomsnittet. Denne spreinga er i hovudsak diskutert for variablane som ikkje er dummykoda. N er talet på einingar der det er tilgjengeleg informasjon om variabelen.

Det er *inntekt* som har flest manglande einingar, og dermed det største tapet i talet på einingar (N) i den følgjande analysen. Dei andre variablane har alle under 40 manglande einingar. Merk at *parti* er koda slik at den ikkje har manglande einingar, jf. kapittel 4.4.2.2. Gjennomsnittsverdiane til variablane gir ein oss ein idé om korleis einingane fordeler seg på variablane.

Den avhengige variabelen har ein gjennomsnittsverdi på 0,71, som indikerer at 71 prosent av dei inkluderte respondentane har svart at dei er ganske positive eller svært positive til samanslåing. Den avhengige variabelen kjem eg tilbake til etter at vi har sett kort på dei uavhengige variablane.

Inntektsvariablane viser at *middels* inntekt har størst frekvens, medan dei resterande einingane fordeler seg relativt likt på *høg* og *låg* inntekt. På utdanning er fordelinga litt annleis. Det er klart færrest med grunnskuleutdanning, medan vidaregåande utdanning og høgare utdanning har om lag lik frekvens. *Alder* varierer mellom 18 og 90, og gjennomsnittsalderen i datasettet er rundt 50 år. Standardavviket til alder er 16,51. Hovudtyngda av respondentane er i aldersgruppa frå om lag 35 til om lag 65 år gamle, og dette må reknast som normalt for eit sannsynsutval som dette. Populasjonen er også konsentrert rundt denne aldersgruppa (jf. kapittel 4.2.1.2). Variablane *kjønn* og *kommune*

fordeler seg nesten likt mellom 0 og 1. Det vi seie at det er tilnærma like mange kvinner som menn i datasettet, og tilnærma like mange frå Hareid som frå Ulstein.

Variabel	Minimum	Maksimum	Gj.snitt	Std.avvik	N
<i>Avhengig</i>	0	1	0.71	0.45	826
<i>Inntekt</i>					
Låg	0	1	0.28	0.45	705
Middels	0	1	0.50	0.50	705
Høg	0	1	0.23	0.32	705
<i>Kjønn (mann = 1)</i>	0	1	0.50	0.50	850
<i>Utdanning</i>					
Grunnskule	0	1	0.16	0.37	825
Vgs.	0	1	0.41	0.49	825
Høgs./Univ.	0	1	0.43	0.50	825
<i>Alder</i>	18	90	50.32	16.51	850
<i>Kommune (Ulstein = 1)</i>	0	1	0.51	0.50	846
<i>Innflyttar</i>	0	1	0.38	0.49	849
<i>Politisk Interesse</i>	0	1	0.67	0.47	847
<i>Parti</i>					
Ap	0	1	0.16	0.37	850
Frp	0	1	0.11	0.32	850
Folkelista	0	1	0.04	0.20	850
Høgre	0	1	0.30	0.46	850
Krf	0	1	0.08	0.28	850
Sp	0	1	0.01	0.12	850
SV	0	1	0.02	0.15	850
Venstre	0	1	0.05	0.22	850
Rest	0	1	0.22	0.41	850
<i>Omsyn til lokal identitet</i>	0	10	6.18	2.73	833
<i>Omsyn til det lokale folkestyre</i>	0	10	6.67	2.30	819
<i>Omsyn til den lokale økonomien</i>	0	10	7.49	2.10	822
<i>Omsyn til det lokale tenestetilbodet</i>	0	10	7.69	2.01	829

TABELL 2: Deskriptiv statistikk, uavhengige variablar. Minimumsverdi, maksimumsverdi, gjennomsnitt, standardavvik og N rapportert. Verdier ”vet ikke” og ”ønsker ikke svare” er koda som ”missing” på alle variablar bortsett frå ”parti”. Høgast mogleg N: 850.

Innflyttar har eit gjennomsnitt på 0,38, som viser at det er færre innflyttarar enn innfødde i datasettet. *Politisk interesse* har eit gjennomsnitt 0,67, rundt to tredjedelar av respondentane som har svart på spørsmålet svarer altså at dei interesserer ganske mykje eller svært mykje for politikk. *Parti* viser at SV, Venstre og Sp er parti med klart lågast frekvens i datasettet. Høgre er klart størst, men det er også svært mange som svarer at dei vil stemme på andre parti, ikkje ønskjer å svare eller ikkje veit kven dei vil stemme på. Partifordelinga stemmer noko lunde med resultatata frå kommunestyrevala i Hareid og Ulstein i 2011 (Kommunal- og Regionaldepartementet, 2011a; 2011b). Det klaraste avviket er Folkelista for Hareid, som

har vesentleg lågare oppslutning.¹⁹ Standardavvika er større for dei største partia enn for dei minste. Det er naturleg med lågare spreining rundt gjennomsnittet når undergruppene blir mindre, så dette er ikkje uventa.

Input- og output-variablane har gjennomsnittsverdiar mellom 6 og 8, som tilseier at dei fleste plasserer seg på den øvre halvdelan på desse skalaene. I regresjonsanalysen blir ikkje respondentane si plassering på desse skalaene det sentrale poenget, men om plasseringa har ein effekt på om haldninga til kommunesamanslåing er positiv eller negativ. Tapet av einingar på desse variablane er lite og om lag på same nivå som dei andre variablane. Standardavviket til desse fire variablane er mellom 2 og 3 for alle variablar. Dette tilseier at spreininga på 0-10-skalaen er relativt liten. Ein visuell inspeksjon av variablane stadfestar at einingane samlar seg i området rundt gjennomsnittet på alle fire variablar.

5.1.1 Avhengig variabel – samanlikning med nasjonale data og andre case

Tabell 2 viser at godt over halvparten av respondentane har svart at samanslåing er eit ”svært godt forslag” eller ”godt forslag” i undersøkinga. Fordelinga på variabelen er interessant i seg sjølv, og særleg sett i samanheng med nasjonale data. Eit liknande spørsmål har vore stilt i lokalvalsundersøkinga i 2003 og i lokaldemokratiundersøkingane i 2007 og 2011. Alle desse vart gjort i nasjonale utval. Tabell 3 samanliknar fordelinga på den avhengige variabelen i denne undersøkinga med fordelinga på variabelen i dei nasjonale undersøkingane. For å sjå nyansane i variabelen og gjere han meir samanliknbar med dei andre datasetta, er alle verdiar på variabelen inkludert i tabellen.

Det første ein bør merke seg er at det er metodiske skilnader i datamaterialet for Hareid og Ulstein, og det nasjonale datamaterialet. For det første er spørsmålsformuleringa i det lokale datamaterialet tilpassa konteksten og aktualiteten kommunesamanslåing har her, medan dei nasjonale spørsmåla er formulert meir som hypotetiske spørsmål. For det andre har det nasjonale spørsmålet inkludert svaralternativet ”bryr meg ikke særlig om spørsmålet”, medan mine data ikkje har dette alternativet. For det tredje er mine data samla inn gjennom

19 Tabellen viser berre partifordelinga for begge kommunane samla. I kommentarane som er gitt til tabellen er begge kommunane sett under eitt. Folkelista for Hareid berre stilte liste i Hareid i 2011, og Senterpartiet berre stilte liste i Ulstein. I kommentarane over er det tatt omsyn til.

ei telefonundersøking, medan dei nasjonale data er samla inn gjennom ei postal undersøking. Sjølv om vi tek omsyn til dette, meiner eg likevel denne samanlikninga gir ein idé om korleis haldningane om korleis haldningane i min case skil seg frå nasjonale utval. Først vil eg likevel kort kommentere utviklinga i dei nasjonale haldningane.

Svarkategori	Hareid/Ulstein 2012	Nasjonalt 2011	Nasjonalt 2007	Nasjonalt 2003
"Svært godt forslag"	30,1 %	14,5 %	10,5 %	8,6
"Godt forslag"	41,0 %	30,0 %	23,6 %	23,7
"Dårlig forslag"	19,6 %	24,4 %	30,1 %	29,3
"Svært dårlig forslag"	9,2 %	24,6 %	28,2 %	30,4
"Bryr meg ikke særlig om forslaget"	N/A	6,5 %	7,5 %	8,0
Sum	100 %	100 %	100 %	100 %
N	826	1008	1726	1876
"Vet ikke"	2,8 %	5,6 %	7,6 %	5,1

TABELL 3: Samanlikning av haldningar til kommunesamanslåing mellom Hareid og Ulstein og nasjonale data (lokalvals-/lokaldemokratiundersøkingane 2003, 2007 og 2011). Operasjonalisering, Hareid/Ulstein: "Sammenslåing av Hareid og Ulstein er et aktuelt tema. Synes du sammenslåing av disse kommunene er et svært godt forslag, godt forslag, dårlig forslag eller svært dårlig forslag?" Operasjonalisering, nasjonale data: "Tenk deg at myndighetene foreslår å slå din bostedskommune sammen med en eller flere nabokommunar. Synes du dette er et svært godt forslag, et godt forslag, et dårlig forslag, et svært dårlig forslag, eller ville du ikke bryr deg særlig om forslaget?" Kjelde, nasjonale data: (Rose et al., 2013, s. 235). Summeringa i tabellen tek ikkje omsyn til dei som har svart "vet ikke".

I perioden 2003 - 2011 er den nasjonale hovudtendensen at andelen som meiner eit forslag om samanslåing er ein dårleg eller svært dårleg idé går ned, medan andelen som meiner dette er ein god eller svært god idé går opp. I 2003 meinte 59,7 prosent at samanslåing var ein dårleg eller svært dårleg idé. I 2007 er det ein ørliten nedgang i dette talet, medan andelen med denne haldninga var redusert til 49 prosent i 2011. Andelen som meiner samanslåing er eit godt eller svært godt forslag har auka frå 32,3 prosent til 44,5 prosent i den same perioden. Det er likevel framleis eit fleirtal som er negative til samanslåing i det nasjonale datamaterialet.

Det er ein tendens til at nasjonale opinionen gjennom i perioden 2003-2011 beveger seg i retning av opinionen i Hareid og Ulstein (i 2012), men det er framleis eit klart større fleirtal som er positiv til samanslåing i denne casen enn nasjonalt. Her er det eit svært klart fleirtal på 71,1 prosent av dei som har ei meining som meiner samanslåing er ein god eller svært god idé. Det er interessant at opinionen er så mykje meir positiv til samanslåing i eit

lokalsamfunn der temaet er eit aktuelt og debattert tema enn i eit nasjonalt utval der respondentar frå alle typar kommunar er representert. Dette er særleg tydeleg i ei samanlikning med nokre av folkerøystingane om kommunesamanslåing i norske kommunar siste åra.

Tabell 4 viser eit oversyn over samanslåingsprosjekta som har gjennomført folkerøystingar sidan frivillig-linja vart vedteken i 1996. Lista er prega av stor usemje og polarisering mellom kommunane, sjølv i dei folkerøystingane til slutt resulterte i samanslåingar. I Våle, Tustna og Vindafjord vart dei fleirtal for samanslåing med minst mogleg margin. Det er ingen av folkerøystingane som har resultert i avvik på mindre enn 10 prosentpoeng i ja-prosenten i alle kommunar. Aure og Tustna kjem nærast med ja-prosentane på 64,8 og 52,7 prosent.

Region/ny kommune	År	Kommunar	Folketal	Prosent Ja	Prosent Nei	Resulterte i samanslåing?
Re	1999	Våle	4187	50,4	49,6	Ja
		Ramnes	3762	79,3	20,7	
Nedre Buskerud	1999	Hurum	16074	12	88	Nei
		Røyken	8247	33	67	
Aure	2003	Aure	2671	64,8	35,2	Ja
		Tustna	1009	52,7	47,3	
Ølen	2003	Ølen	3354	63,5	36,5	Ja
		Vindafjord	4776	50,1	49,9	
Indre Østfold	2003	Hobøl	4672	76,4	23,5	Nei
		Spydeberg	4469	22,9	76,1	
Ofoten	2003	Tjeldsund	1444	20,4	79,6	Nei
		Skånland	3040	56,3	43,7	
Hallingdal 1	2003	Hol	4582	16,8	82,7	Nei
		Ål	4708	42,5	56,1	
Indre Sunnfjord	2003	Gaular	2797	30,5	67,9	Nei
		Jølster	2974	28,8	69,5	
		Naustdal	2731	38,5	58	
		Førde	10906	50,3	49,7	
Valdres	2003	Øystre Slidre	3089	32,1	67,9	Nei
		Vestre Slidre	2282	30,5	69,5	
		Nord-Aurdal	6567	42	58	
		Sør-Aurdal	3326	50,3	49,7	
Kristiansund	2004	Kristiansund	17105	95,5	4,5	Ja
		Frei	5274	67,5	32,5	
Hallingdal 2	2005	Gol	4375	56	44	Nei
		Hemsedal	1909	20,7	79,3	

TABELL 4: Folkerøystingar om kommunesamanslåing i Norge, 1999-2012. (Berre samanslåingsprosjekt der begge kommunar gjennomførte folkerøysting er med. Bodø/Skjerstad, Bjarkøy/Harstad og Mosvik/Inderøy er difor utelatt. År = år folkerøystinga var heldt. Når ja- og nei prosentar ikkje kan adderast til 100, representerer dei manglande prosentane blanke stemmer. Kjelder: (Bolkesjø og Brandtzæg, 2005, s. 26; Holmquist, 1999).

Gjennomgangen av operasjonaliseringa av variablane viste at variabelen om haldning til kommunesamanslåing i denne studien ikkje kan sjåast som ein prognose for ei folkerøysting

om temaet. Fordelinga på variabelen gir likevel eit bilde av tendensane i befolkninga. I Hareid og Ulstein er tendensen ein annan. I Hareid svarte 66,7 prosent av dei som hadde ei meining at dei er positive eller svært positive til samanslåing, medan 75,7 i Ulstein seier det same. Det er med andre langt større konsensus mellom dei to kommunane i Hareid og Ulstein som case enn i andre samanslåingsprosessar det siste tiåret, i tillegg til at det er eit klart fleirtal for samanslåing i begge kommunar. At denne casen skil seg såpass frå andre samanslåingsprosessar og frå den nasjonale undersøkinga vil sjølvsagt svekke høvet til å generalisere resultatata til desse andre samanslåingsprosessane. Men som eg har diskutert tidlegare og eg vil vise i den seinare diskusjonen, er desse resultatata interessante sjølv om høvet til statistisk generalisering ikkje nødvendigvis er til stades.

5.2. Resultat av logistisk regresjonsanalyse

I tabell 5 er det presentert fire modellar. Kontrollvariablane er presentert først, i ein grunnmodell. Deretter er demografiske og politiske effektar introduserte i modell 2 og 3, før input- og outputvariablane er inkludert i modell 4. Dette gjer det mogleg å spore utviklinga i -2LL-verdien etter kvart som dei mest sentrale variablane blir introduserte i modellen. I tillegg gjer denne teknikken at eg kan undersøke kor vidt dei andre variablane har signifikante effektar før eg introduserer input og output-variablane, som eg har dei største teoretiske forventningane til (jf. kapittel 3.2).

5.2.1. Gjennomgang av enkeltteffektar

Variabelen *kjønn* viser at menn ikkje har ei signifikant anna haldning til kommunesamanslåing enn kvinner i nokon av modellane. *Utdanningsnivå* har heller ingen signifikant effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Respondentar med vidaregåande eller høgare utdanning har ikkje ei signifikant annleis haldning til kommunesamanslåing enn respondentar med grunnskuleutdanning. *Inntektsnivået* til respondentar har ein klar effekt på haldninga til samanslåing. Respondentar med middels eller høg inntekt er signifikant meir positive til samanslåing enn respondentar med låg inntekt. I modell 4 er oddsen for å vere positiv til samanslåing dobbelt så høg for dei som har middels inntekt i høve til dei som har låg inntekt (oddsratio 2,170), og over fire gonger så høg for dei som har høg inntekt i høve til respondentane med låg inntekt (oddsratio 4,183).

	Modell 1			Modell 2			Modell 3			Modell 4		
	Variabel	OR	Sig.	Variabel	OR	Sig.	Variabel	OR	Sig.	Variabel	OR	Sig.
<i>Konstant</i>		3.495	0.005		2.972	0.017		4.051	0.010		4.908	0.029
Kontrollforklaringar												
Kjønn	<i>Mann</i>	0.719	0.100	<i>Mann</i>	0.744	0.143	<i>Mann</i>	0.763	0.201	<i>Mann</i>	0.745	0.192
Utdanning	<i>Grunnskule</i>	1		<i>Grunnskule</i>	1		<i>Grunnskule</i>	1		<i>Grunnskule</i>	1	
	<i>Vidaregåande</i>	1.525	0.147	<i>Vidaregåande</i>	1.507	0.161	<i>Vidaregåande</i>	1.439	0.231	<i>Vidaregåande</i>	1.596	0.141
	<i>Høgs./Univ.</i>	0.958	0.879	<i>Høgs./Univ.</i>	0.917	0.763	<i>Høgs./Univ.</i>	0.786	0.428	<i>Høgs./Univ.</i>	0.758	0.384
Inntekt	<i>Låg</i>	1		<i>Låg</i>	1		<i>Låg</i>	1		<i>Låg</i>	1	
	<i>Middels</i>	2.031	0.001	<i>Middels</i>	1.945	0.003	<i>Middels</i>	2.045	0.002	<i>Middels</i>	2.170	0.002
	<i>Høg</i>	4.541	0.000	<i>Høg</i>	4.242	0.000	<i>Høg</i>	4.314	0.000	<i>Høg</i>	4.183	0.000
Alder	<i>Alder</i>	0.983	0.004	<i>Alder</i>	0.982	0.003	<i>Alder</i>	0.979	0.002	<i>Alder</i>	0.987	0.077
Demografiske forklaringar												
Bustadkommune				<i>Ulstein</i>	1.303	0.162	<i>Ulstein</i>	1.077	0.719	<i>Ulstein</i>	1.001	0.996
Innflyttar				<i>Innflyttar</i>	1.400	0.095	<i>Innflyttar</i>	1.443	0.079	<i>Innflyttar</i>	1.288	0.247
Politiske forklaringar												
Politisk interesse							<i>Høg interesse</i>	1.068	0.778	<i>Høg interesse</i>	1.222	0.412
Partipreferanse							<i>Frp</i>	0.696	0.316	<i>Frp</i>	0.671	0.295
							<i>Folkelista</i>	0.251	0.004	<i>Folkelista</i>	0.253	0.007
							<i>Høgre</i>	1.742	0.074	<i>Høgre</i>	1.651	0.121
							<i>Krf</i>	1.521	0.312	<i>Krf</i>	1.408	0.435
							<i>Sp</i>	0.281	0.089	<i>Sp</i>	0.232	0.062
							<i>SV</i>	0.677	0.518	<i>SV</i>	0.709	0.709
							<i>Venstre</i>	0.803	0.649	<i>Venstre</i>	0.753	0.567
							<i>Rest</i>	0.553	0.060	<i>Rest</i>	0.546	0.068
Input-forklaringar												
Omsyn til lokal identitet										<i>Omsyn identitet</i>	0.829	0.000
Omsyn til lokaldemokratiet										<i>Omsyn demokrati</i>	0.842	0.009
Output-forklaringar												
Omsyn til kommunal økonomi										<i>Omsyn økonomi</i>	1.022	0.761
Omsyn til kommunalt tenestnivå										<i>Omsyn tenestetilbod</i>	1.235	0.005
Samandrag												
-2LL		698.045			692.543			659.322			613.989	
-2LL endring (sig.)		-41.657 (0.000)			-5.502 (0.064)			-33.221 (0.000)			-45.333 (0.000)	
Sig. Hosmer og Lemeshow		0.724			0.122			0.407			0.493	
N		680			677			675			638	

TABELL 5: Resultat frå logistisk regresjonsanalyse. Avhengig variabel: ”Sammenslåing av Hareid og Ulstein er et aktuelt tema. Synes du sammenslåing av disse kommunene er et svært godt forslag, godt forslag, dårlig forslag eller svært dårlig forslag?” Koding: 0=dårlig/svært dårlig forslag. 1=gotd/svært godt forslag.

Alder har ein signifikant effekt på haldningar til samanslåing i modell 2 og 3. Sannsynet for å vere positiv til samanslåing blir lågare med stigande alder. Effekten forsvinn når vi introduserer output- og input-variablane i modell 4. Bortsett frå inntekt, som har ein klar og eintydig effekt på haldninga til samanslåing, bidrar kontrollvariablane i liten grad til forklaringa av haldningar til kommunesamanslåing.

Analysen viser at *bustadkommunen* til respondenten ikkje har nokon signifikant effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Det har heller ikkje nokon signifikant effekt om respondenten er *innflyttar* til kommunen. I modell 2 og 3 ser vi at innflyttarar er signifikant meir positive til samanslåing om vi godtek eit signifikansnivå på 10 prosent (som er vurdert til å vere for liberalt i denne analysen), men effekten fell langt utanfor signifikansgrensa i modell 4. Dei demografiske variablane i analysen bidrar ikkje til forklaringa av haldningar til kommunesamanslåing i denne analysen.

Politisk interesse har ifølgje analysen ingen signifikant effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Når det gjeld *partitilhøyrse*, er det som nemnt arbeidartypeløjarar som utgjer referansekategori. Modell 4 viser at Folkelista-veljarane er signifikant meir negative til kommunesamanslåing enn Ap-veljarar. Oddsen for å vere positiv til samanslåing er over 1,7 gongar lågare for Folkelista-veljarar enn den er for Ap-veljarar (oddsratio 0,253). Høgre-veljarar og Senterparti-veljarar er nær ved å ha signifikante skilnader frå Ap-veljarane, men fell utanfor signifikans-grensa på 5-prosent.

Vi ser med andre ord ein svak samanheng mellom politiske haldningar og haldning til kommunesamanslåing. Det er små skilnader mellom dei konvensjonelle partia, medan respondentar som vil stemme på Folkelista, eit av få parti i Hareid eller Ulstein kommunestyre som har ei eksplisitt, negativ haldning til samanslåing, er signifikant meir negative enn referansekategori (Ap).

I modell 4 er input- og outputvariablane inkluderte. Modellen viser at når omsynet til *lokal identitet* og *lokaldemokratiet* aukar, går sannsynet for å vere positiv til samanslåing signifikant ned. Omsynet til identitet har ein oddsratio på 0,829, som blir tolka som at oddsen for å vere positiv til samanslåing blir i underkant av 1,2 gongar lågare når vi aukar omsynet til lokal identitet med éin verdi. Effekten av omsynet lokaldemokratiet er marginalt lågare (oddsratio 0,842). Effekten er sterkt signifikant for begge variablar. Omsynet til

tenestetilbodet har derimot ein signifikant, positiv effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Når vi aukar omsynet til det kommunale tenestetilbodet med éin verdi, blir oddsen for å vere positiv til samanslåing i overkant av 1,2 gongar høgare (oddsratio 1,235). Den resterande variabelen i modell 4, omsynet til den *kommunale økonomien*, har ingen signifikant effekt på haldninga til kommunesamanslåing.

Ei førebels oppsummering av resultata av analysen, viser at inntekt, partitilhøyrse (Folkelista), omsynet til lokaldemokratiet, omsynet til lokal identitet og omsynet til det kommunale tenestetilbodet er variablane som har signifikante effektar på haldninga til kommunesamanslåing. Alle desse har forventningsrette effektar på den avhengige variabelen. Dette er i tråd med den teoretiske forventninga om at input og output er viktige faktorar i forklaringa av haldningar til kommunesamanslåingar, men vil også seie at dei fleste av dei teoretiske forventningane til variablane som blir introduserte i modell 1, 2 og 3 må avvisast. Før vi går vidare til ein djupare diskusjon av resultata og korleis dei påverkar legitimitetsgrunnlaget for kommunesamanslåingar, vil det truleg vere nyttig for mange lesarar å sjå korleis sannsynet for å vere positiv til kommunesamanslåing varierer etter kva verdiar respondenten har på dei uavhengige variablane.

5.2.2. Sannsynsutrekningar

Når det gjeld sannsyn, er det interessant å sjå korleis sannsynet for å vere positiv til kommunesamanslåing varierer med ulike kombinasjonar av verdiar på dei uavhengige variablane. Dette er, slik eg ser det, den beste måten å seie noko om kor sterke dei signifikante effektane i analysen er. Ei slik utrekning blir gjort ved først å løyse regresjonslikninga for den aktuelle kombinasjonen for så å rekne om til sannsyn ved hjelp av logiten eller oddsratioen (jf. kapittel 4.3.1). Eg skal sjå på to scenario her. Først har eg sett på ein person som i følgje modellen sannsynlegvis er svært negativ til kommunesamanslåing:

Ein 55 år gammal mann som bur i Hareid, har grunnskuleutdanning, låg inntekt, ikkje er innflyttar til området, stemmer Folkelista, ikkje er interessert i kommunalpolitikk, svarer 8 på spørsmål om omsyn til lokal identitet og lokaldemokratiet, svarer 0 på spørsmål om omsyn til det kommunale tenestetilbodet

og svarer 5 på spørsmål om det kommunale tenestetilbudet.
- *Sannsynet for å vere positiv til samanslåing er om lag 3 prosent.*

Her er det interessant å merke seg kva som skjer om eg endrar scenarioet til ein person med dei same eigenskapane, bortsett frå at han gir omsynet til tenestetilbudet verdien "8" og omsynet til lokal identitet og lokaldemokratiet verdien "0". Sannsynet for å vere positiv til samanslåing blir då heile 80 prosent. Dette er eit godt døme på kor stor innverknad input- og output-variablane har på modellen.

La oss så tenkje oss eit scenario der det er svært sannsynleg at respondenten er positiv til samanslåing:

Ei 25 år gammal kvinne som bur i Ulstein, har vidaregåande utdanning, høg inntekt, er innflyttar, har interesse for kommunalpolitikk, stemmer Høgre, svarer 0 på spørsmål om omsynet til lokal identitet og lokaldemokratiet, og svarer 8 på spørsmål om omsyn til det kommunale tenestetilbudet og svarer 5 på spørsmål om omsyn til kommunal økonomi.

- *Sannsynet for å vere positiv til samanslåing er over 99 prosent.*

Om eg så ser på eit scenario der verdiane omsynet til lokal identitet og lokaldemokratiet er endra til verdien "8" og omsynet til det kommunale tenestetilbudet er endra til verdien 0, blir sannsynet for å vere positiv til samanslåing redusert til om lag 20 prosent. Igjen før ei endring av input- og output-variablane fører til store endringar i sannsynet for å vere positiv til samanslåing.

5.2.3. Samla vurdering av modellar

Reduksjonen i og signifikansen til -2LL-verdien viser at alle modellane bortsett frå modell 2 gir eit signifikant bidrag til forklaringa av haldninga til kommunesamanslåing. Modell 2 har den desidert minste reduksjonen i -2LL-verdi, og den fell utanfor grensa for signifikans på 5-prosentnivået. Dette stemmer bra med at alle modellar bortsett frå modell 2 introduserte variablar som har signifikante effektar på haldningar til kommunesamanslåing. Den største reduksjonen i -2LL ser vi i modell 4 (-45,333). Dette indikerer at av variablane som er inkluderte i desse modellane, er det input- og output-variablane som gir det største bidraget

til forklaringa av haldningar til kommunesamanslåing. Analysen av enkelteffektar over underbygger argumentet om at modell 4 er den som i størst grad passar til å forklare haldningar til kommunesamanslåingar, og at dei fire variablane som blir introduserte i denne modellen gir eit betydeleg bidrag i forklaringa av haldningar til kommunesamanslåing i denne analysen.

Hosmer og Lemeshow-testen signifikanteststar avviket mellom predikerte og observerte verdiar på den avhengige variabelen (om avviket er stort, er testen signifikant). Predikerte og observerte verdiar bør vere så like som mogleg, så ein ikkje-signifikant test indikerer at modellen ikkje kan avvisast (Christophersen, 2009, s. 181). Testen er ikkje-signifikant i alle fire modellar, ingen av dei kan difor avvisast basert på denne testen. Tapet av einingar (N) er betydeleg, men også relativt stabilt i alle modellane. Det er, som venta, inntektsvariablane som fører til det største tapet i N.

5.3. *Diskusjon*

Kva innblikk gir analysen over i forståinga av haldningar til kommunesamanslåing og legitimeringsgrunnlaget for samanslåingar? Eg vil først kort sjå på den deskriptive statistikken, og samanlikninga med nasjonale data og andre samanslåingsprosjekt. Analysen av den avhengige variabelen og samanlikninga med nasjonale data og data frå lokale folkerøystingar, viser eit klart brot mellom haldningane til samanslåing i Hareid og Ulstein samanlikna både med landet elles og med folkerøystingar i andre delar av landet. For det første er haldninga til samanslåing langt meir positiv i Hareid og Ulstein enn i landet sett under eitt. For det andre er det langt mindre skilnader på tvers av kommunegrensene i Hareid og Ulstein enn det har vore mellom kommunane i dei fleste folkerøystingane om samanslåing som har vore gjennomført dei siste 15 åra.

Dette er data som underbygger eit argument om at Hareid og Ulstein er ein unik case, men som likevel kan utfordrast. Tala indikerer at Hareid og Ulstein er eit unikt case samanlikna med heile landet og samanlikna med dei kommunane som har arrangert folkerøystingar. Mine data gir grunnlag for å undersøke om det er skilnader i årsakene til haldningane i Hareid og Ulstein samanlikna med resten av landet. I og med at mine data avgrensar seg til desse to kommunane, har eg ikkje grunnlag for å forklare kvifor haldninga er så mykje meir positiv i Hareid og Ulstein enn i andre delar av landet. Det er likevel eit interessant poeng å

sjå nærare på dei demografiske og geografiske skilnadene mellom Hareid og Ulstein og dei andre samanslåingsprosjekta som ei mogleg forklaring på forskjellane.

Som vist i kapittel 2, er Hareid og Ulstein to relativt jamstore kommunar. Begge er små i utstrekning, men har eit relativt høgt folketal i høve til mange andre av landets kommunar og særleg i høve til mange andre av landets samanslåingskandidatar. Hareid og Ulstein er plasserte på den same øya, og infrastrukturen mellom kommunane er godt utbygd. Det er rimeleg å tru at dei små avstandane gjer at folk er tettare knytt saman på tvers av kommunegrensene, både gjennom arbeid og fritid.

I Nord-Norge og særleg på Vestlandskysten er det mange kommunar som delar mange av dei demografiske, geografiske og økonomiske eigenskapane til Hareid og Ulstein. Eg kan ikkje generalisere resultatane av denne analysen til desse kommunane direkte, men det er rimeleg å hevde at denne analysen gir eit bidrag til ein eventuell debatt om kommunesamanslåing og legitimitetsgrunnlaget for samanslåing også utanfor Hareid og Ulstein.

5.3.1. Haldningar til kommunesamanslåingar og politisk legitimitet

Av variablane som var introduserte i modell 1, 2 og 3 i denne analysen, er det svært få som har ein effekt på den avhengige variabelen. Eg fann likevel at inntekt har ein betydeleg effekt på haldning til samanslåing. Respondentar med middels eller høg inntekt har ei signifikant meir positiv haldning til samanslåing enn respondentar med låg inntekt. Dette er i tråd med den teoretiske forventninga. I tillegg er det vist at veljarane til Folkelista for Hareid er signifikant meir negativ til samanslåing enn Ap-veljarar, som også stemmer med den teoretiske forventninga. Med basis i resultatane frå modell 4 i analysen, som har best 'goodness-of-fit', må dei teoretiske forventningane til *kjønn, utdanningsnivå, alder, bustadkommune, innflyttar og politisk interesse* avvisast. Dette er likevel ikkje særskilt overraskande, og indikerer eit behov for andre forklaringar på haldningar til kommunesamanslåingar.

Eit sentralt argument i teorikapittelet (kapittel 3.2) var at om ein vil forstå haldningar til kommunesamanslåingar, må ein forstå sambandet mellom desse haldningane og politisk legitimitet. Skal ein endre eit demokratisk, politisk system, er ein avhengig av politisk

legitimitet. Det sentrale spørsmålet for dei som ønskjer å reformere den norske kommunestrukturen, er følgeleg korleis ein skal oppnå slik legitimitet. I teorikapittelet vart det skissert to kjelder til politisk legitimitet, input og output, og derav to typar legitimitet, input-basert legitimitet og output-basert legitimitet. Desse vart sett i samanheng med to andre omgrepsspar. Kommunitarisme og liberalisme er sett på som grunnleggjande forståingar for kva kommunen er og bør vere. Borgareffektivitet og systemkapasitet er viktige omgrep i forståinga av korleis kommunesamanslåingar påverkar evna kommunane har til å produsere tenester og oppretthalde god økonomistyring (systemkapasitet) og oppretthalde kvaliteten på lokaldemokratiet og den lokale identiteten (borgareffektivitet).

Den sentrale teoretiske forventninga var for det første at operasjoniseringar av output og input har ein klar og viktig effekt på haldninga til kommunesamanslåing. For det andre hadde eg klare forventningar om retninga på desse samanhengane. Medan vektlegging av input (dvs. omsyn til lokaldemokratiet og lokal identitet) var venta å ha ein negativ effekt på kommunesamanslåing, forventa eg at vektlegging av output (dvs. omsyn til det kommunale tenestetilbodet og den kommunale økonomien) hadde ein positiv effekt på haldninga til kommunesamanslåing.

Resultata av regresjonsanalysen gir oss støtte for den første delen av forventninga over. Reduksjonen $-2LL$ -verdien til modell 4 tilseier at input- og output-variablane gir eit signifikant bidrag til forklaringar av haldningar til kommunesamanslåingar. Vidare har tre av dei fire input- og outputvariablane ein signifikant effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Det er difor rimeleg å stadfeste at forventninga om at input og output gir eit vesentleg bidrag til forklaringa av haldningar til kommunesamanslåing.

Begge input-variablane har negative og signifikante effektar på haldninga til kommunesamanslåing. Det indikerer at motstandarar av samanslåing i større grad enn tilhengjarar vektlegg lokaldemokratiet og den lokale identiteten når dei tek stilling til den avhengige variabelen. Effektane må likevel tolkast med ei varsemd, særleg med omsyn til lokaldemokrati-variabelen. Testinga av linearitet i parametera viser eit linearitetsproblem i output- og input-variablane. Det vart difor gjennomført ein kontrollregresjon der desse variablane var dummykoda for å kontrollere effektane. Denne analysen gav ein ikkje signifikant effekt av omsynet til lokaldemokratiet. Effekten av omsynet til lokaldemokratiet bør difor tolkast med eit atterhald.

Når det gjeld output-variablane, har omsynet til den kommunale økonomien ingen effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Dette er ikkje i tråd med den teoretiske forventninga. Det er likevel svært viktig å påpeike at dette funnet *ikkje* betyr at omsynet til den kommunale økonomien ikkje er viktig for respondentane når dei tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing. Den deskriptive statistikken i tabell 2 viser at denne variabelen har den nest høgste gjennomsnittsverdien av dei fire input- og output-variablane, og ein (ikkje rapportert) bivariat analyse av omsynet til den kommunale økonomien viser at både motstandarar og tilhengjarar oppfattar dette omsynet som viktig. Vidare det mi oppfatning at den manglande effekten indikerer eit brot mellom tilhengjarane og motstandarane av samanslåing. Dette er, som eg vil diskutere under, svært interessant i forståinga av haldningar til kommunesamanslåingar og legitimeringsgrunnlaget for kommunesamanslåingar.

Den andre output-variabelen, omsynet til det kommunale tenestetilbodet, har den venta effekten på haldninga til kommunesamanslåing. Tilhengjarane av kommunesamanslåing vektlegg det kommunale tenestetilbodet i større grad enn motstandarane når dei tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing. Dette brotet mellom dei to output-variablane er interessant, og viktig for diskusjonen om haldningar til kommunesamanslåing og politisk legitimitet.

Før eg går vidare, er det viktig å merke seg eit av dei mest sentrale funna i analysen. Fleire analysar har tidlegare vist til effektar av input- og outputvariablar på haldningar til kommunesamanslåing. Som diskutert i teorikapittelet, har desse likevel ofte hatt eit høvesvis einseitig fokus på anten input- eller output-sida av det politiske systemet. Medan enkelte studiar finn effektar av output, men manglar tilstrekkeleg måling av input, finn andre studiar effektar av input, men ser mindre på output. Resultata frå denne studien viser at output og input utfyller kvarandre som dei mest sentrale faktorane i forklaringa av haldninga til kommunesamanslåing.

5.3.1.1. Demokrati, identitet og legitimitet

Effektane av begge input-variablane er i tråd med den teoretiske forventninga, med eit atterhald når det gjeld effekten av omsynet til demokratiet. Det er ein klar tendens til at motstandarar av kommunesamanslåingar legg vekt på input-baserte faktorar i større grad enn

tilhengjarar. Den faktiske effekten kommunesamanslåingar har på kvaliteten på lokaldemokratiet og på den lokale identiteten, har vist seg vanskeleg å måle. Teorikapittelet (3.2) viste at det er Dahl og Tufte (1973) som i størst grad argumenterer for ein samanheng mellom storleiken på politiske einingar og kvaliteten på demokratiet (borgareffektivitet). Hansen (2003b) viser også at det er folk i mindre kommunar opplever lokaldemokratiet som betre fungerande enn i større kommunar. Hansen og Winsvold (2003) har som nemnt sett på kva effektar kommunereformene på 1960-talet hadde på lokaldemokratiet gjennom ein analyse av valdeltaking og oppslutning om bygdelister ved kommunevala i 1959 og 1967. Dei konkluderte med at verken kommunesamanslåing eller kommunesamanslåingar har ein effekt på valdeltaking og at kommunesamanslåingar ikkje har ein effekt på oppslutninga om bygdelister.

Analysen til Hansen og Winsvold vart gjort i ein annan kontekst enn min i både tid og rom. Det er difor langt frå sikkert at ei samanslåing av Hareid og Ulstein ikkje vil ha ein effekt på kvaliteten på lokaldemokratiet og på den lokale identiteten. I tillegg er det sentralt å påpeike at kva folk tek omsyn til når dei tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing, ikkje nødvendigvis korresponderer med dei reelle effektane av ei kommunesamanslåing. Difor er det ikkje slik at ei endring av kommunestrukturen blir legitimert av at ein i ettertid ser at effektane på lokaldemokratiet og den lokale identiteten var små. Legitimitet må sikrast *a priori*, og difor er det sentralt å forstå korleis folk tenkjer om kommunesamanslåinga før ho blir gjennomført.

Ei rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing er berre avhengig av at 50 prosent pluss éin stemmer for ei samanslåing for å gi grønt lys. Tabell 4 over viser at mange av dei gjennomførte kommunesamanslåingane dei siste åra vore gjennomførte etter folkerøystingar der ja-fleirtalet har vore like over 50 prosent i ein av kommunane. Sjølv om dette er godt nok til å oppfylle krava i Kommuneleva, vil eit slikt resultat gå mot ein stor del av befolkninga sine ønskje, som igjen vil kunne svekke legitimeringsgrunnlaget for samanslåinga.

Denne analysen har vist at trass i at det store fleirtalet i casen er for samanslåing, er det framleis ein vesentleg del av befolkninga som er negative til ei slik endring. Analysen har i tillegg vist at desse har andre preferansar og tek andre omsyn når dei tek stilling til spørsmålet enn dei som er positive til samanslåing. For å sikre eit best mogleg

legitimeringsgrunnlag, er det naudsynt at ein skapar ein balanse i prosessen der input-faktorar som lokaldemokratiet og den lokale identiteten blir tatt på alvor, sjølv om pådrivarar for samanslåing nok måtte meine at dei er mindre vesentlege enn output-sida av systemet. Ein kommunesamanslåing omfattar heile befolkninga, ikkje berre dei som stemmer ”ja” i folkerøystinga.

I Hareid og Ulstein har effektane av lokaldemokratiet blitt vurdert av rapporten til Agenda Kaupang (2012). Rapporten meiner det er liten samanheng mellom kommunestorleik og demokrati, og hevdar at ei samanslåing av Hareid og Ulstein vil ha ein avgrensa effekt på kvaliteten på lokaldemokratiet. Vurderingane baserer seg på dei nasjonale lokaldemokratiundersøkingane, valdeltakinga i Hareid og Ulstein og intervju med den politiske og administrative leiinga i kommunane. Studien er etter mitt syn ikkje tilstrekkeleg for å sikre eit input-basert legitimitetsgrunnlag for ei samanslåing i vår case, og funna i denne analysen underbyggjer dette.

Eit input-basert legitimeringsgrunnlag for ei samanslåing er avhengig av ei brei forståing av effektane ei samanslåing vil ha på borgareffektiviteten *i forkant av samanslåinga*. Ein empirisk studie av konsekvensane ei samanslåing vil få for den lokale identiteten og det lokale demokratiet er slik eg ser det naudsynt for å få ei slik forståing. Dette vil vere svært utfordrande empirisk sett, men avgjerande for legitimitetsgrunnlaget til ein samanslåingsprosess. Alle moglege, negative konsekvensar bør kome fram i lyset i forkant av samanslåing, og det bør vere ei forståing og ein konsensus i lokalsamfunnet om kva endringar ei samanslåing kan føre til. I etterkant av ei samanslåing vil det også vere sentralt å arbeide for at konsekvensane samanslåinga har på borgareffektiviteten i kommunen er minst mogleg. I denne casen har fleire, mellom andre ordføraren i Hareid, tatt til orde for ein slik studie (jf. Myklebust, 2012).

Legitimering av av ein samanslåingsprosess overfor dei som stiller seg negative til ei slik endring, bør ta den inputbaserte forma for politisk legitimitet alvorleg. Konsekvensane ei samanslåing vil ha på lokaldemokratiet og den lokale identiteten er viktigare for denne gruppa enn det er for tilhengjarane av samanslåing. Det bør vere ei solid forståing av konsekvensane ei samanslåing kan få ha på borgareffektivitet i lokalsamfunnet i forkant av ei samanslåing. Risikoen for politiske konflikhtar i etterkant av ei samanslåing vil vere mindre om ei slik forståing er på plass før samanslåinga.

5.3.1.2. Tenestetilbod, økonomi og legitimitet

Når det gjeld tenestetilbudet, er det sentralt å gå tilbake til diskusjonen om Samhandlingsreforma i teorikapittelet (kap. 3.2). Denne pålegg kommunane å sørge for langt fleire tenester til innbyggjarane etter at Samhandlingsreforma vart gjennomført, og det er som vi har sett grunnlag for å hevde at mindre kommunar vil ha problem med å tilfredsstille krava til tenesteproduksjon denne reforma føreset. Analysen Agenda Kaupang (2012, s. 28) har gjort i Hareid og Ulstein, konkluderer med at Samhandlingsreforma vil få konsekvensar også for kommunane i denne casen. Endringar i kva oppgåver kommunane bør løyse, gjer at særleg Hareid vil kunne få problem med å oppretthalde eit robust tenestetilbod. Eg meiner difor det er rimeleg å hevde at konsekvensane ei kommunesamanslåing har på tenestetilbudet er den minst kontroversielle av dei fire aspekta eg har vurdert i denne analysen. På lang sikt vil ein felles kommune ha eit betre grunnlag for å oppretthalde og betre tenestetilbudet enn kommunane vil ha kva for seg.

Her ser eg parallellar til funna i denne studien, og effekten omsynet til tenestetilbudet har på haldningar til kommunesamanslåing. Tilhengjarar av samanslåing forventar truleg ei betring av tenestetilbudet og tek også meir omsyn til dette enn motstandarane. Motstandarar er ikkje nødvendigvis ueinig i konsekvensane av tenestetilbudet, men tek i mindre grad omsyn til det. Det er difor rimeleg å hevde at når det ein ser på tenestetilbudet åleine, er legitimeringsgrunnlaget for ei samanslåing i denne casen godt. Tilhengjarane er allereie overtydde, og motstandarane legg mindre vekt på dette aspektet. Om politikarane i Hareid og Ulstein vel å stoppe samanslåingsprosessen, har ein derimot eit legitimeringsproblem overfor tilhengjarane av samanslåing. Denne studien viser at det er problematisk å nytte omsynet til tenestetilbudet til å argumentere for eit output-basert legitimitetsgrunnlag *mot* ei samanslåing.

Det same kan ikkje seiast om omsynet til den kommunale økonomien. Det er ikkje signifikant skilnad mellom tilhengjarar og motstandarar av samanslåing når det gjeld omsynet til samanslåing. Begge grupper meiner omsynet er viktig, men omsynet til den kommunale økonomien fører til motsette standpunkt i samanslåingss spørsmålet for dei to gruppene. Vi kan med andre ord snakke om ein konflikt mellom tilhengjarar og motstandarar når det gjeld omsynet til den kommunale økonomien. Dette er ikkje i tråd med den teoretiske forventninga, og det gjer denne delen av analysen meir komplisert. Det er fruktbart å sjå dette funnet i samanheng med den lokale debatten om kommunesamanslåing.

SSB sin analyse av innsparingar ved kommunesamanslåingar, som er basert på tal frå 1998, viser at norske kommunar samla sett kan spare 2,3 milliardar samla sett, medan Hareid og Ulstein kan spare 29,2 millionar kroner²⁰ (Langørgen et al., 2002). Agenda Kaupang sin analyse av Hareid og Ulstein, basert på tal frå 2011, konkluderer som nemnt med innsparingar på 43 millionar kroner på kort sikt. Trass i dette gir media-rapportar om dei økonomiske konsekvensane av ei kommunesamanslåing i Hareid og Ulstein indikasjonar på at det heller ikkje i den politiske eliten (definert som kommunestyremedlemmer og administrative leiarar i kommunane) er konsensus om kor vidt ei samanslåing vil ha negative eller positive konsekvensar for økonomien til kommunane (jf. Haram-Hauge, 2012). Fleire medlemmer av den politiske eliten, særleg i Hareid, har tatt til orde for ein ny, grundigare analyse av dei økonomiske konsekvensane av ei samanslåing (Myklebust, 2012).

I ein websurvey gjennomført som del av dette forskingsprosjektet, vart politikarar og administrative leiarar spurte om kva dei meiner om forstudien til Agenda Kaupang. Resultatet er presentert i tabell 6.²¹ Tala i tabellen underbygger indikasjonane over. Det er slett ikkje konsensus i eliten om at tala frå Agenda Kaupang stemmer, eller at ein kommunesamanslåing vil gi økonomiske innsparingar. Denne mangelen på konsensus i eliten kan vere ein del av kjelda til konflikten i befolkninga. Tidlegare forskning har funne at samanslåingsprosessar i stor grad er drivne av eliten, og at befolkninga gjerne følgjer eliten sine haldningar (Frisvoll og Almås, 2004; Jacobsen, 2004). Dette kan gjere det mogleg at skepsisen til økonomiske innsparingar i eliten er overførte til den delen av befolkninga i Hareid og Ulstein som er negative til samanslåing.

20 Disse tala er basert på det SSB kallar alternativ 2. Dette er ein modell som ville halvert talet på kommunar i Norge (frå 435 til 217 kommunar). Alternativ 1 omfattar 39 kommunar, og alternativ 3 foreslår å fjerne kommunane og fylkeskommunane, og opprette 89 regionar (Langørgen et al., 2002).

21 Denne websurveyen var opphavleg tiltenkt ei større rolle i forskingsprosjektet. Metodiske utfordringar gjorde at dette ikkje vart mogleg. Utfordringa var i stor grad resultat av låg svarprosent, og dette bør også takast omsyn til i tolkinga av tabell 6. Særleg blant politikarar og administrative leiarar i Hareid kommune er svarprosenten for denne surveyen låg, og dette kan påverke reliabiliteten til tabellen.

I forstudien om samanslåing konsulentfirmaet Agenda Kaupang leverte til kommunane i januar 2012, blir det hevda at Hareid og Ulstein kan redusere driftsutgiftene med til saman 43 millionar kroner per år på kort sikt etter ei samanslåing. Kva for eit av utsegna under er du mest einig i?

(Eg refererer her til rapporten "Mulig Sammenslåing av Hareid og Ulstein Kommuner", datert 5. januar 2012).

Svaralternativ	Frekvens (total)	Frekvens (politikarar)	Frekvens (admin.)	Prosent (total)
Eg har tillit til at tala stemmer.	4	4	0	11
Eg trur ikkje tala stemmer, men meiner likevel kommunane vil redusere utgiftene på kort sikt.	19	13	5	54
Eg trur ikkje tala stemmer, og eg trur ikkje kommunane vil klare å redusere driftsutgiftene.	12	6	5	34
SUM	35*	23	10	100**

TABELL 6: Eliten sine vurderingar om forstudien av økonomiske konsekvensar ved samanslåing av Hareid og Ulstein. *= To personar ville ikkje svare på om dei var politikarar eller admin. tilsett. **= Avrunding av prosentdelane gjer at sumeringa blir 99, ikkje 100.

Som nemnt i den teoretiske diskusjonen, presenterer Rose og Pettersen (2003) ein teori om at tilhengjarar og motstandarar av samanslåing brukar dei same argumenta til å underbygge stikk motsette standpunkt. Funnet denne studien gjer når det gjeld omsynet til den kommunale økonomien, underbygger denne teorien. Her ser vi ikkje at dei same *argumenta* blir brukt, som Rose og Pettersen hevdar, men at tilhengjarar og motstandarar i om lag same grad tek *omsyn* til den kommunale økonomien når dei tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing. I tillegg meiner Rose og Pettersen først og fremst at dette er tilfelle for vilkåra for lokaldemokratiet og tenestetilbodet, men diskuterer i mindre grad dei økonomiske konsekvensane. Parallellen mellom funna er likevel klar. At motstandarar i same grad som tilhengjarar tek omsyn til den kommunale økonomien, må tolkast slik at dei meiner at situasjonen i den kommunale økonomien ikkje vil betre seg og kanskje bli verre som følge av ei samanslåing. Diskusjonen over har vist at konflikten i den lokale debatten og usemje om kva konsekvensar ei samanslåing vil ha for den kommunale økonomien, kan vere ei viktig kausal mekanisme bak dette.

Det er vanskeleg å skape eit fullgodt, output-basert legitimitetsgrunnlag for ei samanslåing når den kommunale økonomien tilsynelatande er svært viktig for både motstandarar og tilhengjarar av samanslåing, og det tilsynelatande er usemje om kva konsekvensar ei samanslåing vil ha for den kommunale økonomien. Denne studien underbygger slik eg ser det eit argument om at ei legitim kommunesamanslåing er avhengig av ein konsensus om korleis samanslåinga vil verke inn på den kommunale økonomien, i både positiv og negativ

retning. Eit output-basert legitimeringsgrunnlag er viktig for ein samanslåingsprosess. Eit slikt legitimeringsgrunnlag er avhengig av ein konsensus av korleis ei samanslåing vil endre systemkapasiteten til kommunen. I denne casen er det vist at ein slik konsensus ikkje er på plass per i dag, og det output-baserte (økonomiske) legitimeringsgrunnlaget for samanslåing er difor svakt. Ein meir inngåande studie av dei økonomiske konsekvensane vil kunne betre legitimeringsgrunnlaget.

6. Oppsummering, konklusjonar og implikasjonar

6.1. Gjennomgang av hovudfunn

Sjølv om input og output står i sentrum for analysen, drøfta den teoretiske gjennomgangen også kor vidt andre variablar kunne vere med å forklare haldningar til kommunesamanslåing. Sjølv om alle forventningane til desse variablane var rimelege og baserte i tidlegare empirisk og teoretisk forskning, var det svært få av dei som viste seg å ha ein effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Dette var tilfelle både når input- og output-variablane var inkluderte og når dei ikkje var inkluderte. Likevel viser analysen at inntekt har ein klar effekt på haldninga til samanslåing. Om respondenten har middels høg eller høg inntekt, er det meir sannsynleg at han eller ho er positiv til samanslåing. I tillegg ser vi at veljarane til Folkelista for Hareid har ei signifikant meir negativ haldning til kommunesamanslåing enn Ap-veljarar. Høgre- og Senterparti-veljarane var nær ved å ha signifikant andre syn på kommunesamanslåing enn Ap-veljarane. Dei andre uavhengige variablane viste ingen effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Dette viste eit behov for andre forklaringsvariablar for å forstå korleis tilhengjarar og motstandarar av samanslåing skiljer seg frå kvarandre.

Eg identifiserte to hovudkjelder til politisk legitimitet basert på det teoretiske arbeidet til Easton, Scharpf, Dahl og Tufte og fleire: Input og output. I teorikapittelet vart det retta eit kritisk blick mot at delar av den tidlegare forskning på haldningar til kommunesamanslåingar har hatt eit for einsidig fokus på den eine eller den andre sida det politiske systemet. Denne studien tok mål av seg å behandle input-sida og output-sida som likeverdige faktorar i analysen. Eg forventa at motstandarar i større grad vektlegg input-sida av systemet når dei tek stilling til ei kommunesamanslåing, og at denne sida av systemet difor bør vere viktig å forstå om ein ønskjer å legitimere ei samanslåing overfor denne gruppa. På den andre sida forventa eg at tilhengjarar i større grad vektlegg output-sida av systemet når dei tek stilling til spørsmålet om kommunesamanslåing.

Delar av denne teoretiske forventninga vart stadfesta i analysen. Medan motstandarar i større grad enn motstandarar tek omsyn til input-faktorane lokaldemokratiet og den lokale identiteten, tek tilhengjarar i større grad omsyn til det kommunale tenestetilbodet. Desse funna stadfestar for det første at todelinga av det politiske systemet i ei input-side og ei output-side er fruktbart i analysen av haldningar til kommunesamanslåingar og følgjeleg i

forståinga av legitimitetsgrunnlaget for kommunesamanslåingar. For det andre stadfestar den forventninga om at motstandarar og tilhengjarar vektlegg ulike ting når dei tek stilling til spørsmålet om samanslåing.

Omsynet til den kommunale økonomien hadde ingen signifikant effekt på haldninga til kommunesamanslåing. Dette brotet med den teoretiske forventninga er interessant. For det første viste den teoretiske gjennomgangen at dei teoretiske mekanismane også tidlegare har vist seg å fungere på ein annan måte enn rammeverket til Easton, Scharpf og Dahl og Tuftes legg opp til. Det er først og fremst Rose og Pettersen som har vist dette gjennom sin teori om at motstandarar og tilhengjarar nyttar dei same underbygge motsette standpunkt. Medan denne studien finn at dette stemmer når det gjeld den kommunale økonomien, argumenterer Rose og Pettersen først og fremst for dette når det gjeld vilkåra for lokaldemokratiet. I ein meir case-spesifikk kontekst har vi sett at dei økonomiske konsekvensane av ei samanslåing er eit kontroversielt tema i Hareid og Ulstein, og at det slett ikkje er konsensus om at ei samanslåing vil føre til innsparingar. Det er ikkje urimeleg å vente seg liknande resultat i andre kommunar der det er konflikt om dei økonomiske konsekvensane av samanslåing.

Input-baserte og output-baserte legitimeringsgrunnlag for samanslåing skil seg klart frå kvarandre i denne analysen. Det er likevel viktig å påpeike at begge legitimeringsgrunnlaga er viktige for ein samanslåingsprosess og at desse to legitimeringsgrunnlaga utfyller kvarandre i den teoretiske forståinga av haldningar til kommunesamanslåing. Når det gjeld casen som er analysert her, konkluderer eg med at delar av det output-baserte legitimeringsgrunnlaget for ei samanslåing står relativt sterkt. Det er godt grunnlag i befolkninga for å legitimere ei samanslåing basert på argument om betring og oppretthalding av tenesteproduksjonen i casen. Det er derimot eit svakare legitimeringsgrunnlag for ei samanslåing når det gjeld den andre output-dimensjonen, den kommunale økonomien. Det er spor av konflikt om omsynet til den kommunale økonomien mellom tilhengjarar og motstandarar av samanslåing, og den same konflikten kan sporast tilbake til debatten om dei økonomiske konsekvensane av ei samanslåing i lokalsamfunnet og haldningane til økonomiske konsekvensar blant lokalpolitikarar og administrative leiarar i kommunane.

Eg konkluderer vidare med at det input-baserte legitimeringsgrunnlaget for ei samanslåing ikkje står særleg sterkt i denne casen. Motstandarar av samanslåing tek større omsyn til lokaldemokratiet og den lokale identiteten når dei tek stilling til spørsmålet om samanslåing

enn tilhengjarar. Så lenge desse omsyna er viktigare for motstandarane, og det er ei oppfatning om at ei samanslåing vil føre til svekka lokal identitet og svekka kvalitet på lokaldemokratiet, vil det vere ei vanskeleg å legitimere ei samanslåing overfor denne gruppa. Om eit slikt input-basert legitimeringsgrunnlag kjem på plass, gjerne gjennom ei forståing av konsekvensane ei samanslåing vil ha på lokaldemokratiet og den lokale identiteten, vil ein truleg sjå ein breiare støtte til samanslåing i befolkninga. I tillegg vil ein sjå mindre skilnader mellom tilhengjarar og motstandarar av samanslåing når det gjeld omsynet til input-faktorar som lokaldemokratiet og den lokale identiteten.

6.2. *Teoretiske og empiriske implikasjonar og vidare forskning*

Eg meiner analysen har gitt ny innsikt i korleis haldningar til kommunesamanslåingar varierer og korleis eit legitimeringsgrunnlag for samanslåingar bør forståast. Den har tatt utgangspunkt i, testa, og bygd vidare på eksisterande teori innanfor forskingsområdet. Eg meiner den teoretiske todelinga av det politiske systemet og den påfølgjande todelinga av legitimeringsgrunnlaget for samanslåingar i vesentleg større grad er tydeleggjort i denne studien enn i dei fleste andre. Input og output som teoretiske dimensjonar er også i større grad behandla som likeverdige for forståinga av haldningar kommunesamanslåingar i denne studien enn i dei fleste tidlegare studiar. Det teoretiske rammeverket som er brukt i studien, har vist seg å vere fruktbart og bør vere med å danne grunnlaget for den vidare forskinga på området.

Funna i denne studien har implikasjonar for teoribygginga innanfor forskning på haldningar til kommunesamanslåing. Eit teoretisk utgangspunkt med ei forventning om at tilhengjarar og motstandarar har ulike preferansar og at legitimeringsgrunnlaget for samanslåingar vil vere ulikt for desse gruppene kan vere fruktbart i seinare forskning på seinare forskning på området. Denne bør om mogleg forsøke å danne eit grunnlag for statistisk generalisering utover rammene for ein caseanalyse som denne. All den tid dette er prosessar som blir initierte og avgjorde lokalt, er mi klare oppfatning likevel at lokale kontekstar må takast omsyn til i analysen av haldningar til kommunesamanslåingar.

Vidare testing av det teoretiske grunnlaget i dette arbeidet bør difor etter mitt syn gjerast på ein av dei følgjande to måtane: For det første kan nye casestudiar av samanslåingsprosessar kan bidra til å nyansere og vidareutvikle det teoretiske grunnlaget. Slike studiar vil utvide

empirien i forskinga, men vil truleg ikkje gi grunnlag for statistisk generalisering. For det andre kan det gjennomførast ein fleirnivåstudie som kombinerer høvet til statistisk generalisering med høvet til å ta omsyn til lokale kontekstar. Som eg har nemnt tidlegare, vil innsamling av data til ein slik studie vere svært kostbart. Eit slikt datagrunnlag vil likevel gi svært breie moglegheiter for å forstå legitimitetsgrunnlaget til kommunesamanslåing i norske lokalsamfunn samstundes med at ein opprettheld høg ekstern validitet og høve til generalisering.

Eg har i tillegg vist at denne studien har implikasjonar for korleis vi bør forstå og jobbe med legitimiteten til kommunesamanslåing i den verkelege verda. Tilhengjarar og motstandarar av samanslåing legg ifølgje funna i denne studien vekt på ulike forhold når dei tek stilling til spørsmålet. Implikasjonen av dette er at pådrivarar for samanslåing må nærme seg skeptikarane på ein annan måte enn dei som allereie er overtydde om at ei samanslåing bør gjennomførast. Før ei samanslåing må ein ha klart for seg kva konsekvensar ei samanslåing vil ha for det som er viktig for skeptikarane. Korleis vil høve til å delta i det lokale demokratiet bli påverka av ei samanslåing, og korleis vil den lokale identiteten bli råka? Desse spørsmåla bør vere minst like viktige som konsekvensane samanslåinga vil ha på tenestetilbodet. I tillegg er det sentralt at ein går grundig gjennom kva effektar ei samanslåing vil ha på den kommunale økonomien. Mange kommunar i Norge, inkludert kommunane i denne casen, slit med skrantande økonomi, og økonomiske tap som følgje av ei samanslåing vil gå hardt utover legitimiteten til prosessen.

Etter at Samhandlingsreforma vart sett i verk, har ansvarsområdet og arbeidsoppgåvene til kommunane blitt sterkt utvida. Dette har sett i gang ein ny debatt om kor vidt vi har for små kommunar i Norge og om noko bør gjerast med det. I forkant av Stortingsvalet 2013 har fleire parti gitt signal om at dei ønskjer å gjere noko med kommunestrukturen. Dette kan skje i form av ny bruk av tvang, men det kan også skje ved ein utvida bruk av insentiv og støtte til samanslåingar. Det er i alle tilfelle ingen tvil om at debatten om framtida til kommunane blir viktig i åra som kjem. I denne debatten er det sentralt å forstå haldningar til kommunesamanslåingar og legitimeringsgrunnlaget for samanslåingar. Eg håpar denne analysen kan vere ein katalysator til ny og utvida forskning på korleis vi bør forstå folk sine haldningar til kommunesamanslåing.

8. Litteratur

- Agenda Kaupang (2012) *Mulig sammenslåing av Hareid og Ulstein kommuner*. Høvik: Agenda Kaupang AS. Rapport nr. R7381. http://www.ulstein.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/860/epdd_id/2210 [23/5/2013].
- Alwin, D. F. og J. A. Krosnick (1991) "The Reliability of Survey Attitude Measurement The Influence of Question and Respondent Attributes." *Sociological Methods & Research* 20 (1): 139–181. <http://smr.sagepub.com/content/20/1/139> [17/1/2013].
- Andersen, S. S. (1997) *Case-studier og generalisering: forskningsstrategi og design*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Aristoteles (2007 [ca. 300 f.kr.]) *Politikk*. Oslo: Vidarforlaget.
- Arnesen I. W. og M. H. Langen (2012) "Vanylven, Sande og Herøy vil ikke samarbeide om barnevern." *Nærnett.no* (5/10/2012). <http://nernet.no/?do=article&id=20521> [13/3/2012].
- Babbie, E. R. (1990) *Survey Research Methods*. Belmont, California: Wadsworth Publishing Company.
- Baldersheim, H., J. Ishtiaq og L. E. Rose (1995) *Kan fem bli til en? Folks syn på kommunale tjenester foran kommunesammenslåingen i Fredrikstadområdet*. Bergen: LOSS-senteret. Lossenteret rapport nr. 9503).
- Baldersheim H., A. Offerdal og L. E. Rose (1997) *Folks syn på kommunepolitikk og kommunale tjenester etter kommunesammenslåingen i Fredrikstadområdet*. Oslo/Bergen: Oppdragsrapport, Universitetet i Oslo/Universitetet i Bergen.
- Berge, E. (1977) "Funksjon og bruk av funksjonelle forklaringar i samfunnsvitskapane." *Tidsskrift for Samfunnsforskning* (4): 374-378. <http://www.erlingberge.no/Berge%201977.pdf> [23/5/2013].
- Biemer P. P. og L. Lyberg (2003) *Introduction to Survey Quality*. Hoboken, New Jersey: Wiley.
- Bolkesjø, T. og B. A. Brandtzæg (2005) *Den vanskelige dialogen: Om innbyggerhøring og evaluering av forsøket på kommunesammenslutning i Valdres i 2004*. Bø i Telemark: Telemarksforskning rapport nr. 224. http://www.regjeringen.no/upload/kilde/krd/red/2003/0206/ddd/pdfv/248648-sluttrapport_evaluering_valdres_mai_2005.pdf [24/1/2013].
- Brønnøysundregistrene (2013) *Reservasjon mot telefonsalg og adressert reklame*. <https://w2.brreg.no/reservasjon/> [11/4/2013].
- Bububhai, V. S. og B. G. Barnwell (2003) *Hosmer-Lemeshow goodness of fit test for Survey Data*. Paper presentert ved 2003 Joint Statistical Meetings, American Statistical Association - Section on Survey Research Methods. San Francisco, California, 3. – 7. August 2003. <http://www.amstat.org/sections/srms/Proceedings/y2003/Files/JSM2003-000744.pdf> [23/5/2013]
- Christophersen, K. A. (2009) *Databehandling og Statistisk analyse med SPSS*. Oslo: Unipub.
- Cohen, J. (1999) "Reflection on Habermas on Democracy." *Ratio Juris* 12 (4): 385-416. <http://dspace.mit.edu/bitstream/handle/1721.1/5452/Ratio-Juris-Vol12-No4.pdf> [23/5/2013].
- Cook, R. D. og S. Weisberg (1982) *Residuals og influence in regression*. New York, New York: Chapman & Hall.
- Converse, J. M. og S. Presser (1986) *Survey Questions: Handcrafting the Standardized Questionnaire*. Thousand Oaks, California: Sage.

- Converse, P. E. (2006 [1964]) "The nature of belief systems in mass publics." *Critical Review* 18 (1-3): 1-74. <http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/08913810608443650> [23/10/2012].
- Curtin R., S. Presser og E. Singer (2000) "The Effects of Response Rate Changes on the Index of Consumer Sentiment." *Public Opinion Quarterly* 64 (4): 413-428. <http://poq.oxfordjournals.org/cgi/doi/10.1086/318638> [25/9/2012].
- Curtin R., S. Presser og E. Singer (2005) "Changes in Telephone Survey Nonresponse over Past Quarter Century." *Public Opinion Quarterly* 69 (1): 87-98. <http://poq.oxfordjournals.org/cgi/doi/10.1093/poq/nfi002> [25/9/2012].
- Dagsavisen (2012) "Dagens leder: La kommunene bestå." *Dagsavisen* (8/1/2012). http://www.dagsavisen.no/nyemening/alle_mening/cat1003/subcat1010/thread250817/ [12/11/2012].
- Dahl, R. A. og E. R. Tuft (1973) *Size and Democracy*. Stanford, California: Stanford University Press.
- Easton, D. (1968) "The Theoretical Relevance of Political Socialization." *Canadian Journal of Political Science/Revue canadienne de science politique* 1 (2): 125-146. <http://www.jstor.org/stable/3231602> [1/11/2012].
- Easton, D. (1979a [1965]) *A Framework for Political Analysis*. Chicago, Illinois: University of Chicago Press.
- Easton, D. (1979b [1965]) *A Systems Analysis of Political Life*. Chicago, Illinois: University of Chicago Press.
- Eikemo, T. A., og T. H. Clausen (2007) *Kvantitativ Analyse med SPSS: En praktisk innføring i kvantitative analyseteknikker*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Eilertsen, A. G. (2012) "Rår til å slå saman Hareid og Ulstein." *Vikebladet.no* (9/1/2012). <http://www.vikebladet.no/nyhende/article414339.ece> [15/5/2012].
- Elster, J. (1977) "Statens Rolle i Marxistisk Teori." *Tidsskrift for Samfunnsforskning* (2): 97-121.
- Elster, J. (1994) "Functional Explanation: In Social Science", i Martin, M., L. C. McIntyre (red.), *Readings in the Philosophy of Social Science*: 404-414. Cambridge, Massachusetts: MIT Press.
- Flo, Y. (2003) *Det lokale og det nasjonale: Statleg politikk overfor det lokale og regionale styringsverket frå 1900 til i dag*. Oslo: Makt- og demokratiutredningen 1998-2003. Makt- og demokratiutredningens rapportserie, rapport nr. 65. <http://www.sv.uio.no/mutr/publikasjoner/rapp2003/Rapport65/> [23/5/2013].
- Frisvoll S. og R. Almås (2004) *Kommunestruktur mellom fornuft og følelser: Betydningen av tilhørighet og identitet i spørsmål om kommunesammenslåing*. Trondheim: Norsk senter for Bygdeforskning, Rapport. http://www.regjeringen.no/upload/kilde/krd/red/2003/0206/ddd/pdfv/231631-bygdeforskning_tilhorighet_og_identitet.pdf [13/11/2012].
- Garvik, O. (2012) "Kommuner kan bli tvunget til sammenslåinger" *Mandag Morgen* 19 (3/6/2012). <http://www.mandagmorgen.no/kommuner-kan-bli-tvunget-til-sammensl%C3%A5inger> [13/5/2013].
- Gedde-Dahl, S. (2012) "Vil tvinge kommuner sammen." *Aftenposten* (28/7/2012). <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Vil-tvinge-kommuner-sammen-6952542.html> [12/11/2012].
- Gerring, J. (2007) *Case Study Research: Principles and Practices*. (digital Amazon Kindle-utgåve). Cambridge, Storbritannia/New York: Cambridge University Press.
- Greene, W. H. (1997) *Econometric Analysis*. Upper Saddle River, New Jersey: Prentice Hall.
